

KRISTENLIVET

SLIK

EG MØTTE DET

Av Samson Lid

INNHALD

	side
FØREORD	2
FYRSTE HOVUDEL: UTVIKLINGA I 50- OG 60-ÅRA	3
INLEIING.....	4
Vekkinga rundt årshundreskiftet i bygdane våre	5
MITT PERSONLEGE VITNEMÅL.....	6
Sommarkulen på Valen	8
"Omvending", Tale av Ole Brandal	9
Frelst av nåde	16
VÅRTID I NORHEIMSUND MØTTE MOTSTAND	19
Brev frå Ivar Sollesnes	20
Utestengde frå bedehuset	24
Nytt misjonslag	26
Striden fortset	27
Ei vond tid	28
Sven Foldøen.....	29
Vanskeleg å forstå reaksjonane.....	28
MEMORANDUM.....	31
Krinnssekretær Vincent Færevågs si Skjærtorsdagstale	35
Generalforsamling i Stavanger.....	41
Sandvoll si programtala.....	42
Misjonsungdomslaget si årsmelding for 1961	44
Nytt angrep på sekretær Vincent Færevåg	45
LUNDENESMØTET	47
Resultata frå Lundenesmøtet.....	49
TRYGGHEIMSMØTET	51
Krinismøtet i Øystese	56
HAUGESUNDSMØTET	57
Forkynnarar seier opp i HSH.	58
Det utenkjelege hadde hendt	63
EI NY SENDETENESTA.....	66
Nye foreiningar vert skipa.....	71
Øivind Andersen sitt syn på striden	71
ANDRE HOVUDEL: UTVIKLINGA DEI SEINARE ÅR	78
UNGDOMANE VÅRE.....	79
Kristen lovsongsgruppe.....	80
Kyrkja og ungdomane	81
MISSION '87	84
Tilbakesyn på Mission '87.....	94
VESTFOLDBREVET MED BILAG	97
Etterskrift.....	110
Uforståelige grensestolper.....	114
KIRKEFORUM	116
De ukjente kristne	120
KRINSMØTET I NAMDAL	122
ETTERTANKAR.....	127
NORMALISERING	136

FØREORD

Her er framleis mange som spør, og vil koma til å spørja kva som er grunnen til striden, og kvifor me gjekk ut av Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM) og starta opp Norsk Luthersk Lekmannsmisjon (NLL).

Dette er ikkje så lett å svara på med nokre få ord. Derfor var det at eg byrja skriva ned dette slik som eg har sett det opp gjennom livet, i lyset av Guds ord.

I fyrste omgang vert det då mitt personlege vitnemål, korleis Gud møtte meg i sin kjærleik, som førte meg til omvending og eit gjenfødt liv i Gud, ved Jesus Kristus og hans forsoningsverk på Golgata. Vidare fekk eg vera med i Norheimsund, der vekkinga kom i slutten av 1957 og der motstanden vakna, fyrst frå Indremisjonen som seinare fekk følgje av Misjonssambandet.

Under den harde striden som me fekk i slutten av 50-åra var eg med i krinsstyret for Hardanger og Sunnhordland (HSH) krins av NLM og fekk såleis fyrstehands-kjennskap til korleis dette utvikla seg i åra framover. Av materiellet som eg sit inne med, saman med ein del avisartiklar frå bl. a. Dagen og Vårt Land, so meiner eg at kvar enkelt kan få høve til å sjå inn i denne striden som utan tvil er den største åndskamp NLM har vore ute i og som førte til at ein del forkynnarar måtte slutta etter ei tenestetid på opptil over 20 år, på grunn av den skuldinga dei fekk for å skapa splitting i veneflokkane.

Desse forkynnarane som då måtte slutte var det som møttest i Sannidal sommaren 1963 saman med misjonsvener frå ymse deler av landet som òg var komne i tillitskrise til hovudstyret. Desse var det som starta sendetenesta som seinare vart til Norsk Luthersk Lekmannsmisjon.

Mange meiner at stiftinga av NLL er sjølve årsaka til at så mykje vondt har hendt mellom oss. Men for min del så veit eg at Gud kjenner alle hjarto og Han veit òg kva dette skal tena til. Lat oss derfor gå fram med varsemnd og prøva og sjå korleis Gud arbeider.

I Sak. 4,6 står det: "Ikkje med makt og ikkje med kraft, men med min Ande, seier Herren, allhers Gud."

Norheimsund, våren 1996
Samson Lid

FYRSTE HOVUDDDEL

UTVIKLINGA I 50- OG 60-ÅRA

INNLEIING

Det er vanskeleg for meg å koma inn på dette utan å gjera eit lite attersyn på det som fedrane våre har gjeve oss gjennom sin truskap til Ordet i tida før oss. Og her er me stor takk skuldige til Oskar Handeland for det han har gjeve oss gjennom "Vårløysing". Desse 3 bøkene vil eg be alle misjonsvenner taka fram og lesa med omtanke. Så vil de nok få oppleve at den vonde arbeider målretta imot der me får sanne bibelske vekkingar, og han gjer alt for å setja splid mellom brør. Og dette var det vel òg som møtte oss under vekkinga som gjekk over bygdane våre i slutten av 50 åra, og førs i 60 åra. Framtida vil koma til å møta det same.

Sjå "Vårløysing" bind III side 116 -152. Her møter me lesarane i Kvammabygdane, dei åndelege fedrene våre, gjennom kamp og seier fram til livet med Gud og vår Herre Jesus Kristus, -heilt ifrå Hauge og fram til vår tid. Og det som me skal stansa litt for her er den velsigninga som Gud gav oss gjennom Brandtzæg og Framnes. Av dette går det fram at den Haugianske ånda vart ført vidare gjennom heile forrige århundre. Men mot slutten av hundreåret blei tilveksten liten i lesarflokkane, som på dei tider oftast heldt møta sine rundt i stovene på bondegardane. Men i slutten av 90-åra byrja det til å livna til så stovene blei for små, og bedehuset i Norheimsund måtte takast i bruk. Og her kan me lesa at då Brandtzæg i 1897 reiste ungdomsskulen på Framnes, så var det i full samklang med kristenfolket i bygda at han tufta skulen på kristeleg og nasjonal grunn.

Her må eg tillata meg å visa til kva den gamle surapalen på Framnes fekk sjå der han stod. Kvemmingen Vigleik Rosseland, som seinare vart lærar på Framnes i fleire år, har late denne gamle apalen fortelja det han såg og høyrde dette året:

"Den gamle apalen var rein ør av gleder. Slikt hadde han aldri sett før. Kvar fristund såg han læresveinane leika seg, og om kvelden høyrde han pianomusikk og felespel. Den eine læraren budde i eit rom tett attmed han. Og rett som det var tok denne karen fela si og spela. Dei mjuke, sterke tonane kom dirrande ut gjennom vindauga, og fylte lufta og døydde ut langt borte gjennom liene. Han som stod der oppe og strauk på fela si, var den unge læraren Halvor Fotland. Men borte i prestegarden sat norsklæraren, presten Ottesen, og retta stilar. Ein dunge stilebøker låg på bordet, og eit digert glas raudt blekk sto ved sida. Langt framover kvelden sat han der og stasa stilane til med raudt blekk. Men så vart dei òg fine då dei var ferdige.....

Ein og annan kvelden kunne apalen sjå tre mann gå arm i arm etter vegen der på Framnes og tala med einannan. Dei tala roleg, og kvelden var kanskje noko dim, men han kjende dei godt og høyrde kva dei sa. Det var dei tre lærarane: Brandtzæg, Ottesen og Fotland, som gjekk der og tala om deira alvorlege og vanskelege livsgjærning.

Medan dei gjekk såleis, kunne det henda at det kom imot dei ei høg, staut kvinna. Det var Tina Brandtzæg, kona til skulestyraren. Ho elska ungdomsskulen av heile sitt varme hjarta, og gav han sine varmaste bønner og si rikaste tru. Difor kom det frå henne ein straum av varme og kraft, som både lærarane og læresveinane frå det første skuleåret vil minnast med takk.

Ein eller to gonger i veka kom der ein eldre mann gåande opp til skulestova på Framnes. Han hadde hatt på hovudet, grått skjegg og briller. Han stansar ein gong og ser seg om. Han ser vist eitkvart som er skakt og skeivt, og slikt likar han ikkje mykje. Han elsker alt som er fint i linjer og fargar. Det er teiknelæraren, prost Christie."

Den gamle apalen såg mykje meir, men eg kan ikkje kome nærare inn på dette her. Ei velsigning av dette arbeidet trekte innover til Norheimsund, Øystese og opp i Steinsdalen.

Vekking rundt århundreskiftet i bygdene våre

Utover hausten i 1902 var det liksom det livna til i det kristelegte arbeidet inne i Norheimsund. Folket byrja søkja til bedehuset. Dette gledde dei gamle truande vennene der inne, og dei la opp til festar og stor aktivitet i julehelga. Så kom julaftan, og det rauk opp til storm, med orkan i bygene. På juledagsmorgon stilna stormen, men då spurdest det i bygda at tre mann frå Kaldestad, to brør og son til den eine, var drukna om natta då dei hadde gjort freistnad på å redde ei skuta som låg forankra ute på Sundet.

I ei av "kvammabøkene" våre, står det å lesa at der var 4 mann som gjekk ut i bergingsbåten, og berre den eine av dei unge brørne klarte og symja til lands og berga livet. To av dei omkomne fann dei att i sjøen, men den tredje vart burte for alltid.

Gjennom dette som hende der ute på Kaldestad denne julenatta, fekk folket i bygdene her eit spesielt kall frå Gud. Dei frilynde ungdomslaga avlyste alle sine tilstellingar i jula, og folket søkte til bedehuset. Mange trong hjelp i sitt forhold til Gud, og slik byrja vekkinga i Norheimsund i 1903.

Her fekk Brandtzæg og mange av hans medarbeidarar koma mange til hjelp. Denne vekkinga gjekk òg vidare til Øystese og seinare til Steinsdalen, og gjennom ho vann Brandtzæg seg mange trufaste venner som seinare vart dei leiande i arbeidet for Kinamisjonen her i bygdene fram gjennom 1920 og -30 åra. I denne tida arbeidde òg det frilynde ungdomsarbeidet seg sterkt fram i bygda vår, og her vart me unge med. Det vil ikkje seia at me ikkje gjekk i kyrkja og bedehus, men me kom likevel bort ifrå Gud og gjekk våre eigne vegar. Men Gud gav ikkje opp, "Han tala mange gonger og på mang måtar," som det står i Hebr. 1,1.

Aller hardast vart det for meg under krigen på Kvamskogen i 1940. Der eg måtte sjå fleire av mine gode vener liggja att på slagmarka. Den kvelden ropa eg til Gud om frelse, og lova at dersom Gud kunne spara meg frå dei tyske kulene så skulle eg bli hans. Men også denne gongen, som så mange gonger før, braut eg løftet og gjekk mine eigne vegar.

MITT PERSONLEGE VITNEMÅL

Skal eg her få koma med eit personleg vitnemål frå denne tida, så må eg attende til hausten 1942. Eg var då 25 år gamal, og gjekk på handelsskulen oppe på Nordfjordeid i Sogn.

Det var straks føre jul at eg blei lagt inn på sjukehuset der, men ein kveld kom tyskarane og forlangte at me sivile måtte ut, for dei hadde bruk for sjukehuset. Og eg må vedgå at humøret stod ikkje særleg høgt då eg den kvelden kom heim til ein kald hybel. Men på skrivebordet mitt låg der fleire brev heimanfrå. Alle desse breva hadde den same nyheita å fortelja: Det var brote ut vekking i Steinsdalen, og mange av mine tidlegare kameratar var komne med, som dei kalla det.

Det første som rann meg i hugen den kvelden, var at då eg no skulle heim på juleferie om nokre dagar, måtte også eg nytta den laglege tida. Bestemmelsen blei teken på nytt, og det var berre så vidt at eg ikkje sa det til skulekameratane mine då me sto på Strandkaien i Bergen og ynskte kvarandre ei god jul etter ei lang og munter natt ombord på Hurtigruta. Men motet svikta som så mange gonger før.

Heim til jul og omvending

Denne gongen var det rart å koma heim til jul. Kven eg møtte så kom samtala før eller sidan inn på vekkinga, og kven som var komne med. Talaren, Johannes Amland, frå Kinamisjonen som hadde verka der framover hausten, var no reist heim til jul. Men sundagskvelden før jul var der tillyst møte ved Halvor Fotland i Steinsdalens bedehus. Fotland var ein høgverd mann i bygda. Han overtok som styrar på Framnes etter at Brandtzæg flytta til Oslo, og denne styrarplatsen hadde han heilt fram til 1937, då Hans Sandvoll overtok. Om kvelden synte det seg at det var ikkje berre eg som hadde tenkt meg til å høyra kva Fotland hadde å bera fram, for då eg kom til bedehuset, var huset fullt, slik at min plass vart i ei trapp ute i gangen.

Men ein kveld mellom helgane kom han Samson Vik og heldt eit møte. Då tok eg ut i tide og kom inn. Det var ikkje så mykje folk på møte denne kvelden, og på ettermøte bøygde eg kne saman med alle dei andre som var på møte, Mange kom etterpå og ynskte meg velkomen i laget. Kva var det som hadde hendt? Jau, eg hadde teke min beslutning, som eg òg var tenkt å halda. Eg er i dag ikkje i tvil om at dette var den beste beslutning eg har teke i heile mitt liv. Men vegen blei meg både tung og lang før eg fekk sjå meg løyst og fri i det som Jesus gjorde i min stad der på Golgata og at alt var av nåde i Han.

Tilbake til kvardagen

Eg måtte reisa attende til skulen etter nyttår så eg fekk ikkje vera med på fleire møter i Steinsdalens bedehus. Før eg reiste kom bror min og gav meg eit nytestamente og feste eit lite gullkors til jakkeslaget mitt. Han visste nok at det ville ikkje verta så lett å møta dei gamle kameratane att. Men no hadde eg teke min beslutning, som eg var bestemt på å halda. Det fekk kosta kva det kosta ville, - eg ville no leva mitt liv som ein kristen. Men det var lenge sidan eg hadde vore i lag med Guds folk, og Bibelen var blitt framand for meg. Likevel merka eg at barnetrua var der. Gud hadde ikkje slept meg, og eg bad

inderleg til Gud at Han måtte hjelpa meg til å leva eit liv som kunne vera Han til æra, og til frelse for meg.

På turen nordover viste det seg at Gud også hadde lagt denne situasjonen til rette for meg. Eg reiste seint om kvelden med Hurtigrute frå Bergen, og tidleg morgonen etter kunne eg liggja på lugaren min og høyra på samtalene, ute på gangane, mellom elevane som var komne ombord fram over natta. Her var alle nyhende diskutert, og mellom anna var her ein som kunne fortelja nytt, at Liden var blitt gudleg medan han hadde vore heime i julehelga. Dette vart til stort lette for meg, og mange aksepterte at eg ikkje ville gå dei same vegane som tidlegare. Seinare synt det seg at der var fleire på skulen som var i same stilling som meg. Dei hadde gjeve seg over til Gud medan dei var heime på juleferie.

Som venta vart dette ei hard tid for oss. Men så ein sundagskveld kom det to jenter til meg og spurde om eg ville vera med dei på møte i elevlaget på Gymnaset. Det sa eg sjølvstilt mykje takk til, og her fann eg nye vener som forstod meg betre. Mange av desse var i same situasjon som eg. Me levde på ein bestemmelse me hadde teke med oss sjølve, utan at den Heilage Andes Ljos hadde fått openberra evangeliet for hjarto. For mitt vedkomande bad eg heile tida til Gud om hjelp til å leggja av synda og bli eit nytt menneske som kunne vera Gud til æra. Men dette synest eg lukkast lite for meg. Eg blei meir og meir fortruleg med at dette ikkje var mogeleg for meg, og som det står i songen "Lenge jeg tenkte Gud ikkje skjenkte, nåde til den som fattedes alt."

Slik gjekk vinteren, og om våren kom eg heimatt til Steinsdalen. Der hadde vekkinga stilna og flokken var ikkje lenger så stor. Men endå var her ein flokk av både unge og eldre som trufast slutta opp om dei faste bønnemøta om onsdagskveldane. I denne flokken fann også eg min plass. Eg var då trulova med Gudrun som var frå Bøhn, og far hennar, han Olav, var ein av desse vennene til Brandtzæg, som fekk tru seg frelste under vekkinga i 1903, som eg tidlegare har vore litt inne på.

Kinamisjonen i Steinsdalen

Olav Bøhn hadde gjennom alle desse åra vore ein leiar for Kinamisjonen sitt arbeid her i Steinsdalen, og i heimen hans var alle tilreisande forkynnarar velkomne, men Kinamisjonen var likevel hjartebarnet på Bøhn. Sjølv om forkynnaren som hadde stått i vekkinga fram over vinteren, no var slutta, så var møteverksemda stor. Mange av dei eldre talarane frå Kinamisjonen besøkte oss ofte, og etter møta om kveldane samlast me unge i stova på Bøhn. Der song me og samtala ofte med forkynnarane. Mange av desse forstod nok kor me budde, og freista å hjelpa oss, men diverre lukkast det så lite. Mange av talarane hadde òg vore ute på misjonsmarka, og kunne fortelja om sitt arbeid der ute. Såleis vaks både eg og mange av dei unge opp i arbeidet for Kinamisjonen. Me såg det slik at Gud kalla oss til dette arbeidet, som seinare fekk namnet Norsk Luthersk Misjonsamband. Dette arbeidet vart me glade i og deltok så langt me kunne, både i sundagsskulen og anna arbeid.

Men det var ikkje berre NLM som var verksame i Norheimsund. På Framnes, som no var i Indremisjonens eige, var no Fotland avgått ved aldersgrensa og Hans Sandvoll hadde overteke som styrar ved skulen. Han kom ofte rundt og heldt møter i bedehuset sundag føremiddag og det kom mange både unge og eldre og hørde på han. Sandvoll var ein

stortalar som kunne fengja folket, og han tok seg ofte av oss unge i talene sine. At me måtte bli flinkare til å lesa vår bibel, be meir, vitna meir for våre medvandrarar, reisa rundt og lesa for gamle og sjuke som ikkje kunne koma på møta, og likeins vitna for dei som ikkje levde med Gud.

For min del vart ei meir og meir oppteken i forretningslivet idet eg byrja byggja opp mi eiga verksemd. Eg prøvde å halda fram i sundagsskulen og tok del i anna kristeleg arbeid, men det gjekk tungt sjølv om eg freista å arbeida etter Sandvoll sine gode råd. Eg kunne ikkje forstå kvifor Gud ikkje kunne opne ein veg for meg òg, slik eg etter kvart skyna at Han hadde gjort for mange av dei som eg vandra i saman med. Slik vaks det opp ein kritikk i mitt hjarta mot Gud, samstundes som arbeidspresset i verksemda auka frå år til år.

I Norheimsund hadde det vakse fram ein fin ungdomsflokk, og det var og ein del yngre ektepar mellom desse. Dei arbeidde i regi av Indremisjonen og hadde sitt eige styre og kalla sjølve sine arbeidarar for verksemda dei dreiv i bedehuset. Både haust og vår hadde dei sine ungdomsveker, og til desse samlingane møtte folket opp. Me frå Steinsdalen gjekk òg på desse samlingane. På etterjulsvinteren i 1957 kom Henrik Røykenes til Norheimsund og heldt nokså mange møter, og Gud talte til oss på ein særskilt måte i Ordet som han fekk bæra fram for oss, Mange av oss kom i store åndelege vanskar, og bad om forbøn. Men løysinga kom ikkje medan Røykenes var i Norheimsund, og mange gjekk ut over våren og hadde det vondt. Me fekk ikkje tru at me hadde det rett med Gud, og livet vart eit stort strev.

Sommarskulen på Valen.

Sommaren 1957 skulle Misjonssambandet, tidlegare Kinamisjonen, ha sommarskule på Valen i Sunnhordland, Derfor tok me ferien på verksemda i den tida, så eg og kunne få vera med. Men det var likevel ikkje så enkelt å koma i veg, for heime hadde me mange små born så kona kunne ikkje få vera med, så det vart ingen ferie på henne. Hjø Brigte Bøhn var dei i den same situasjon, men til slutt vart det til at Brigte og eg skulle reisa, og konene vera heime som vanleg.

Forkynnarane på sommarskulen var Gudmund Hjorthaug, misjonær Ørstavik og Ole Brandal m. fleire. Desse dagane på Valen blei nokre merkelege dagar som Gud vedkjende seg. Ordet blei forkynt på ein slik måte at me blei skuldige for Gud som aldri før. For min del så fekk eg sjå inn i mitt eige hjarta på ein måte som aldri før i dei 14 åra som var gått sidan eg overgav meg til Gud der heime i Dalen. No var eg blitt ein syndar som ikkje på noko vis heldt mål for Gud. Det hadde nok mange gonger vore vanskeleg tidlegare òg, men aldri som dette. I det store og heile så rekna eg meg ikkje som noko større syndar enn alle dei andre, og eg hadde gjort alt eg kunne for å leva eit reint og redleg kristenliv. Men no ramla det alt saman for meg.

Eg hadde nok ikkje tidlegare oppdaga det som står i Rom. 7.18-19, der det står: "For eg veit i meg, det vil segja i kjøtet mitt, bur inkje godt; viljen hev eg, men gjera det gode vinn eg ikkje: for eg gjer ikkje det gode som eg vil, men det vonde som eg ikkje vil, det gjer eg."

Eg var komen til sommarskulen med det eine ynskje at Gud måtte få opna veg for meg, så eg kunne få gleda meg i frelsa som dei andre. Det var berre ein ting som låg i min tanke, at Gud måtte gjera noko i meg. Eg hadde heller ikkje oppdaga kva som står i dei første versa i Rom. 8, som lyder slik: "Så finst det då ingi fordøming for dei som er i Kristus Jesus; for lovi åt livsens Ande hev i Kristus Jesus gjort meg fri frå lovi åt syndi og dauden. For det som var umogleg for lovi, av di ho var maktlaus på grunn av kjøtet, DET GJORDE GUD, då han sende sin eigen Son i syndigt kjøts likning og for syndi skuld og fordømde syndi i kjøtet, så kravet åt lovi skulle verta fullnøgt i oss, me som ikkje ferdast etter kjøtet, men etter Anden."

Alt dette hadde eg oversett og stadig stilt krav til meg sjølv. I denne stillinga bad eg inderleg til Gud om at han måtte visa meg veg. Men alt stengde seg meir og meir til, og til slutt måtte eg erkjenne for Brigte, romkameraten min, at no såg eg det umogleg for meg å bli frelst. Eg hadde derfor bestemt meg for å gje opp det heile, og han hadde ikkje noko å leggja imot, for eg synest å ha prøvd alle utvegar. Eg hadde lyst å reisa ifrå det heile med ein gong, men eg hadde lova ein familie at dei skulle få følgja meg sørover etter at sommarskulen var ferdig og måtte derfor stansa. I denne situasjonen var eg då eg på neste møte hadde plassert meg på bakarste benk nede ved døra. Ole Brandal skulle ha denne timen,

I ettertid har det vist seg at denne timen vart oppteken på lydband, og då eg no har fått tilgang til dette, så har eg skrive det av i si heilheit, så ordrett så mogeleg, og tek det med her. Emnet for bibeltimen som Brandal heldt var "Omvending".

"Omvending" - Tale av Ole Brandal.

"Omvend meg du Herre, så blir jeg omvendt, for du er Herren min Gud", står det i Jer. 31. 18.. Omvend meg du Herre så blir jeg omvendt, for du er Herren min Gud. Då vi skulle samlast litt om dette denne stund, og tala om omvending, så må eg seia at det er ikkje alltid lett å tala om omvending. Det er ikkje lett å tala om omvending til verda, for verda dei vil leve sitt eige liv. Dei vil ha fred i sin tilstand og stilling, dei vil ha det slik som dei har det, og når du kjem og seier at dei må omvende seg så skapar det uro i leiren. Og denne uroa vil dei ikkje ha og so lukkar dei hjarta igjen og vil ikkje høyra. Når me snakkar om omvending til dei truande så er dei sjølv sagt utlærte i tinga. Du veit det mykje betre enn meg, og veit det mykje betre enn dei fleste emissærarar. Så høyrer eg at dei er utlært og seier i sitt hjarta: "ja, ja dette er no di meining, du set det på spissane." altså, tek du så mykje av denne spissen som du synest du bør gjera, og som du har rett å gjera, og på denne måten så klarar du så inderleg vel å koma deg klar alt saman

Og det skal eg seia deg, -min venn,- at djevelen er ein flink handtlangar. Han er flink å hjelpa oss når me høyrer Guds ord, til å trekkja ifrå og leggja til etter som det passar, slik at du med ditt skinn skal gå klar. Og hvis det kunne skje, så hadde han vunne. Men eg trur at om dei fleste som er her, trur at dei skal vera utlærde i omvending, og at dette er eit tilbakelagt stadium, så er her ikkje mange lærespørsmål som her er så mykje strid om som nettopp dette. Og hadde her vore klar forkynning nettopp i dette, så hadde det vore mykje betre iblant oss, og klarare linjer. Dette med omvending er ei mykje viktig sak. Det er så viktig seier Herrens ord, at du tapar Himmelen om du ikkje

omvender deg - ikkje mindre. Du misser Himmelen, for dersom me ikkje omvender oss så kjem me på ingen måte inn i Himmelens rike, og dersom me heller ikkje omvender oss så kjem me dit som han Ørstavik nemnde i stad. Der elden aldri sloknar og der ormen aldri dør, så dette litle Ordet "omvending"-, det er eit uhyre alvorleg ord.

Så er det då, kva er omvending? Og eg skulle ynskja til Gud at eg her kunne tala tydeleg og klart. Men eg trur at det er slik, at om du talte så klart som krystall, så trur eg at sume likevel ikkje ville høyra. Omvending er for det første ikkje omlegging av livet sitt. Omvending er ikkje at du før levde i verda og tente synda og djevelen. Og så seier du at dette skal det bli jamt slutt med, og så seier du at no vil du begynna å tene Herren med liv og sjel, akkurat som du går inn i Kristeleg Folkeparti. Det vil seia der same som du melder deg ut av eit av dei andre partia og går inn i KrF. Og når du er komen inn der, så gjer du ein innsats der. At dette er ein frukt av omvendinga, det kan vel vera så, men det er ikkje omvending.

Omvending det er heller ikkje noko forvandling, det er ikkje det at Gud grip inn i deg og meg og forandrar oss frå eit uhyre, til å bli smilande og blide englar. Å langt ifrå. Me song det her i stad "Sjå meg Herre i mitt hjarta inn om du der inne noko finn, som ikkje er av deg." Og då sa eg til meg sjølv, at dette er eg ikkje i tvil om, for der inne i mitt hjarta står der kø av alle dei ting som ikkje er av Han. Der er hor og der er mord, hovmod og mykje anna, og der er det. Og eg bed i sanning: "Å, Herre rykk det opp med rot." Og det skal eg seia dykk,- mine venner,- om me syng denne songen kvar einaste dag, ja minst tre gonger om dagen heile vårt liv så blir du akkurat den same, og den bønnen høyrer Gud i Himmelen ikkje, og om me bed Herren om å taka frå oss denne tornen i kjøtet, - me fekk ikkje svar.

For det som er født av kjøt er kjøt, - og du min venn,- han skildra det slik han Hjorthaug. Dette barnet som låg der hadde vondskapens styggedom i seg, og den får du behalda alle dine levedagar. Han blir ikkje det fnugg betre, det som er født av kjøt er kjøt. Men det som er det sørgjelege er at vi skal bli så heilage og forvandla. Ja, eg tenkte at hadde dei ikkje sett kristne folk på Brandal før, så skulle dei få sjå det når eg blei ein kristen. - Å du og du for ein tru på meg sjølv!

"Kva er omvending?", mine venner. Det er å vende seg til Jesus. Det er å koma til det rette forholdet til Jesus. Det er dette at Jesus blir hjertets ALFA og OMEGA. Han blir vårt alt. Og når dette blir hjarta si erfaring og ikkje berre hovudet sin teori, då blir det slik i ein syndar sitt hjarta at der blir eit nytt liv. Ikkje så at det har skjedd noko forandring at du er blitt betre. Nei, det gamle er det same og blir det same. For det som er føtt av kjøt er kjøt, kan ikkje bli Guds lov lydige seier Herrens ord. Men midt i dette ormebolet, denne uhumskheit, der stig Herren ned og tek sin bustad. Og der bur han. Og så får eg og du ei ny lyst og ei ny glede og ein ny interesse, så ein kan seia at "gleda i verda er ikkje gleda for meg". Nei, det er gleda i Herren. Det er noko nytt gitt oss av Gud, at Jesus Kristus bur ved trua i våre hjarta. Det andre er det same.

Kva er so det rette forholdet til Jesus? Eg vil då seia to, tre ting som ikkje er dei rette forhold. Det er sume som kjem i eit forhold til Jesus som eg vil kalle hjelpeforhold. Det same som, - ja her er mange menneske som ikkje har bruk for Jesus. Dei lever sitt

liv uavhengig av Jesus. Dei bryr seg ikkje om han, men dei snakkar ikkje me om no. Dei får vera der dei er. Men her er dei iblant oss, i vår forsamling, som kjem inn i eit hjelpeforhold til Jesus, og det trur dei er å ha funne fram til Jesus, Men det skal eg seia deg, - min venn, - at når det gjeld di sjelesak, då held det ikkje å ha Jesus til hjelpar. Han kan hjelpa i timelege ting, det kan han, men når det gjeld di sjelesak så duger det ikkje.

Jau, her er mange slike som har Jesus til hjelpar, og som er komne litt i skorfeste, og er byrja be til Jesus at han må hjelpa, at han må gjera det slik og slik, hjelp og hjelp og hjelp, Hjelp til å koma inn i Himmelenes rike. Men eg skal seia deg - min venn - at det er mykje ringare fatt med deg enn at du treng hjelp. Og so er her dei som kjem inn i eit kraftforhold. Dersom dei hadde kraft, så skulle det bli ein ny vandring, då skulle det bli ny kristendom, berre eg kunne få kraft. Å nei, - mine venner, - det held ikkje. Jesus er ingen hjelpar på kjøtet. Han er inga hjelp til sjølvhjelp, og han gjev heller ikkje vårt kjøtt kraft. Nei, langt ifrå. Og her er òg mange som kjem inn i eitslags forlatelsesforhold.

Ja eg veit ikkje å få noko definasjon eller overskrift på det. Her er mange som kjem i nød over seg sjølv og seier at dei har stole og at dei har loge og at dei har gjort den synda og den synda. Og so går dei og bed om tilgjeving om det og om det, og so skal Jesus gjeva dei tilgjeving for det dei har gjort. Og når han har gjort det, for det står då det at "dersom me bekjenner våre synder" - og dette har dei no gjort -, då er det Guds sak å tilgi. So når dei har gjort sitt, og Gud gjort sitt, så var dei utsletta desse prikkane, også då ved Guds nåde heitest det. So står det for Gud, då er dei frelst.

Du er nokså nær det rette, men det er feil. Det er berre det at syndenes forlatelse er lagt på kjøtet. Det er den gamle Adam som har pussa av sine flekker, og so står han for Gud og meiner det er Guds nåde og Guds tilgjeving. Å nei, det å bli frelst det er ikkje å pussa av flekkene ved Guds nåde! Kva er det då? Kva er so det rette forholdet til Jesus? Jau det rette forholdet til Jesus, mine venner, det er eit stedfortredarforhold. Det vil seia at du kjem i den situasjon at du treng ikkje berre hjelp, du treng ikkje berre kraft, og du treng ikkje berre tilgjeving for det du har gjort, men du kjem i eit slikt forhold at du treng ein i din stad. Du treng ein som går inn for Guds åsyn i plassen for deg, fordi at du er heilt ødelagt, totalt forderva og uhelbredeleg. So kjem du dit hen at du må ha ein i ditt sted, du kan ikkje møte sjølv for di du er død i synder og overtredelsar. Det er det rette forholdet til Jesus.

Å bli omvendt, er når Herren får oss i det rette forhold til Jesus. Og skal dette lukkast må Han gjera til inkjes alt det me har vore: fødde av kjøtt, håplause, ugudlege, uhelbredelege. Slik at eg og du gir opp alt håpet om oss sjølv, alt håp om framtida. Slik at du og eg ikkje har noko anna enn Jesus og han korsfesta, som vår stedfortredar. So kjem du og eg inn i det rette forhold til Jesus. Då er du omvendt.

So vil eg seia litt om korleis dette skjer at vi kjem inn i det rette forhold til Jesus. Då vil eg seia ein ting, - min venn, - at du skal sleppa å halda tak sjølv. For Herren er din gode hyrde, og det er hyrden som har gått føre og bore det heile. Men det er eit ansvar som du og eg har heilt, og det er det at Herren må få tala med oss. At me seier: "Herre tal, din tenar høyrer." Då er det Herren som gjer verket. Og høyr, - mine venner, - han er ein forunderleg Gud. Han går etter oss. Han spør etter oss for å få oss i tale. Og for å

få oss i tale so kan Herren bruka mange ting, - som krig. Han kan bruka pest. Han kan bruka dødsfall. Han brukar sorg. Ja, han kan òg stille med gode dagar. "Veit de ikkje at Guds godheit driv dykk til omvending," seier Herren. Nok er det at han i alle fall gjer det slik at han får oss i tale. At me byrjar lytta. At me byrjar interessera oss for hemmelege ting. At me byrjar finna fram boka og byrjar lesa om Jesus. Ja, les i Guds ord, og høyr Guds ord.

Og då byrjar Gud, som vi var litt inne på sist. Ja, det var ikkje berre litt, men eg var mykje inn på det. Korleis Herren let sitt ord byrja forfylgja oss, og det som Herren tala til deg, det er lovens ord. For evangeliet det er ein hemmelegheit som du og eg ikkje forstår. Men loven det ligg oss i kjøt og blod. Og derfor byrja Gud med dette å leggja oss det i kjøt og blod. Så får han oss i tale, så byrjar vi å høyra, og så byrjar vi å gjera. Så kjem den dagen i mitt og ditt liv at vi seier at no vil eg bli ein kristen, no vil eg bli frelst. No vil eg gi meg over til Gud, koste kva det koste vil. No vil eg bli frelst. Då har Gud fått meg og deg eit stykke på veg. Men du må ikkje tru det, - min venn, - at du er frelst då. For saka er den at når du og eg er komne så langt, og at Gud har verka so på oss med sitt ord at vi vil, så har vi likevel lite begrep om stedfortredaren. Fordi at når du vil, så kan du ville på tross av Guds vilje. For Guds vilje er at du skal koma i den stilling at du har bruk for stedfortredaren.

Men oftast er det slik med meg og deg at når vi vil, så vil vi sjølve bli hellige, så vil vi sjølve bli gode. Så vil vi sjølve bli skikkeleg omvende og skikkeleg gode kristne. Viljen vår står likevel imot Guds vilje for di vi ikkje ser lenger. Då er det godt at Herren ikkje forlet oss. Hadde Herren forlete oss her, så hadde det vore ute med oss. Men han prøver med sitt ord å rive ned og rykke opp, og han byrjar dirigera det slik at vi skal tape trua på oss sjølve. Og det skal eg seia, at dette er Guds vilje, og den måten Gud gjer dette på, er at me må gjera det av med oss sjølve. Han gjer det på erfaringens veg. Og eg vil gjerne få sagt at det er noko forunderleg med denne erfaringa.

Ja, her skal me tenkja på at Gud utsende ein mann. Og denne mannen set du så uhyre høgt og trudde mykje på han. So timast det deg i ditt liv å koma i forbindelse med denne mannen, og leva på nært hold med han. Og då veit eg at det ville gå slik med deg at denne mannen vilde halda sin posisjon. Du ser det, at det som du meinte om denne mannen held stikk. Eller var vel du kanskje komen i denne situasjon at du tapar all tru på denne mannen? Du ser at alt det du trudde var illusjon. Men når du kom inn på han so såg du at han var ein ynkeleg stumper, ein uredeleg, sladresjuk, ein vond mann. Slik at du seier til dine venner: "Denne mannen trur eg ikkje på for to øre." Og akkurat slik er det med Vår Herre når han vil omvenda oss. Han let oss ganske enkelt få leva saman med sitt ord, slik at me kan få læra oss sjølve å kjenna. Han tek oss til side so me kan få sjå det sjølve.

Og det skal eg seia deg, - min venn, - at då byrjar du sjå deg sjølv slik som du er. Og då vil det uvilkårleg gå den veien at du tapar trua på deg sjølv. Det går den veien at du skanse for skanse blir dreven tilbake. Du trudde før at du kunne prestera både det eine og det andre. Du kunne vera ærleg og du kunne vera ivrig for det som var godt. Og so ser du det, at nett du er uærleg. So kjem ditt hovmod og di forfengeligheit. So ser eg mi æresykje. So ser du det at du er so bunn forderva av egoisme at du kan umogeleg bli frelst. So vil du bli frelst på di eiga vis, du vil berga deg sjølv. Det er ikkje for Guds

skuld, det er for mi skuld. Eg må ikkje gå fortapt! Og så byrjar du sjå det at sjølv slik, - når du vil vera god og hellig -, so vil du vera god og hellig for di eiga skuld. Og du har ikkje noko anna valg enn å vera god og snill for å bli velsigna av Gud. Du vil bli angerfull, å, - mine venner, - når dette begynnar å gå opp for vårt hjerte: "bunnforderva". Å, kor me er fulle av vondskap og egenkjærlyghet..... Då er det du har lyst å sputte på deg sjølv, uffa meg for elendigheit, eit vondt menneske. Ve meg eg er fortapt, kven kan fri meg fra dette dødens legeme?

Og so prøver Herren. Han er så flink å setja oss fast. Og alt som du og eg prøver oss på mislukkast. Og her kan det nok vera gradforskjel. Men her er ikkje artsforskjel. Du min venn, som søker å bli ein angrande syndar, du får ingen anger, men din nød blir denne at du ikkje kan angre. Og du som søker syndserkjening, eg skal lova deg ein ting, at du synest at du aldri kommer til å få den, men du ser berre den heselege synda som bur i hjarta ditt. Og den forskrekkar deg i den grad at det ikkje ein gong rører ved deg. Du som burde gråta og du som burde øya deg over deg sjølv, du er akkurat like kald. Og du som var god, du blir vond. Du som var varm, blir kald. Du som vil vera alvårleg og taka kristendomen skikkeleg alvårleg, du skal bli grenselaus lettsindig. Og den som vil tru på Herren av heile sitt hjarta, han skal ikkje finne en trevl av tru i sitt hjarta.

Og du som ser etter ei skikkeleg omvending, du skal aldri få den. Kan henda du er her, du som vil verta omvend, du nett som dei frå Tørvikbygda. Nei,- min venn, - då skal eg lova deg ein ting, det får du ikkje til, nei aldri. Kvifor det? Jau, fordi at det er berre ein einaste ting Gud i Himmelen vil at du skal få eiga, og det er Jesus. Alt det du søker utenom Jesus, det tar Gud ifra oss. Den som søker seg frelst, kan søkje seg fortapt. Og den som vil føle seg fortapt, han får ikkje det til heller. Til slutt står eg heilt opprådd i meg sjølv, og vi veit ingen råd. Då er det en stemme i mitt hjerte som seier: "Du må skjønna at dette går ikkje, du må ta deg isammen." Og då må du seia til deg sjølv, "Ja, hvis eg bare kunne ta meg sammen og få skikk på dette, då var ikkje nøden stor, men det å ta meg isammen er det eg ikkje kan." Og so minkar håpet om betring og forbedring, dag for dag, og den siste forskansning må vel gjerne bli at om det ikkje blir i dag så må det bli i morgon. Det må vel bli ein forandring med meg òg? Men Herren han lukka igjen, for det som er født av kjøt er kjøt. Det er trist å seia at dette er å vera under lova. Men dersom du er i denne stilling så vil eg seia at du er i godt selskap. For dette er veien til saligheten, og alle dei som er gått inn denne veien vil nok koma til å sjå at det som hende er heilt nødvendig. Dersom dette skulle henda at ein blir gåande utanom vegen so gagna Kristus oss ikkje. Dersom du ikkje ser dette, og erkjenner det, så kjem du ikkje inn i stedfortredarforholdet til Jesus.

Kor lenge held Herren slik på? For Herren er ein dag som tusen år, og tusen år som ein dag. Her er ikkje spørsmål om tid. For summe kan dette gå fort, men for andre kan det gå seint. Men hovedsaken er at dette skjer. Og di før du gir opp alt håp, di betre er det. Kva håp? Jau, håpet om at du skal bli eit skikkeleg omvendt menneske. At du skal få ei tru som verkeleg er tru på at dette som du trur og håpar skal skje med deg sjølv. Det skjer aldri meir, for di at Herren er ferdig med deg og ditt kjøt. Han kan ikkje gjera noko med det, for det er ubrukeleg. Men istaden for ditt elendige kjøt so har han sett inn noko nytt. Han har sett inn ein Stedfortredar. Han har sett inn Jesus.

Han visste korleis vi var. Han viste at her var ikkje hjelp i å hjelpa oss. Han såg at dersom du og eg skulle nå himmelen, så måtte han ganske enkelt gjere det utenfor oss. Og so måtte han sjølv gå inn i vår stad og gjere det som eg og du skulle gjort. So står det i skriften "at ein lekam laga du åt meg. Han kom for å gjera Gud, din vilje." Og med denne viljen er eg helga ved Jesus Kristi lekam ein gong for alle." Han har bore fram eit einaste offer for alle. Og har soleis ein gong for alle sett seg ved Gud Faders høgre hand. For ved eit einaste offer har han alltid gjort dei fullkomne som blir helga. So har vi da brør, i Jesu blod frimodighet til å gå inn i heilagdomen. Og for Gud er det berre ein ting som gjeld, og det er Jesus, Jesus, BERRE JESUS.

Og den som kjem fram for Gud med noko anna en Jesus, han kjem fram med vederstyggeligheter, og Gud vil ikkje vita av det. Men den syndaren som Herren får føra dit hen at han seier i sitt hjerte: "Meg til frelse jeg intet vet uten deg, Guds lam. Ene i din rettferdighet skjules all min skam." Han er frelst. Han er omvendt. Han er komen i eit rett forhold til Jesus. Innser du det? "Ja, ja, det er so," seier du, "men det er hjarta mitt det er noe gale med, - hjarta mitt! Det der med Jesus, det veit eg no det, det er noko eg lærde i folkeskulen det. Men det er hjarta mitt det er gale med. Der er det slik fatt at eg ikkje får Jesus inn. So heng du fast i deg sjølv, so ventar du igjen noko av deg sjølv.

Hjorthaug sa i går at her var dei som hadde gjeve opp alt håp om seg sjølv og enno ikkje var frelst, og enno ikkje hadde fått sett Jesus. Ja eg vil ikkje diskutera saken, men eg trur at her enno er noko igjen i dei sjølvve som held igjen, fordi at du trur at du har gjeve opp alt. Det er ein ting når du trur at du har gjort alt....., Jesus, han har gjort seg rede og er til stede, og der håpet om oss sjølvve er vekke, der går han inn med ein gong. Men dette å oppgi seg sjølv og håpet om seg sjølv er ei vanskeleg sak. So ville vi i alle fall kunna føla noko, vil prøva og oppleva noko. Og so sit du der med handa på hjarta og ventar på at det skal skje noko med deg. Og så sit du der med handa på liket og ventar på at det skal skje noko med deg. Det er nok det min venn. Det er ein ting du ikkje klarar, og det er det at du er død. Og vil eg spyrja deg som sit her i dag, "Ventar du å vera død?, ventar du at ein død skal snakke?, ventar du at ein død skal gå ikring?". Nei, du ventar det at han ligg still på ei bære. For Skriften seier at både du og eg er døde i våre synder og overtredelser. Så vi har ikkje lov å venta nokon anna ting av oss sjølv enn synd. Bare synd og gudsforakt, hovmod, æresykja. "I fra hode til fot, hjertets innerste rot, kun en eneste masse av synd." Det kan vi vente og ikkje noko anna.

Ja, men korleis skal du då bli frelst? Jau, du har fått ein stedfortredar. Du har fått Jesus. "Han er din med hva han eier, med sin død og seier." Ja, men det grip meg ikkje som det skal. Nei, men det står ikkje noko om at det skal gjera det heller. Men han seier det Rosenius " at har det nå virket så kraftig hos Gud, at han helt tilfreds skulle blive, og blott for dets verdi har deg antaget til brud og himmelens skatter deg givet." Så lat det fare alt til sammen, dette med deg sjølv og din kristendom og dine kjensler, og forhåpningar, dette med Jesus, at han er lite ettertredda. Lat Jesus vera din. Han sit ved Faderens høgre hand og viser seg fram for Faderen i ditt sted. Høyr her min venn, dette er din kristendom. Det er din visdom. Det er din rettferdighet, din hellighet og din forløsning. Og eg skulle ynskja at du kunne sjå det, at du kunne gå ut på dette. Men det er no ikkje noko som du kan råda med tross alt. Det er Helligånden som her må gjera

sitt slik at me får lys i Ordet, og det skal eg seia deg, - min venn-, at når vårt hjerte fattar tillit til Jesus, at han er din stedfortreder, då skal eg seia dykk ein ting, at då blir ikkje livet lettsindigheit. Eg trur ikkje at den som får Åndens vidnesbyrd om Jesus, at han går omkring og snytt skatt. Det trur ikkje eg. Og det som er om å gjera for deg og meg som lever med Herren, er at me alltid får leva i beskuelsen av Ordet, så Jesus blir stor for hjertene våre. For evangeliet, - mine venner -, det er ingen sovepute men en Guds kraft til frelse.

Og desse som går omkring og som vi seier "dei syndar på nåden og tar friheita til leiligheit for kjøtet": Hvis dei har sett Jesus, så er Jesus i alle fall kome på avstand for dei. Det er eg sikker på. Og ingen lever lettsindig på grunn av at dei har sett Jesus, men dei lever lettsindig på grunn av at dei ikkje ser Han. Ingen lever lettsindig når dei reknar med Jesus som sin stedfortreder, men dei lever lettsindig fordi dei ikkje reknar med Han. Det er saken!

Derfor er det om å gjera at Herren får openberra seg, så ikkje dette blir teori. Det er forskjell på teori, og dette at Helligånden får gjera Ordet levande for oss. Her er så mange som tar seg tilrette i Guds ord. Dei har jo oppslagsboka her, og så ordnar dei det sjølv. Så tar dei til seg akkurat det dei vil. Ja, eg er litt redd å nemna dette her. For du som held på med dette kan lett få eit bein i halsen. Men det er slik: Det er forskjell på å ta seg til rette og når Ordet opnar seg opp.

Du som før las i denne boka at du skulle, og du skulle vera, og du skulle gjera, og du skulle ikkje gjera. Du som før fann berre loven i boka, - du begynner å finne Jesus i din Bibel. For her i desse blada fann du din stedfortreder, - Han som har levt ditt liv, som har døydd din død. Han som ikkje visste av synd, vart gjort til synd for oss. Og so har du fått ei ny bok, ein ny Bibel, der Helligånden forklarar Kristus for hjarta ditt. Så slepp du gå ut å få tak i Gud, men Helligånden avslører Han, slik at du seier: "Takk Jesus, eg veit du er min med hva du eier, med din død og seier."

Ja, slik slutta Ole Brandal talen sin den timen, utan at han visste at der sat ein nede ved døra som hadde vorte møtt med Andens openberring, gjennom det som han hadde fått nåde til å bæra fram i lydnad mot Ordet.

Frelst av nåde.

Eg som gjennom alle desse åra hadde slite ut ein Bibel med å leita etter ein veg som kunne gjera meg til eit betre menneske, og bede Gud om hjelp til dette. Og som eg synest hadde lukkast så lite, sjølv om eg hadde brukt alle mine ledige stunder i arbeidet for misjonen og Guds rike. Likevel stod spørsmålet der: "Kva skal eg gjera for å verte frelst?" Men medan eg vart sitjande og høyra på denne talen, så viste det seg at Brandal her drog fram korleis eg hadde levd mitt liv i alle dei 14 åra sidan eg overgav meg til Gud, der heime i Steinsdalen. Eg hadde levd under lova. Og Ordet seier klart at den som lever under lova er ikkje under nåden. Dette måtte eg i denne stund gjeva rett.

Med eitt var det som om det var trekt ei gardin frå mitt indre auga. Eg fekk sjå desse som låg i ørkenen, stukne av giftige ormar, utan von. Men dei som såg på koparormen vart lækte. Her møtte eg evangeliet. Her vart løysinga for meg òg. Det står omtala i 4. Mos. 21.8-9, og likeeins i Joh.3 om Nikodemus, som heller ikkje forstod dette. Men Jesus sa til han: "Ingen kan sjå Guds rike utan han vert fødd på nytt." Her låg løysinga for meg også. Det er åleine eit Guds under for kvar den som får sjå seg frelst som det står i Joh. 3.16 "For so elska Gud verdi at han gav son sin, den einborne, so kvar den som trur på han, ikkje skal verta fortapt, men hava æveleg liv." Dette hadde eg aldri fått sett inn i før på denne måten, og dette løyste ut ei glede og ein hjartefred som ikkje kan forklarast med ord!

Dette kunne eg ikkje halda for meg sjølv, men bad Færevåg, som var møteleiar, om å få seia nokre ord før møtet slutta den kvelden. Med få ord fortalde eg møtelyden at i dag hadde eg, for første gong i mitt liv, fått sett meg frelst av nåde i Jesus Kristus åleine, - i det verket Han gjorde på Golgata for syndaren. Meir klarte eg ikkje å seia, men Færevåg, min gode venn, fortsette litt og fortalde kor ofte eg hadde hatt det vondt. Etter dette takka han Gud for dagen, og for Guds godheit imot oss. So skildest me denne kvelden.

Dagen etter måtte eg stå til rette for det eg hadde sagt kvelden før. Ein eldre forkynnar kom til meg og ville vita om det verkeleg var sant det eg hadde sagt, at eg aldri hadde sett dette før? Ja, for meg var det ikkje vanskeleg å svara på det spørsmålet. For hans del ville dette vera med å stadfesta det som forkynnarane møtte rundt i kristenflokkane etter dei store vekkingane under krigen. Kva var det so desse forkynnarane møtte? Jau, dei møtte folk i alle aldrar, som for dei såg ut til å byggje heile kristenlivet sitt på ein viljesbeslutning og sitt arbeid i Guds rike. Skulle desse forkynnarane, freista å hjelpa dei ved å forkynna synd og nåde, lov og evangelium, så verka dette til irritasjon, og dei blei borte frå møtene.

Seinare under sommarskulen, vart det også mange andre som fekk sjå seg løyst og fri frå sin trælestand, og fekk sjå inn i forsoninga sitt store under. Der fekk me møta Jesus som vår forsonar, openberra ved Den Heilage Ande. Mellom dei mange som fekk sjå seg løyst og fri der på Valen, var der ein mann som i mange år hadde vore forstandar i Salem i Bergen. Han gav uttrykk for at han hadde levd som ein hyklar i 40 år, og no hadde han fått sett seg løyst og fri i Jesus aleine. Eg kjende ikkje denne mannen, men ein forkynnar som sat ved sida mi, nugga i meg og sa: "Det sværaste er at det er sant".

For oss som var med på dette var det ei uforgløyemeleg tid, full av glede og fred. Opplevinga og det som skjedde kan nok koma på avstand, men det me fekk sjå, - Jesus

som frelsar og forsonar, - det treng me å få leva i, med blikket festa på Jesus som er trua sin opphavsmann og fullendar. Dette kunne ingen taka ifrå meg, sjølv om mange freista overtyda meg om at eg hadde vore frelst før.

No oppdaga eg først kva skattar me har i dei gamle salmar og sangar som Brorson og Lina Sandell m.fl. har gjeve oss, til velsigning frå slektsledd til slektsledd. Lina Sandell syng i ein av sine sangar:

"Nei, før enn verdas grunnvoll ved skapinga var lagd, Du unte meg i Kristus barnekåret. Å, eg som gjekk så lenge av tvil og vanmod plagd Og har på tunge trældomsåket bore. No tek eg til å skjønna, med undring eg det ser: Min Herre Gud og Fader, det alt av nåde er. No vil eg meg av nåden einast rosa."

Ja, alt dette fekk gjera si gjerning i våre gjenfødde sinn. Vårt kjæraste lesestoff var Bibelen og skriftene til Rosnius, Brandtzæg, Hope, Ø. Andersen med fleire og sangar frå Sangboka. Vitnemåla blei noko heilt anna en tidlegare.

Men det var ikkje alle som forstod vintemåla våre. Dei som ikkje forstod dette, tok det opp som ein dom over seg, og splittinga i flokkane vart ein kjensgjerning. Det hadde vorte ein realitet, det som me finn i både "Vårløysing" og andre stader i saga vår, at der Guds Ånd kjem inn og skapar sann bibelsk vekking i folket, der har dei og opplevd at den vonde har sett hardt inn på å skapa strid, - strid mellom kristne brør. Og med mitt tilbakeblikk er eg ikkje i tvil om at det var dette som hende i vår generasjon, i dei harde 50- og 60-åra. Dette trur eg for visst vil koma til å henda om me også i framtida skal få oppleva sanne bibelske vekkingar i landet vårt. Lat oss derfor taka med dette, alle me som bed for folk og land!

Her i Norheimsund var det Indremisjonen og Misjonssambandet som kom hardast ut i dette. Men det har seinare synt seg, at det var ikkje berre oss det ramma. Også mange andre stader opplevde dei djuptgåande vekkingar, og dette førte til ein strid som har skapt djupe sår også mellom brør i Herren.

Oppe i Steinsdalen var det vorte ei sanning det Orheim skreiv: "Vekkinga stilna og folket det fôr, og få er her att som vil høyra Guds Ord." Den flokken som var att hadde funne sin plass, både i indre- og ytremisjonen, og hadde valt sine leiarar. I Norheimsund var vekkinga komen i Indremisjonen, som tidlegare nemnd, og dei hadde no ein stor flokk av ungdomar som arbeidde der og dei hadde sitt eige ungdomslag. Blant desse var det nokre som var komne i vanskar med kristenlivet sitt, og hausten 1957 då Ungdomslaget sitt styre var samla til møte, var det nokre som tok bladet frå munnen og sa at dei hadde det vanskeleg. Dei fekk ikkje tru at dei hadde det rett med Gud.

Styret vedtok då at dei ville spørje HSH. krins av NLM om dei kunne få Ole Brandal til å koma inn her og halda nokre møter, i von om at han kunne få hjelpa dei. Men det synte seg at han var oppteken før jul. Derimot høvde det slik at Færevåg var på gjennomreis. Han lova då at han skulle koma innom her og halda nokre møter ifrå 6. november 1957 og framover. Dette let seg ordna, og møta vart tillyste i Norheimsund Bedehus. På første møtet var det formannen som opna, og han sa beint ut ifrå talarstolen kvifor dei hadde bede Færevåg om å koma, at det var fleire innan flokken som ikkje fekk tru at dei hadde det rett med Gud.

VÅRTID I NORHEIMSUND MØTTE MOTSTAND

Alt etter det første møtet kom eit ektepar og bad om å få ei samtale med Færevåg, og dei fekk sjå seg løyst og fri i Jesus åleine. Det kom også same vitnemålet frå fleire av dei som sat i styret i Ungdomslaget. På vitnemøtet den siste kvelden, sa formannen i styret at i kveld trudde han òg at han hadde fått sett seg løyst. Dette kom som eit sjokk på dei som ikkje kjende til kva situasjon dei unge var i. Men for dei som gjekk og lenga etter å få vissa i si frelsessak, kveikte dette håp og vårtid. Mange i ungdomsflokken møttes om kveldane etter møta heime hjå formannen. Der fekk dei snakke ut om vanskane som dei bar på.

Kva var det som eigentleg heldt på å henda? Jau, me veit at i kristenflokkane som no var att etter dei store vekkingane i krigsåra, var det kome naud. Dei bad stadig om vekking, og at dette måtte byrja med dei. No kom svaret. Gud sende oss forkynnarar som såg korleis stillinga var. Desse forkynte lova slik at me vart skuldige for Gud. Dette var noko nytt for mange. Dei hadde levd på ein bestemmelse, og når Guds ords lys kom inn over hjarto, så verka dette anten til utløyising eller til kritikk og irritasjon.

Og når det no spurdest omkring i Norheimsund kva som hende i den store ungdomsflokken, så kom striden og til syne, og motstanden auka. Ein dag ringde Sandvoll til formannen i Ungdomslaget og uttala sin otte for verksemda, og truga med å klaga til høgste hald. Etter dette bad ungdomane om å få halde fram med nokre møter til, og det fekk dei lov til. Då Færevåg forlet Norheimsund denne gongen, var det 10-15 unge som hadde fått sett seg løyste og frie.

Ei veker tid seinare skulle Misjonssambandet ha ei offerveke i Norheimsund Bedehus, og ungdomane rekna då med å møte ei positiv forsamling mellom misjonsvenene. Men det dei møtte var ein kald kritikk, og om dette vart det skrive i møteboka slik: "Var det sant det som var forkynt om kvelden, så hadde gjenfødelsen ingen verdi for oss. Men Gud var oss nær og avslørte Satan sitt angrep på oss, så me atter fekk sjå oss reine og rettferdige åleine i Jesus som vår stedfortredar." Etter at dette vart kjent, livna striden til. Sandvoll gjekk ut med nye angrep. Ja, her kan ein trygt seia at mange ting kunne vore ugjort og usagt frå båe sider.

Den 1. januar 1958 hadde Indremisjonsungdomane julefest i Bedehuset, og Arne Hansen frå Bergen var festtalar. Han var ein av dei som fekk sjå seg frelst og fri under sommarskulen på Valen sommaren før. Han gjekk nokså friskt ut i opninga av tala si, og etterpå deklamerte to av jentene, under svakt tonefylgje, songen som Lina Sandell har skrive:

"Forsoninga er vunnen i Jesu Kristi blod, Til meg frå korset freden hans er floten. Kvi har eg gått og ottast? Mi sak den er då god, Den store skiljeveggen ned er broten. Ja, dagen er no kommen, og natta er forbi, Og fangehuset opna, kvar fange kan bli fri, Sjå fiendskapen er for evig ute!

Det er meg openbera at eg eig barnerett, For Gud med meg i Kristus er forsona. Og eg som har meg gremma og aldri skøna rett Kor eg i dommen skulle verta skona, Eg som

i all mi betring, mi tru og gudleg sed, Mi gjerning og min lydnad fann aldri hjartefred,
Eg er no alt i Jesus Kristus salig!

Er nådegåva gjeven, då er det ikkje eg Som henne skal med strev og møda finna. Ser
du, min Gud, i Sonen med hugnad no på meg, Så skal eg då som barn ditt rike vinna.
Og når du alt er nådig, så kjem mitt strev for seint, Eg som i trældomskavet har streva
hardt og meint At du til slutt då skulle bli meg nådig.

Ein tenar vel for dagløn, men ikkje for ein arv, For denne skal du sleppe sjølv å masa.
Er egr i deg fullkommen, eg ikkje lenger tarv Med gamal klut min nye kledning stasa.
Du einast er rettferdig, og all mi rettferd er Så sulka til av synda, som du, min Herre
ser: Di rettferd einast, Frelsar, gjer meg verdig."

Ja, det var nettopp dette som Lina Sandell her skildrar, som hadde vorte meg og dei unge
til del, og som var grunnen til den store gleda og freden som kom for dagen i vitnemåla.
Det var ingen som hadde rekna med at reaksjonene skulle verta så sterke som me
opplevde dei denne festkvelden. Talaren vart fysisk sett opp etter dørkarmen med
spørsmål om han trudde han var den einaste som kunne bedøma åndene her i huset? Ja,
det var nok eit spørsmål som sjølv talaren og politimannen Arne Hansen hadde vanskar
med å svara på.

Brev frå Ivar Sollesnes

No i seinare tid er her kome ut ei bok som Anders Eide og Alfred Hamre har skrive om "Ivar Sollesnes - Sjelevinnaren". Ivar Sollesnes var ein vel kjend forkynner som hadde reist med Guds ord for Indremisjonen og Kinamisjonsforbundet sidan 1905. Frå denne boka har eg tillete meg å taka med to brev som vart skrivne under den situasjon som Indremisjonsstyret no var komen opp i. Dei freista å finna løysing og eventuelt trøyst hjå Sollesnes, slik som det går fram av fylgjande brev som er teke med i si heilheit (side 79-83):

Norheimsund, 11. febr. 1958.
Herr Ivar Sollesnes, Stord.

Kjære bror!

Eg vil skriva nokre ord til deg og høyra om du kan gjeva litt hjelp og rettleiing om eit spørsmål, om du kan.

Som du truleg kjenner til, er det oppstått noko nytt, og dette har skapa ikkje så lite uro innan veneflokkane. Me har òg fått føling med det her inne hjå oss.

No seiest det at det er ein fraksjon innan våre folk i krinsen (H.S.H.) av av Misjonssambandet som står attom det nye. - Så kjem spørsmålet:

1. Er dette noko frå Gud og som han må bruka for å halda oss, sine barn, vakande i denne siste tid?

2. Kva meiner du om at me som står i leiinga av Guds rikes arbeid, bør stilla oss i høve til dette nye?

Dette er noko vanskelege spørsmål eg stiller dykk, men gjev svar etter som du får det av Gud. Eg set i alle høve stor pris på å få ein uttale nettopp av dykk i dette spørsmålet.

Eg kan betru at eg har vore inni stort mørkre på grunn av dette, men Gud skje lov, han er trufast. Han har ikkje forlete meg, og eg får tru meg som hans barn for Jesus skuld.

Og dette er no det største ein fattig syndar får oppleva her på denne jord.

Når du vert minna om det, så kom meg i hug inn for Guds åsyn. Eg treng i sanning mykje nåde og åndeleg visdom frå Gud til å gå fram etter hans vilje.

Så sender du meg gjerne nokre ord, eg er takksam for det.

1. Johs. brev 4. 9-10 vers.

Med broderhelsing
Olav L. Tolo

Han slepp å venta lenge på svaret. Berre tre dagar seinar førelåg svaret frå Sollesnes som lydte slik:

Stord, 14. febr. 1958.

Herr Olav L. Tolo, Norheimsund.

Takk for brev! - Du får orsaka meg, men eg er ikkje klår over fullt og heilt kva striden gjeld. Her er so mange ting i livet som kan gjeva rom for mange meiningar og synsmåtar uten at det har noko å segja for vårt gudsforhold eller vårt åndelege brorskap.

Guds ord lærer oss tvert om at det er naudsynleg med striden - for at det sanne kan koma fram og at dei åndeleg fråfaldne kan koma for ein dag.

Legg berre merke til: at i ein sann åndeleg vekkelse, kor alvårleg den grip om seg i dei gamle truande sitt liv og riv sundt eit sant liv med Gud, so den ærlege sjæl får sjå hjarta sine *løynde synder* i Guds ljøs, og då ropar me som Guds folk har ropt før oss: Eg er fortapt! Ein mann med ureine lippor og bur midt imellom ureine folk. Eg har aldri opplevt ein sann og sunn vekkelse i mitt liv utan Guds ånd først har fått ført heile mitt indre liv fram i Guds ljøs.

Då sat me ikkje att med læren om Gud, men Ve meg, segjer bibelens menn: Eg har møtt Gud, og hans rettferdsdom er ein levande dom frå Guds ord like i hjarta sitt løyndrom.

Slik lærer Guds ord som skal døma levande og døde. I dag vil dei ikkje inn i sanningsljøset frå Gud - so syndi vert levande og reiser med heile vårt liv - for at me i ånd og sanning skal trengja til Jesus Kristus og eine i han eiga det ævelege livs ljøs, og livet er i Guds Son med ei levande tru.

Det er ikkje læren om forsoningen som frelser oss, men han som bar våre synder på sin heilage lekam opp på Golgata og rydja vekk alt som me hadde forbrote oss mot Gud i hjarta - til fingerspiss. Denne læren om forsoningen lever mange - ja, mange - på, men dei lever ikkje i åndens samfund med Gud i Kristus Jesus.

Har du ikkje lese kva Jesus seier i Joh. 1,13 : Dei er ikkje fødte av blod, heller ikkje av kjøts vilje, heller ikkje av manns vilje, men av Gud.

No går eg ut frå at du kjenner meg sopass at du veit at at ikkje er bunden av religiøse former, men eg er bunden frå heile mitt indre liv til til ein personleg Frelsar - der lever i og gjennom meg i alt det eg er og gjer. Veit du kva Guds ord segjer om dette livet? På same måten som de tok imot Kristus Jesus som Herre, so ferdast i lag med han. Hadde me noko å rosa oss av då ?

Då hadde me ikkje sanning i hjarta ein gong, for me ville overgje oss til han, men når me leita etter sanninga i hjarta, fann me berre lygn og vondskap. Kva hende då? Me var fortapt, so fortapt at me ikkje kunne gripa Frelsaren, som me ut frå Guds ord - og i vår naud ville og måtte ha fatt på. Frels meg, sa Peter. Då rakk frelsararmen til å nå Peter - og berre då.

No er her omvendelse utan sunderknuselse i hjarta. Eit kjensleliv i naud og rørelse, men det er få - ytterst få - som Jesus får vera åleine om å frelsa.

For mange år sidan skulle eg leida inn eit emne om lovens og nådens plass i forkynnelsen. Johs. Brandtzæg var med på møtet. Det var styret i krinsen og arbeidarane som var der.

Eg heldt fram lovens plass uavkorta etter Guds ord, at den skal med heile si

guddommelege sanning haldast fram, so me kan få leva i ein sann syndserkjennelse heile vårt liv. Då treng me i sanning til ein levande Frelsar kvar dag i vårt liv, ikkje for å verta Guds barn, men for å vera eit Guds barn i ånd og sanning.

Ein av talarane fekk ordet og sa overlegen: "Forkynn Kristus, so treng me ikkje loven." - Då tok Brandtzæg ordet: "Forkynn Kristus", sa han, "da mener jeg at Paulus mente alt det som står i Romerbrevet." So berga Brandtzæg talen min den gongen, og det har gjeve meg ei indre ro at so skal det vera ogso i dag - om folket ikkje vil ha det so. Kvifor? Ingen vitig mann ber om tilgjeving for brot som han aldri har gjort, men når han ha forbrote seg og skuldi har vorte levande, kan ingen ærleg mann og kvinna gøyma vekk nokon ting, men alt må verta oppgjort i ånd og sanning. Mange truande legg nåden (ikkje Guds ånd) frå Guds ord på syndi utan eit sant oppgjerd med Gud i ei audmjuk ånd, og då vert det Guds ord sant : Når det lyset som er i deg er mørke, kor stort er so ikkje mørke?

Slike sjæler vert trygge i læren om "nåden som oss trøster og har Guds ord og hellig Skrift til skjul i sine lyster." Det er sår mot sår som gror i saman, ikkje læren om det. Eg veit at den fåren eg i korte drag har peika på er ei redselsfull sanning i dag millom dei truande.

Er det so nokon ærlege sjæler, der gjev sanninga rett i sitt hjarta, og vert heilt fortapte, ogso i sin kristendom, vert mange av dei frie ovanpåkristne forferda, og dei ser noko som dei er heilt framande for. Dei er reddare for å missa sin kristendom enn dei er for å missa ein levande Frelsar.

Mange er dei som i seinare år har kome til meg med dei indre vanskar som dei har balt med, for dei sto fast med sin ovanpåkristendom når dei skulle vera ærlege og sanne. "Har du det so?" har dei sagt til meg. "Me kan ikkje fortelja korleis me har det i vårt indre, for då forstår mange av dei leiande brødre oss ikkje, - og me får inga hjelp." Dagleg ned for Jesu fot, dagleg ren i Jesu blod, det er vegen.

Då klappar me ikkje på synda, men me får uforskyldt nåde ved Guds ord og ånd. "Har du teke deg ei kona?" sa ein truande til meg kort tid etter eg var gift. "Nei", sa eg, "eg har fått henne."

Mange truande gløymer at syndsforlatelsen er ei nådegåva, som ingen av oss kan taka, men *nåden* vert alltid i tid og æva - uforskyldt! Heile himmelen skal gjennomljoma av dei frelstes song for det er heilt av nåde.

Når me so får nåde frå Guds ånd til å vera fattige i ånden og sanne i vårt daglege samliv med vår Frelsar, vert Jesus stor. Alt gjev me vår Frelsar og alt får me frå han. Då vert me i sanning små og vesale i eigne augo, men rike i tillit til Jesus. No veit eg ikkje om du er hjelpen med dette svaret? Eg veit for visst at deira tall, som lever på sin kristendom utan Kristus i dag, er stort. Eg kan ikkje svara onnorleis no.

Dei klåre linjer som Færevåg har i sin forkynning, er dei *same* som har bore meg gjennom alle stormar i alle åri. Det kan eg vitna som har vore i arbeid like frå 1905 og er det endå. Men der er ein retning som vil berre, som dei segjer, ha evangeliet, og so misser dei den åndelege fattigdommen som einast gjev rom for Guds nåde i Kristus Jesus. Det er redselsfullt!

Men det mest redselsfulle er: Dei ser det ikkje. Nei, lat oss spennna sanningsbeltet fast om vårt liv, då får me nåde so me både takkar og gler oss i Gud vår Frelsar.

Eg veit at den måten eg har bore Guds ord fram på, har mange vorte forarga på - også hjå dykk. Gamle Lars Kaldestad i Øystese og eg hadde det framifrå gildt i lag, og han la Ordet fram etter same linjer, men det var ikkje etter alles smak, det fekk me merka.

Den *einstarta* forkynning der dei segjer at dei er evangelistar, har ført stor åndeleg død

og ført mange inn i mørker og tvil, eller i åndeleg ro - i ei død tru med store talemåtar. Ein kristen utan kamp mot syndi og Satan (kan det gå an)? Kan me leva med Gud utan å anfektast? Har me fått noko frå Kristus, vil nok Satan prøva å rana det frå oss, men då må me koma i hug at det står skrive: "På same måten som de mottok Kristus Jesus som Herre, so vandra med han." Då får me verkeleg nåde, heilt uforskyldt ved forløyisinga i Kristus Jesus. Då må me takka.

Om dette eg har skrive kan vera til noko hjelp og rettleiing, veit eg ikkje, men eg veit at min utløyser lever, det er nok.

Eg har ikkje greia på dette du kallar "noko nytt" i di bygd. Eitt og anna har eg nok høyrte, men det du nemner, kan eg ikkje svara på onnorleis enn eg har gjort ved å framføra dei gamle leiarane og dei gamle folks liv, tale og framferd.

Mange gonger har eg fått høyrte den kalde kritikken: Du er under lova du, eller den heimeverande sonen. No løyser dei sjæler som ikkje er bunde fast i Guds heilage krav. Det kjem ein dag etter denne òg, og då er det godt om me kunne vera sanne mot oss sjølve og imot Guds ånd og ord, so me kan halda fram alt Guds ord til ros på Dommens dag.

Lat oss ikkje riva med av tidsstraumen, kva kant den kjem frå, men halda fast på ein dagleg ny nåde i ei åndeleg fattig sjæl. Då er me rike i Gud.

Dette vart for mykje, men no må du skriva klårt om striden og kva som er galt og som er rett, og kven det er som fører an.

Hjarteleg brorshelsing

Ivar Sollesnes

Det var nok ikkje så heilt enkelt for Ivar Sollesnes å svara på dei spørsmåla han fekk her, men det var gildt å sjå kor varsam han var, og heldt seg til Ordet. Dette synest eg kunne vera verdt å leggja oss eldre truande på hjarta i dag òg.

Utestengde frå bedehuset

Men det viste seg diverre at dette brevet ikkje forandra situasjonen i Norheimsund den gongen. Ungdomane vart utestengde frå Bedehuset og måtte ha møta sine omkring i heimane. Men då det høvde slik at Færevåg kom til bygda for å ordna med årsmøtet som skulle vera i Øystese sommaren etter, stansa han i Norheimsund nokre dagar. Han fekk hjelpa fleira unge som streva med sitt gudsliv. Men bedehuset fekk dei ikkje når han var talar.

Det vart tillyst ei ungdomsveke i slutten av mars dette året, og i det høvet kom formannen i Indremisjonen til formannen i Ungdomslaget og bad om at dei trekte denne veka attende. Dette begrunna han med dei protestane som kom ifrå folket. Styret i Indremisjonen hadde derfor vedteke at denne veka skulle avlysast. Utlysinga var allereide sendt til Hardanger Bygdeblad, men det synt seg at formannen i Indremisjonen hadde avtalt med avisa at dei ikkje skulle taka lysinga inn. Styret i Ungdomsalget skreiv no den 21. mars 1958 til Indremisjonen eit brev som lydte slik:

"Som kjent er det årvisst at Ungdomslaget har ei ungdomsveke kring påsketider. Dette året var den tidsfest til 13.-20. april, og etter spursmål til formannen i Indremisjoen hev me fått lov på bedehuset til denne verksemd. I samband med dette hev me òg fått talarhjelp, og alt er såleis lagt til rette.

Den 18. d.m. kom Indremisjonsformannen til vår formann og oppmoda oss til å avlysa denne veka, grunna stoda i bygda. Denne oppmodinga er handsama i styret for ungdomslaget, som samstemmig ser det slik, at me gjerne vil få gjennomføra ungdomsveka vår også i år.

For ikkje å koma i unødige vanskar her, vil me gjerne få vita om me kan halde oss til formannen sin tidlegare lovnad om å bruke bedehuset denne veka, eller ikkje. I siste fall vil vi be om ei skriftleg grunngjeving frå styret i Indremisjonen."

Alt den 27. mars kom svaret frå Indremisjonen, og det lydte slik:

"Styret for Indremisjonen har motteke søknaden frå I.m.ungdomslaget om å få bruke bedehuset til ungdomsveka i tida 13-20 april. Ungdomslaget vil vera kjent med det kløyve som er vorte mellom ein fraksjon innan U.laget og Indremisjonen. Dette var mykje sårt for oss, og me er ottesame for utviklinga dette kan koma til å få. Det kan føra til djup og langvarig kløyve både innan Indremisjonen og Ungdomslaget, til stor skade for Guds rike mellom oss. For å unngå og utdjupe det kløyve som alt no er, er styret i Indremisjoen no av den meining at det vil vera til bate for alle partar at det til denne veka skulle verta kalla ein arbeidar frå Indremisjonen. På det vilkåret kan me vera med på å overlata bedehuset til den påtenkte ungdomsveka."

Etter dette kom ungdomane saman att og diskuterte den stoda dei var komne opp i, og etter ei bønestund vart dei samde om å senda eit nytt brev til Indremisjonen sitt styre. Den 1. april 1958 gjekk brevet, og det lydte slik:

"Me har teke imot brevet dykkar av 27. f.m. og ser at de ikkje kan gå med på at

Gudmund Hjorthaug får koma her til påemna ungdomsveke. Dette tykkjer me er sårt, men me er likevel villige til å trekkje oss.

Som indremisjonsstyret kjenner til fekk ein del av ungdomsflokken i haust sjå seg løyst og fri etter å ha hatt det vanskeleg i lenger tid. Guds heilage lov og hans frie nåde var forkynt oss. Lova gjorde sin verknad og me vart saka av Gud. Ja, me laut seia som profeten, "Det er ute med meg". I denne fortapte stillinga vår vart Guds frie nåde forkynt. Gjennom dette fekk Guds Heilage Ande syna oss at vi var fri ved det som Jesus fullførde for oss. Sume sat på møta og hørde seg frelst, andre fekk sjå inn i forsoninga i einerom og atter andre i personleg sjelsorg. Me vart fødde på ny og alt vart nytt, også Bibelen vart ny for oss.

Då dette hende trudde me at de ville gle dykk saman med oss. Men til vår store sorg merka me snart at de ikkje skjøna oss og at de la vanskar i vegen for verksemda vår. Ja, alt dagen etter at dei fyrste vitna om at dei hadde fått set seg frelst, ringde ein av styrelemene i Indremisjonen til vår formann og uttala si misnøye med det som var byrja henda og kom tildels med trugsmål. Den stilling som Indremisjonsstyret tok, og som de framleis ser ut til å stå på, har ført til eit kløyve i bygda som me alle kjenner til.

Me bed derfor Indremisjonsstyret om å få ei skriftleg grunningjeving for den måten me har vorte handsama på, som me og bad om i vårt tidlegare brev. Me meinat det må vera eit rettkome krav frå oss å vita kva Indremisjonsstyret ikkje er samd i, og kva det er i forkynninga og frelsesopplevinga vår som ikkje stemmer med Guds ord."

Noko svar på dette brevet kom aldri. Men motstanden auka så det vart vanskeleg for Ungdomslaget å få leiga bedehuset.

I samband med NLM sitt krinsmøte som var i Øystese i pinshelga 1958, lova Gudmund Hjorthaug frå Askim å koma til Norheimsund og halda nokre møter etter pinse. Ungdomane bad då om å få leige bedehuset to kveldar. Som svar på dette kunne dei få bedehuset ein kveld på det vilkåret at møtet vart opplagt og leia av Vikøy lag av Misjonssambandet.

Årsmøte i Ungdomslaget

Den 31. mai 1958 vart Ungdomslaget sitt årsmøte tillyst i bedehuset. Det møtte det fram mykje folk som ikkje hadde vore i laget på mange år. Ved val av styre, vart derfor ingen av dei som stod på val valde inn, og dei som stod att i styret trekte seg. Etter dette vart det klart for dei unge at det ikkje var plass for dei i Indremisjonen lenger. Dessutan var det forkynnningar som reiste i Misjonssambandet som hadde kome dei til hjelp då dei kom i åndelege vanskar i sitt Gudsliv.

Guds heilage lov vart forkynt på ein slik måte at det reiv vekkalt dei tidlegare hadde bygt sin kristendom på: Sin bestemmelse og vilje og ikkje minst sitt arbeid i Guds rike. Men då dette byggverket av eiga rettferd ramla, stod vegen open for evangeliet: Ordet om Guds kjærleik i Kristus Jesus, Ordet om han som kom for å setje det som var bunde i friheit.

Ved trua på Ordet fekk dei unge sjå seg løyste og frie frå trældomsånda som hadde bunde

dei. Dei vart fødde på ny ved Guds Ord og Ande. Men det såg ut som leiarane i Indremisjonen ikkje forstod dei. Dei kunne leiga bedehuset på det vilkår at dei brukte deira forkynnarar, men dette var eit krav som dei unge ikkje kunne vera med på.

Nytt misjonslag

Sandvoll, som var den store leiaren i Indremisjonen, gjekk som før nenmt hardt ut under vekkinga litt tidlegare. Han kalla det som hende for "sludder og tøys". Dette var sårt og skuffande og gjekk som ventande var innpå dei unge. Men den 9. juni same året samla ungdomane seg i heimen til Sverre Bøhn i Norheimsund. Amund Lid tala den kvelden, og der vart dei samde om å skipa eit nytt misjonslag. Laget vart kalla "Unge Misjonslag" som gjekk direkte inn under HSH krins av NLM i Haugesund. Følgjande brev vart sendt den 10 juni i 1958:

"I går var me samla nokre truande ungdomar som vart samde om å gå i gang med eit misjonslag for Misjonssambandet. Laget skal kallast "Unge Misjonslag". Arne Otto Skutlaberg vart vald til formann og Solveig Hårstad til kasserar. I fall de har lover for slike lag så vil vi gjerne fått tilsendt eit eksemplar.

Så er det vårt ynskje og bøn til Gud at laget må få verta til velsigning for arbeidet både heime og ute, og for oss som er med i laget."

I Norheimsund hadde ikkje NLM stått så sterkt etter at misjonsskulen flytta, og Indremisjonen overtok Framnes. Det var då naturleg at dei fekk sterke røter inne i sentrum, for der var bedehuset i Indremisjonen si eiga, og alt låg vel til rette for deira arbeidet.

Mellom Misjonssambandet sine folk i Norheimsund var det mange eldre som fekk sjå seg frelste og frie under vekkinga som gjekk over bygda her i hundreårsskiftet, og som Brandtzæg og hans medhjelparar fekk vera reiskap til.

Desse pløgde djupt, og dei som fekk sjå seg løyste heldt i alle desse åra oppe arbeidet for NLM med offerveker. Forkynnarane som reiste var både frå Hovudstyret og frå HSH krins, som hadde sitt krinskontor i Haugesund. Men det var vel kanskje alt for sant det som gamle Svein Wilhelmsen sa ein gong: "Me har heile tida gått her som nokre skabbete får". Men likevel var det få som tvilte på kvar dei hadde han Svein.

Men no var det gått ein heil generasjon sidan Brandtzæg sto i vekking i Norheimsund i 1903. Nye og yngre leiarar var no komne inn og hadde overteke leiinga av Vikøy lag av Misjonssambandet. Desse folka hadde eit godt samarbeid med Indremisjonen og Sandvoll.

Som me tidlegare har høyrte kom ein heil del av dei unge innan Indremisjonen i åndelege vanskar og fekk hjelp av forkynnarar som reiste for Misjonssambandet. Men desse forkynnarane vart ikkje tolde av Indremisjonen og det førte til at dei unge danna eit nytt "Unge Misjonslag" og melde seg inn i HSH krins av NLM

Med dette trudde dei at alle vanskane skulle vera rydda av vegen når dei kunne stå saman med Vikøy lag av Misjonssambandet. Men her skulle det visa seg at situasjonen blei verre

enn tidligare. Lokallaget i Norheimsund viste her den same forakt for ungdommane som Indremisjonen tidlegare hadde gjort.

I Steinsdalen hadde dei òg eit misjonslag for Misjonssambandet. Der var interessa stor for den nye ungdomsheimen som Misjonssambandet hadde under bygging på Lundeneset i Ølensvåg. Der var Åsta og Nils Valland styrarfolk, og me kjende oss velkomne og heime når me kom dit.

Der smelta me i Steinsdalen saman med dei unge frå Norheimsund. For oss var det ikkje vanskeleg å forstå og samarbeida med dei. Me hadde sjølv møtt Jesus i Ordet på same måte som dei. Soleis vart me ofte saman med dei på møta i Norheimsund. Møta blei helst haldne omkring i heimane for bedehuset var for det meste stengt for oss. Men me hadde gode samvær. Forkynnarane frå HSH var flinke til å besøkje oss, og misjonsinteressa var stor mellom oss.

Striden fortset

Det nye samarbeidet førte likevel ikkje til at kampens tid var forbi. For no byrja fleire av lokallaga omkring i HSH Krins å vise si misnøye med forkynnarane i krinsen og likeeins mange av dei som reiste for hovudstyret i Misjonssambandet. Dei vart skulda for å skilja veneflokkane i to. Nokre lag gjekk så langt at dei ikkje ville ha noko med krinsleiinga å gjera og sende misjonspengane rett til hovudkassa. Dette hende ikkje berre i Norheimsund, men fleire stadar rundt i krinsen. Klagemåla gjekk stadig inn til hovudstyret i Misjonssambandet, og i våre augo såg det ut som dette vart vel motteke på sentralt hald. Dette kjem eg attende til seinare.

Året 1959 viste snart at problema og bølgiene som hadde reist seg etter vekkingane i 1957, ikkje hadde lagt seg i NLM Den 12. januar 1959 kalla hovudstyret i NLM inn til eit møte i Oslo. Dei som var innkalla var ein del av arbeidarane i HSH Krins, og mellom andre var òg Hans Sandvoll kalla inn til møtet.

Møtet vart halde for lukka dørar, og me veit soleis ikkje kva som føregjekk der, men arbeidet i HSH fortsette som tidlegare. Unges Misjonslag vende seg no på ny til Indremisjonen i Norheimsund med søknad om å få leige bedehuset, men der var svaret greit: Det vedtaket som styret tidlegare hadde teke, sto ved lag, og etter dette kunne bedehuset ikkje på noko vilkår leigast ut til Unges Misjonslag.

Laget fortsette likevel arbeidet sitt omkring i heimane. På slike møter kunne det vera opp til 25-30 personar. Det kunne by på problem i ei lita stove. Men det var viktig å få hjelpa kvarandre og få dela Ordet og sakramenta. Dei faste møtene hadde me annakvar veke. Av og til fekk me besøk av misjonærar og andre som reiste i NLM Ved slike høve hende det at me fekk leiga gymnasikksalen i Norheimsund skule som ligg like ved Bedehuset. Men folk utanom Unges Misjonslag møtte ikkje fram på møtene.

Ei vond tid

Me som kom opp i dette fekk ei vond tid. Det var ikkje lenger plass for oss i den misjonen der me hadde funne vår plass og vårt kall.

I slike situasjonar er det ikkje lett å sitje i hovudleiinga. For det er sant som mange skulda oss for, at flokken vart delt. Dette er ei sanning som er vanskeleg å koma forbi når Guds Ande byrjar arbeida i ein flokk som lever på sin bestemmelse og ikkje har sitt liv i Jesus. Dette var nok ei frukt av den forkynninga som rådde grunnen under den store vekkinga tidleg i førtiåra og som Misjonsambandet sine forkynnarar sto midt oppi.

På den andre sida var nok mykje uviseleg sagt og gjort frå baa sider i kampens hete som var med å forsterka desse spenningane rundt i flokkane. Under slike tilhøve var det heller ikkje lett å arbeide i veneflokkane omkring i bedehusa. Den store flokken etter vekkinga i 40-åra var no borte, og som oftast sat det att berre nokre få trufaste sjeler. Desse møttest til faste bønemøter der dei la folket fram for Gud. Gud høyrde bønene og etter 14 år (1943 - 57) kom svaret her i Norheimsund. Gud openberra seg i veneflokkane. Folket som hadde stande i ymse arbeid for indre og ytre misjon stod fram og erkjente si stilling både for Gud og menneske.

Gjennom dette fekk Gud, ved sitt ord, løysa den enkelte av oss så me fekk sjå inn i det store under å verta gjenfødd. Dette var det som løyste ut dei frimodige vitnemåla. I våre hjarto levde den same trongen som då Hans Nilsen Hauge song:

"Jesus, din søte forening å smake Lenges og trenges mitt hjerte og sinn. Riv meg fra alt det meg holder tilbake, Dra meg i deg, min begynnelse, inn! Vis meg med klarhet min avmakt og møye, Vis meg fordervelsens avgrunn i meg, At seg naturen til døden kan bøye, Ånden alene må leve deg."

Vanskeleg å forstå reaksjonane

Ja, det vart ofte reagert på songane som var skrivne av Brorson, Sandell og mange andre som har gått same vegen og funne all si trøyst i Kristus og hans forsoning. Dei unge likte å syngje om sin Frelsar og ante vel lite at dette verka irritasjon. Dei vitna som det står i sangen:

"Det er liv i å se på det Golgata kors, Ja, just nu er det liv og for deg. Å synder, så kom da til ham og bli frelst, Se på ham som tok straffen på seg!"

Også songar og vintemål som dette kunne vekke reaksjonar, vitnemål som hadde eit klart bibelsk innhald, som gjekk på dei sentrale trussanningane og som var adresserte direkte til tilhøyraren.

Det var vanskeleg å forstå at reaksjonane skulle bli slik. Men det som var enno vanskelegare å forstå var at mange av leiarane i NLM kunne ta den stoda dei tok utan å sjå desse realitetane, nemleg at sjeler fekk sjå inn i evangeliet. Under dei mange møta som vart haldne mellom forkynnarane og hovudleiinga, var det svært vanskeleg å kome inn på realitetane som er nemde tidlegare.

Det gjekk mykje på å få våre feil og skavankar, som det sikkert var nok av, fram i lyset og

føra oss fram til erkjenning. Men dette løyste aldri saka, om det kunne vera aldri så naudsynt. Ordet må forkynnast både som lov og evangelium, som synd og nåde for å gjere si gjerning i hjarto. Å tvinga med kjøtleig makt, fører ikkje fram. Det er berre Ordet som ved Den heilage Andes openberring kan opna vegen til vårt innerste hjarterom, slik at me får møta vår Frelsar og Forsonar.

Sven Foldøen

Ser me attende på Kinamisjonen si soge, så var vegen trong også der. Dette har heller ikkje Josef Tunglund lagt skjul på i boka han har skrive om Sven Foldøen. Eg vil beda deg som står i kampen om å lesa denne boka. Der får du sjå inn i Herrens vegar, og kven Herren får bruka i sitt arbeid. For min del er eg ikkje i tvil om at Sven Foldøen var eit utvalgt redskap som Gud hadde valt seg ut til å gjera si gjerning. Korleis var so hans forkynnelse til folket? Her vil eg tillata meg å visa til Tunglund si skildring, teke ut av boka hans på side 108:

"I talen sin til uomvende menneske var han direkte og pågåande. Han gjekk til åtak på konkrete synder, nemnde dei på namn og refsa dei som dreiv med slikt i strenge ord. Ofte tok han fatt i løgn og sladder, uærleg framfær og fusk. Kanske er det desse synder han nemner oftast. Materialisme og jordvendt sinn, lyst til pengar og jordisk gods talte han også mykje om. Han skildra korleis pengane batt menneske og stengde vegen til himmelen. Ei anna synd som han ofte talte om var æresjuke og maktsjuke, trang til å bli stor i samfunnet og bli sett opp til av menneske. Ofte tok han fatt i folk sin trong til å koma med i politikken, koma inn i styre og råd, få stillingar og viktige posisjonar, - han talte konkret og refsa ureine motiv.

Han var heller ikkje redd å tala konkret om helvete, evig pine og liding. Under vekkinga på Fiskå sat Per på galleriet eine kvelden, hovudet støtte han i handi og pipa hang i munnen. Den kvelden var Sven hard og kvass då han tala til dei uomvende. Han fortalde korleis dei ugudlege skulle tyggja tungene sine i helvete i evig pine. "Å,du stora rygdå", sa Per så høgt at alle i bedehuset hørde det. Han var heilt overgjeven og grepen av det han hørde. Livsens alvår blei lagt sterkt innover menneska. Heller ikkje var han redd for å nytte forteljingar om det. Livet kunne vera slutt i ein fart. Jernbana tok eit par og gjorde ende på livet deira, trafikken i Illinois tok ei jente, - straks var dei inne i eva. Livstråden kappa i ein augneblink. Slik tale var ikkje folk van med å høyra, og det greip dei slik som det greip Per.

Eit anna særtrekk ved Foldøen si forkynning var hans sterke angrep på lovtrældom og sjølvrettferd. Det var ikkje lite av det i Ryfylke i den tida. I ei vekkingsfattig tid hadde tidlegare evangelisk kristendom skrumpa inn. Dei eldre sat att med former og vaner. Kristendom var å gå i kyrkja og samlingane, gå til alters og leva eit fromt og fint liv, angra synda rett, sukka og syrgje over gudløyse og elende i verda og ta livet alvorleg. Dette var dei folka Sven såg i synet på Dakota-prærien, dei som meinte dei var på himmelvegen, men som gjekk korset forbi". (Sitatslutt)

Ja her er ikkje vanskeleg å finna parallellar mellom det som hende i århundreskifte og det som hende no i midten av vårt hundreår, som me har opplevd og som har skapt så mykje vonbrot mellom dei truande og dei forkynnarane som stilte seg villige til å gå ut med det kallet dei fekk av Gud, gjennom Ordet.

Dette med vanskar i kristenlivet generelt, er ikkje noko nytt under sola. Nei, det ser ut som Gud brukar dette i sin skule for å bøye våre harde, ubotferdige hjarte slik at me blir hjelpelaust avhengige av han. I dag er me så sjølvhjulpne og får alt til å sviva. Høyr Ordet frå Sakarias 3: "Ikkje med makt og ikkje med kraft". Han oppdreg sine med kors og trengsel for sitt namn skuld.

Då Herren møtte Paulus utanfor Damaskus, seier han, som det står i Ap.gj. 9.16. "eg vil sjølv syna han kor mykje han lyt lida for mitt namn skuld." Likeeins må ein vel også tenkje om vår eigen Hans Nielsen Hauge. Han var tru mot kallet, men løna han fekk var 10 års fengsel utan lov og dom. Likevel fekk Gud bruke han, og sjølv om helsa var nedbroten, så gjekk Ordet og ånda vidare. Dette viser korleis Gud aldri forlet sine som, i truskap til Ordet, gjekk ut på hans kall. "Nei, Gud forlet aldri sine," sa Færevåg så ofte når Ordet møtte han.

MEMORANDUM

For oss som hadde fått vårt kall og arbeid innan NLM var me nok mange gonger i naud for korleis dette skulle enda. Derfor var me ein del misjonsvenner som tok dette opp som eit "Memorandum" som vart sendt hovudstyret så tidleg som 1. mai 1959. Dette er i si heilheit teke med her:

MEMORANDUM

Til Hovudstyret i Norsk Luthersk Misjonssamband.

Kjære medarbeidarar!

Me som har skriva under dette skrivet, nokre arbeidarar, styrelemer og misjonsvenner i HSH krins, har grunn til å tru at saka om striden i krinsen her kjem opp for det vyrde hovudstyret med det fyrste.

Og om ein hadde det sammøte med Hovudstyret i Oslo 12. jan. i år, og krinsstyremøte med Hovudstyret sine utsendingar, T. Vågen og A. Akselsen på Lundeneset i mars i år no, så meiner me at saka er langt frå klårlagd for Hovudstyret frå vår sida, og derfor ottast me at det vyrde Hovudstyret kan koma til å gjera vedtak på feil grunnlag og såleis ikkje koma til å tena sanninga. Dette er grunnen til at me sender dette skrivet der me nedanfor vil gjera greia for og dokumentera det me meiner er realitetane i saka:

Etter det intrykket me har frå ovannemnde to sammøte med Hovudstyret, ser det ut som ein skal få saka til å gjelda at det er nokre einskildpersonar som lagar ufred og uro, og med ymse uheldige uttalelsar og episodar, og at saka derfor må løysast med å få burt desse einskildpersonar og tilbakekalla ymse uttalsar etc.

Dette er etter vår meining heilt feil, utan at me dermed orsakar eller burtforklarar mistak og slikt som er gjort frå baa sider. Saka gjeld ein prinsipiell motsetnad i lære og forkynning.

Me meiner nemleg at mykje forkynning i dag er slik som òg Øivind Andersen sa på Hovudstyremøtet 12. jan. i år, at ho "fører ikke til hjertets omvendelse". Derfor må læresynet koma tilbake til det roseniansk-lutherske. Sume av våre motstandarar seier rett nok at dei er ikkje usamde i lære, men både teori og praksis viser at det er ikkje sant, noko som dokumentasjonen nedanfor skulle syna.

A. Vitnemål og aktstykke vedkomande skulding om falsk lære:

1. 1949, ved årsmøte i Åkra sa K. Knudsen som svar på spørsmål frå krinsformannen at dei ikkje ville ha nokon av krinsarbeidarane hos seg (med eit par unntak).
2. 1951.15.2. Skriv frå krinsformann Brigte Madsen, til sekretær Færevåg med spørsmål vedkomande den loviske forkynning han hadde fått ord på seg for å føra. 25.2.-5: Svar på same frå Færevåg.

3. 1952. Under og etter arbeidarmøte i Dimmelsvik kom same skuldinga fram.
4. 1952. Styremøte kring nyttår der Gunnar Hetland i samband med spørsmålet om fellesforeining for Haugesund kjem med same grunngeving at forkynninga til Færevåg er lovisk osb.
5. 1953.14.11. Brev frå G. Hetland til Færevåg der han tek fram skuldinga om lovisk forkynning.
6. Årsmøtet i Koparvik, - kjent for å vera "hardt". Men diskusjonen galdt ein freistnad på å koma vår forkynning til livs.
7. 1955. Styremøte nyttårsbel der Hetland tek oppatt skuldinga om lovisk forkynning.
8. 1955. Årsmøtet i Jondal, også kjent for å vera "hardt". Men striden kom fram der då me offentleg vart skulda for lovisk forkynning.
9. 1957.4.8. Brev frå Gunnar Hetland til Olav A. Dahl med skulding mot Amund Lid for lovisk forkynning o.a.
10. 1958. Brev frå Gunnar Hetland til Olav A. Dahl der det same blir halde oppe.
11. 1958. Oppseingsbrev frå nokre av våre emissærar, grunngeve med at vår lære er feil
12. 1959.21.4. Brev frå Knut Rettedal med det same.
13. 1959. Brev frå Gunnar Hetland til Nils O. Valland der han åtvare mot å bruka Ole Brandal på bibelkurset.
14. 1959. Brev frå forein. i Norheimsund der dei krev å få greia på synet. Formuleringa av desse skuldingane har vorte noko ulike etter kvart: - loviske, - for evangeliske, - ei ny, falsk og dømande ånd, - dårlege frukter o.a.

Skuldingane mot oss om falsk lære står altso ved lag som dokumentasjonen ovanfor syner.

B. Om motstandarane våre kan det dokumenterast at framgangsmåten deira må karakteriserast som uredeleg og ulovleg. Jfr. framgangsmåten i Norheimsund då dei lenge i denne striden ikkje kalla inn styret, og i Haugesund inkallingsbrev og fremgangsmåten ved rådleggingsmøtet vedkomande utmelding av krinsen.

C. Ei anna skulding er at sekretæren, Færevåg, ikkje kan administrera, at arbeidet i krinsen minkar og at det ikkje er råd å samarbeida med han. Til dette er å seia: Inntektene i krinsen i 1947, då Færevåg vart tilsett som sekretær, var kr. 133 000,-. I 1957 var dei kr. 266 000,-, altso ein oppgang på 100 %. (Begge tala avrunda til heile tusen.)

Dei fleste krinsane våre har i same tidsrom mindre framgang prosentvis i inntekter. Talet på foreiningar har i Færevåg si sekretærtid auka. I denne tida har Lundeneset leirstad vorte bygd. Denne har alt vunne mange nye venner for vår misjon.

Siste året (1958) hadde me to sommarskular i krinsen, begge overfylte. (Til samanlikning hadde Bergen krins ingen sommarskule). Me hadde mange leirar frå fullteikna til god. Dette skulle syna at arbeidet står i allefall ikkje tilbake for det i andre krinsar.

M.o.t. sekretærens samarbeidsevne så er vitnemåla om godt samarbeid visseleg fleire en motsett. Her kan nemnast at fleire foreiningar på Sør-Vest-Karmøy, t.d. Åkra, brukar å gå utanom krinssekretæren når dei fekk arbeidarar. Alle desse skuldingane er altså grunnlause.

D. Konklusjon: Avgjerdsla av og stillinga i krinsen må derfor etter vår meining takast på dette grunnlaget, og berre på dette: Fører me falsk eller rett lære?

1. I fall Hovudstyret vil - kan - slå fast at læra er falsk, så er striden løyst. Alle me med dette læresynet kan og vil då ikkje stå lenger.

2. Men er læra rett, vert spørsmålet for oss: Vil Hovudstyret byggja arbeidet vidare her i krinsen på dei som har rett lære og bøyer seg for lovene og styreordninga i Misjonssambandet, eller vil Hovudstyret byggja på dei som ikkje toler denne læra og ikkje bøyer seg for styreordninga i Misjonssambandet. I dette tilfelle kjem me opp i samvitsvanskar med å halda fram i Misjonssambandet som forkynnarar og i ymse styres.

HSH krins 1. mai 1959.

Gotfred Nygård - Ola Rolfsnes - Anders Eide - Amund Lid - Ole Brandal - Samson Lid - Olav A. Dahl - Arnt Joh. Pettersen.

På vårt "memorandum" fekk me aldri noko svar, som førte til noko løysing. Og det er sårt å tenkja på at eit ansvarleg hovudstyre i NLM kunne gå fram på ein slik måte som dei her gjorde. Alle desse skuldingane om falsk, lovisk og dømmande forkynning, dårlege ledarevnar m. m. var skriftleg dokumentert og våre folk var villige til å taka dette opp med hovudstyret, men dei ville ikkje - - -. For meg såg det ut som om hovudstyret følte seg på tynn is, dei våga ikkje å stå for det som allereie var gjort.

Men i alle desse åra gjekk arbeidet vidare i krinsen. Leirstaden på Lundeneset vart utbygd og sommarskulane vart lagde dertil. Dette vart ein god samlingsstad både for ungdom og eldre, og sommarskulane våre var alltid fullteikna.

Motstandarane møtte lite opp på samværa våre, bortsett frå årsmøta i krinsen vår. Og dei var ofte harde, som det òg går fram av vårt "memorandum". Dei som arbeidde imot vårt syn, møtte då opp for å få inn sine representantar i styre og leiing. Men dette lukkast lite for dei, for i gunnen var dei ikkje så mange. Men motstanden var hard og kom som regel frå nokre av leiarane rundt i fellesforeiningane eller frå lokallaga. Dei hadde òg eit par

forkynnarar med seg, og i krinsstyret hadde me ein representant som fylgde dei. Men i hovudstyret såg det ut som dei hadde fleirtalet med seg. Og dette var sikkert deira store styrke.

For oss som stod i krinsleiinga skapte dette store vanskar på krinsen sine årsmøter. Me såg det som vårt kall å stå i arbeidet, og kunne ikkje trekkja oss unna for motstanden sin del. Gud måtte i så fall løysa oss frå arbeidet, eit arbeid som me hadde fått sett så rike frukter av. Mange hadde gjennom denne forkynninga av Ordet, fått sett seg løyste og frie i evangeliet om Jesus og hans soningsverk.

Når Vincent Færevåg verka her inne i Norheimsund, kom motstanden i første omgang frå Sandvoll og Indremisjonen. Færevåg sin forkynnelse vart til dom for sume, og til utløyning for mange som lenge hadde gått og streva med sin kristendom. Me fekk sjå oss frie i blodets og forsoningas store under, - alt av berre nåde.

Sandvoll og Indremisjonen

Og dette var det nok Sandvoll ikkje kunne vera med på då han under arbeidarmøte i Indremisjonen "drog til felts mot den ensidige forkynnelsen om blodet og forsoninga."

Den 16. des.-59 sto fylgjande å lesa i avisa Dagen:

Den kristne forsamling er en profetisk instans

Det er Indremisjonens oppgave å holde denne forsamling oppe, sier skolestyrer Hans Sandvoll. I forbindelse med Vestlandske Indremisjonsforbunds arbeidarmøte ble det i går kveld holdt et feslig samvær på Bibelskolen i Bergen. Til stede var arbeiderne og en del venner av Forbundet, i alt over 100 personer.

Kveldens høydepunkt var skolestyrer Hans Sandvolls mektige tale om forkynneren og hans forhold til Guds ord, til Guds ånd og Guds forsamling. Sandvoll undrestreker særlig forsamlingens funksjon som profetisk instans, der nådegavene er å finne. Hvis forsamlingen ikke fungerer som profetisk instans, da er menigheten sovnet. Men dette er Indremisjonens og Indremisjonsarbeiderens kall: Å være profeter personlig og å holde oppe den profetiske forsamling. På denne egenart må Indremisjonen besinne seg. Taleren drog også til felts mot den ensidige sirkling i forkynnelsen om blodet og forsoningen. Blodet og forsoningen er det grunnleggende, det må vi aldri glemme. Men det gjenfødte menneske må føres videre på veien, derfor må det kunnskap og undervising til, slik at 'det nye menneske' kan formes i Guds fasong, sa Hans Sandvoll.

På festen var der også korte taler av sekretær Mikael Landro, skolestyrer Aamland ved Sørlandets kristelige Ungdomsskole, redaktør F. Wiig Sjursen og predikant Sandve. (sitatslutt)

Det er vel rimeleg å tru at det i denne korte reportasjen kjem fram noko av Sandvoll sitt syn og hjartespåk. Men kva som ligg i hans profetiske tankar, er ikkje så lett å tolka. Derimot er det klårare når han "drog til felts mot den ensidige sirkling i forkynnelsen om blodet og forsoninga." For her drog han sannsynlegvis til felts mot vekkelsen i Norheimsund der dei unge som i lenger tid hadde streva under lova, fekk sjå seg løyste og frie under forkynnelsen av Jesu blod og forsoning åleine.

Det kan nok undra nokon kvar om ikkje ein og annan i ein slik forsamling hadde eit lite spørsmål til den profetiske tale, men etter det som går fram av referatet, så var det stille. Sandvoll hadde sine egne meiningar og det var nok ikkje mange som hadde mot til å ganga imot han.

Eg minnest enno eit møte heime der Sandvoll talte og gjekk hardt ut. Då var der ein eldre mann nede i salen som reis opp og gjekk midt fram på golvet og stilte seg rett imot talarstolen og sa. "Dette siste tykte eg ikkje kom ifrå Gud". Deretter snudde han seg og gjekk med taktfaste skritt ut. Sandvoll freista no å stansa han, men det nytta lite, og Sandvoll fortsette som om ingen ting hadde hendt.

Det var ikkje lett å møte Sandvoll for dei som ikkje var samde med han. Og som tidlegare nemndt så gjekk han til angrep på dei som fekk tru seg frelst å fri under vekkinga i Norheimsund i 1957. I denne tida hadde han ein sterk dominans over dei lokale styra for Indremisjonen og Misjonssambandet i Norheimsund.

Litt seinare vil me òg møte Sandvoll, - under eit møte som han kalla inn til, der han heldt si programtala og la fram sitt syn på misjonane.

Krinssekretær Vincent Færevåg si Skjærtorsdagstale

Det var Vincent Færevåg som kom til Norheimsund med ei forkynning som i ettertid synte seg å vere til stor velsignelse for mange. Men samtidig løyste denne forkynninga ut den største åndskamp innan organisasjonane våre i dette hundreåret. Og så står spørsmålet der: Kvar er sanninga å finna? Svaret på dette må nok den enkelte av oss arbeida seg fram til gjennom det Ordet Gud har gjeve til den enkelte av oss. Her er det ikkje spørsmål om me er einige med den eller hin. "Kom til meg, alle de som slit og har tungt å bera! hjå meg skal de få kvila dykk ut. Tak mitt åk på dykk, og lær av meg! for eg er mild og mjuk i hjarta; so skal de finna kvild for sjelene dykkar. For mitt åk er godt og mi byrd er lett," seier Jesus i Mat. 11,28-30.

Her er nok ikkje så mange i dag som kjenner til Færevåg sin forkynnelse, og eg har derfor skrive av ei tala som han heldt i Tørvikbygd ein skjærtorsdag på denne tida som her er omtala. Talen var oppteken på lydband og er her gjengjeven så rett det let seg gjera. Teksta er frå Johs. 18.15-27.

Denne skjærtorsdagsbodskapen som me her las saman, - han skjer i slutten av åndskampen som Gud og Sonen kjempa seg imellom om sjelene våre. I denne kampen er det mange trekk som går oss imøte. Og når eg har sete og sett på denne teksten, så har eg synest at dei var så verdfulle fordi dei er fellestrekk for kampen om sjelene til alle tider. Og det skal me veta, at når me samlast her, så føregår det ein kamp om sjelene. Dette er ikkje alltid me oppmerksome på, men det hender ikkje ein gong at me er samla utan at kampen er der, om sjelene våre.

Åndskampen må ha menneskesjelene våre som mål for kampen og slagmark. altså den må føregå her i vårt innerste indre menneske og ha det mål å eiga enten Satan eller Gud. Men skal dette lukkast må kampen utkjempast i ei sjel som bur i ein lekam. Dette har talt til meg denne påska. altså, det kan ikkje foregå utan sjæla er i lekamen, det må føregå medan sjæla er i lekamen her på jord. Etter at dei er flytta ut av lekamen er den

evige lagnad bestemt.

For ikkje å koma på viddene, ville eg no at me skulle sjå åndskampen på Skjærtorsdag i tre personar som me ser klårast i skjærtorsdags-teksten, og som me har lese om i dette ordet frå Johs. 18. Det er Jesus, Peter og Judas. Fyrst vil eg då stansa litegrand med Jesus Kristus og hans kamp. Skal me kunna forstå den kampen som Jesus kjempa til siger, so må me sjå det ut frå det faktum at han var det einaste menneske på jord som Gud hadde tilgang til. Kunne me få tak i det så ville dette byrja opna seg for oss. Jesus vandra ilag med sine, men alle dei andre hadde Satan herredøme over.

Jesus var den einaste som etter syndefallet budde i ein lekam på jord som Gud hadde tilgang til. Det står i Rom. 3.10. "Det finst ingen rettferdig, ikkje ein einaste; det finst ikkje den som er vitug, det finst ingen som søker Gud. Alle er dei avvikne, dei er duglause vortne alle ihop; det finst ikkje nokon som gjer godt, det finst ikkje ein einaste ein." Og Jesus sa til nokon: "De hev djevelen til far," - eit grusomt ord, og "De vil helst gjera det far dykkar hev hug til. Han var ein manndrøpar frå fyrste tid, og hev ikkje sitt støde i sanningi, for det finst ikkje sanning i han. Når han talar lygn, talar han av sitt eige; for han er ein ljugar og far åt lygni." Og so står det: "Men meg trur de ikkje, av di eg talar det som sant er." Er ikkje det forferdeleg? Tala Jesus sanning og dei trur han ikkje fordi han talar sant. Trur de at dette var berre ein gong? Nei, slik er me av naturen. Men dermed står det klart, at i oss er Gud utanom. For det andre var Jesus det einaste menneske i slekta som Satan ikkje hadde herredøme over. For det var ikkje synd i han.

Du verden du, - tenk om dette kunne byrja stiga fram for oss i dag. Det var eit menneske på jord, Jesus Kristus Guds son som vart fødd som eit menneske og som Satan ikkje hadde noko herredøme over. Han sa ein dag: "I meg eig han ingen ting." Dermed hadde Gud eit menneske som han kunne føra kampen mot Satan i, - om sjelene våre. Han hadde ein lekam - der sjela budde - som han kunne nå. I Hebr. 10. står der at det er umogeleg at blodet av bukkar kan ta burt synda. Derfor seier han då han stig inn i verda: Offer og gåva ville du ikkje ha, men ein lekam laga du åt meg; brennoffer og syndoffer hadde du ikkje hug på. Då sa eg: sjå eg kjem, - i bokrullen er skrive om meg - og vil gjera, Gud din vilje." Og så ser me eit menneske som gjekk under dei same kår som oss, men utan synd. Han bur i ein lekam som eig denne vilje: Å gjera, Gud din vilje.

So ser me at den eigentlege kampen skjer skjærtorsdag og langfredag. Det var i Jesus sjel. Det var i Jesu ånd. Der var slagmarka når alt dette måtte gå vidare. Satan hadde godt grep på slekta. Dei var bundne til hans sinn. Han betrakta dei og han spelte på dei. Han førte dei. Han brukte dei som han ville. Det kunne vel henda at dei sleit i lenkjene. Det kunne vel vera at det var vanskeleg å gjera det alltid. Men han hadde makta. Det har han i dag òg over mennesker. Han har makta. Og her er mange menneske som gjer ting som dei lir under, men likevel må gjera det. Eg hugsar når eg gjekk burte frå Gud, - eg banna og svivyrde meg for eg banna, men likevel gjorde eg det.

Og skulle Gud kunna ta *deg* til nåde so måtte Hans krav til slekta oppfyllast av slekta. Og kva var kravet? Jau. dei måtte sona si synd med døden. For den som syndar, han

skal dø. Og dei døyde. For skulle Gud ha noko med menneskja å gjera, so måtte Han oppfylla dei krav til slekta som gjorde at dei levde fullkoment etter Guds vilje i sine liv. So visste Satan at mennesket kunne nok dø for sine synder. Det visste Gud om, og det skal evigheitens morgon visa: Og her er nok menneskesjeler som må dø for sine synder. Men Satan og Gud visste at dei hadde ikkje den rettferdigheit, - dei hadde ikkje den rettferdige gjerning å stå opp igjen på ifrå dei døde. Det vil seia at kunne Satan få halda dei der, so hadde han skilt dei frå Gud for evig når dei døde i syndene sine.

Her møter me denne eine som synda og Satan ikkje har makta over. Eg har sett på han i dag i Bibelen min. Eg takkar Gud for at det var ein som var rein. Det var ein som var hellig. Det var ein som var rettferdig. Det var Gudssonen og Menneskesonen. Han hadde gitt han ein lekam som Gud kunne leggja si forbanning på, ei sjel som kunne smaka seg forleten av Gud, utan at Satan kunne halda han fast for evig. Eg veit at eg kan ikkje forklara det, - eg veit at eg talar sant. Han hadde ein lekam som Gud la synda på. For det står at han bar våre synder opp på krossen og vann ei evig utløyising. For Satan hadde ikkje makt over hans sjel, - for ho var rein.

Det står i 1.Pet. 2: "han som ikkje gjorde synd, og det fanst heller ikkje svik i hans munn." Å, eg synest det er så fint å lesa dette med dykk her. Det har grepe meg i dag. "Han som ikkje skjelte att når han vart utskjelt, ikkje truga når han leid, men gav det yver til han som dømer rettferdigt; han som bar syndene våre på lekamen sin opp på treet." Det står også i Mark. 15: "I den niande timen ropa Jesus med høg røyst: Min Gud, min Gud kvi hev du forlate meg?" Og han måtte bæra syndene våre opp på forbannelsens tre under vreden. Og så smakar hans sjel forbannelsens gru, forlaten av den levande Gud.

So var han forlaten av alle. Eg skal ikkje stansa meir her, men for meg er det veldig talande. Læresveinane forlét han, folkehopen hadde forlate han, Dei som ropa "hosianna", ropa no "krossfest!" og hadde no forlate han. So trødde han pressekaret åleine under vreiden. I denne eine sjela møtte so Gud Satan og vann, og derfor kunne han forlika seg med denne slekta på rettferdig grunn. "Bøtt er brøden, død er døden, død er døden som syndends sold." So reiste han ned til helheimen. So sto han oppatt tredje dagen. Helvete kunne ikkje halda på han, for han var rettferdig. Og so greip han livet att. Det skal me tala om 1. påskedag.

Så står det så fint i 2. Kor. 5.: "Men alt dette er av Gud" Høyrer du det? Alt dette er av Gud, som forlikte oss med seg sjølv ved Kristus og og gav oss forliks-tenesta, for di Gud i Kristus forlikte verdi med seg sjølv, so han ikkje tilreknar dei misgjerningane deira og hev lagt forliks-ordet ned i oss." Og kan me få lov å dela dette med kvarandre før me går vidare? - at den seieren over synda som du og eg må ha for å stå rettferdige for Gud, som blei tilveiebrakt imellom oss og Guds dyre ord, - den er din.

Kvifor jublar du? Fordi denne åndskampen er vår idag, - den som skærtorsdagsbodskapen talar om. Den er skildra for oss i Peter og Judas sin skærtorsdags-kamp. Det talar for det fyrste eller det siste. Eg nemner utgangen på deira kamp, - den eine vart frelst den andre gjekk fortapt. Me som dei, kjem ikkje forbi denne kamp for sjelene. Til tross for Jesu seier, so må dei ha sin eigen åndskamp. Det

må me òg. Og det gjev utslag på denne kampen til kvar si sida. Den eine enda i himmelen, den andre i helvete.

Og me må gå som ein av dei i vår skjærtorsdagskamp i dag. Er dette alvår for deg? Eller er det slik som ein mann sa etter eit møte eg hadde hatt? Han sa: "Eg har heile tida vore spent på korleis du ville ta teksten." Det var det han var spent på, og så gjekk budskapet forbi. Det er mange som sit og høyrer med mange slags instilling og mange slags band, og så går Ordet dei forbi.

Forstår du at det gjeld deg? Då vil det nok koma eit spørsmål, i alle fall kom det til meg: Kva var det då ved dei at dei skilde lag? Veit du det? Då vil eg svara at det var ikkje det dei var i seg sjølve, for dei var so like. Dette er ein ærleg geometri, - at det kan bety frelse eller fortaping for oss menneske. Der er noko i oss, og so legg me noko av Guds frelsa til oss som er feil. For faktum er at det einaste ved oss som betingar noko, det er fortapelsen. Det einaste du kan oppnå er å fortjena helvete, - ikkje det beste, men det verste.

Lat oss sjå litt på dette, kor like dei var. Dei hadde begge fått eit kall frå Gud, frå Jesus: "Følg meg." Og dei hadde ikkje gjort slik som dei mange andre, at dei forkasta kallet. Nei dei hadde teke det til seg. Dei hadde brote opp og fylgt Jesus. Er ikkje det sant? Dei sat begge ved nattverdbordet. Dei fekk begge ta imot brødet og vinen. Den eine havna i himmelen, den andre i helvete. Og høyr, - begge hadde dei andre sin tillit. Då byrja det bli nærgåande for meg. Dei sat der og då sa Jesus: Ein av dykk kjem til å svika meg. Då byrja dei bli ille ved og såg på kvarandre: "Det er då vel ikkje meg?" Og endå til Judas sa: "Det er då vel ikke meg?"

So like var dei. Begge fekk Satan bruka. Det var ikkje lenge sidan Jesus hadde sagt til Peter: "Gakk utor augo mine, Satan!", og det står om Judas, "då for Satan i han", - høyrde du det? So like var dei. Begge sveik Jesus. Peter med banning. Judas med svik. Den eine enda i himmelen, den andre i helvete. Begge fekk dei sjå si synd, og begge angra det, og begge bekjente det. Den eine enda i himmelen, den andre i helvete. Kva so? Går det ikkje an å lita på at ein er omvendt, har teke imot kallet og fylgt Jesus? Nei, det visar Judas og Peters Skjærtorsdagskamp. Lit du på det?

So er det ikkje avgjerande om ein syndar, sviktar og svik Jesus. Nei, det lærer me utifrå det me her har sett. Høyr! - det er ingen som har svike Jesus slik at han ikkje kan enda i himmelen. Men det er mange som har svike Jesus og enda i helvete.

So er det altso ikkje avgjerande om ein kjem til syndserkjennelse, og bekjenner sine synder. Nei, det ser me klart her. Og eg tenkte med medynk, og eg tenkte med varme på alle dei som har sin grunn i si frelse, i at dei har bekjent sine synder, og so seier at når eg har bekjent mine synder, so er han trufast og rettferdig so han forlét oss syndene og reinsar oss frå all urettferdigheit. Jau, men står det ikkje det då? Jau, til kristne menneske. Du, har du ditt grunnlag for din frelse, i at du har bekjent? Det går an å ta feil her. Er du redd? Så er det ikkje gagn i nød, gråt og fortvilelse. Nei det er mange som har gråte seg inn i evig natt, sjølv om det er mange som med sin gråt har funne Jesus. Ser du kor likt? Altso står me inne for det som er så likt, og med så veldig forskjellige resultat: Den eine vart frelst, den andre ikkje.

Men, seier du kanskje, det står noko att, som skil desse to karane. Ja, og for det som står att, er det dei skiljest. Og her er det me skiljest idag. Kva er so det? Det er deira hjarteinstilling til Jesus. Det er vår hjarteinstilling til Jesus som døde på Golgata kors som avgjer vår stilling om me havnar i himmelen eller i helvete. Ikkje noko anna.

Peter synda nok til at han var skuldig til å gå inn i evig fortapning. Men Gud fekk frelsa han. Og veit du kva han brukte? Ein hane. "Då gol hanen," står det, og Peter kom i hug det Jesus hadde sagt. Og so gjekk han ut og gret sårt. Du, - eg vil spørja deg like inn i sjæla så langt eg kan nå deg: Er du vakt ved Guds Ord? og: Er du vakt?

Eg spør ikkje om du har lyst å vera ein kristen. Eg spør ikkje om du har lengt i di sjel. Eg spør ikkje om du trur det er godt å vera ein kristen. Eg spør deg innfor Gud: Har Gud fått vekt deg ved sitt ord? Er du vekt til erkjennelse for dine synder mot Gud? Utan det vert du ikkje frelst.

Det er ikkje erkjennelsen som avgjer om du er ein kristen. Men det er erkjennelsen som er skapt av Gud. Ja, men seier du, var det ikkje det Judas òg gjorde? Judas si synd var ikkje større, men hans syndserkjennelse drog han ikkje til Jesus, men bort frå Jesus. Går det an? Det gjekk no med Judas. Veit du kor han gjekk med si syndserkjenning? Jau, han gjekk til Jesus sine fiendar og sa at det var uskyldig blod han hadde svike, og kva svar fekk han? "Det har me ingen ting med," var svaret. Korleis gjekk det? Han gjekk bort og hengde seg opp og tok sitt eige liv.

Høyr! Kvar einaste som har høyrpt påskeevangeliet om JESUS og går fortapt; veit dei kva dei gjer? Dei tek sitt eige liv ved å halda seg borte frå Jesus. Var det deg? Høyr, "Det er den audmjuke som får nåde," står det i min bibel. Kven er då den audmjuke? Dette synest eg er den beste definasjon eg har høyrpt, av kva det er å vera audmjuk: Det er å vera villig til å vera den ein er. Var det slik det var? Peter var villig der ute i mørkret når han gret over si synd. Han var villig til å vera ein stakkar. Han hadde banna sin frelsar. Og so fekk han nåde, - og so fekk han del i den seier som Jesus vann i sin Getsemanekamp, og i sin Golgataseier.

Det avgjerande er om eg og du er villige å vera den me er. Då skal eg få lova deg nåde, og skal få lova deg seier for himmelen i Herren Jesu Kristi namn. Men høyr, dersom ikkje Gud får føra deg, so kan du fara med den syndserkjennelsen korleis du vil, det finst inga hjelp. Kvifor? Fordi du frykta. Fordi du går feil plass. So kan du gråta deg til døde og slita deg ihel. Kvifor er det slik? Jau ganske enkelt fordi at det er den som er vorten syndar, og verkeleg vorten ydmyka som ein syndar for Gud, det er den som vender seg til Jesus. Og kva seier Han? Han seier i si seiersrike stilling, - der han har vunne din seier: "Syndene dine er deg forlatne."

Korleis er di hjartestilling i kveld? Det avgjer din veg. Det avgjer di stilling til det evige livet. Det avgjer di vandring vidare gjennom påskehelga og vidare framover om du får leva. Det avgjer himmel eller helvete for deg. (Sitatslutt)

Ja med desse tankevekkjande orda slutta Færevåg si skjærtorsdagastale.

Påskemorgon fekk ikkje me vera med, men ein ting er sikkert at hans hjarta brann for å bera fram ein bodskap som viste Jesus sin fullkomne seier over syndaren sin nød. Dette fekk han ikkje alltid så mykje takk for. Mange tolde han ikkje, men han fekk òg koma mange lidande sjeler til hjelp ved å leia dei til Jesus.

Gjennom dette Ordet som Færevåg møtte oss med ovanfor, fekk me og møta noko av dei menneska som sto Jesus aller nærast her i livet. Han som kjenner den enkelte sitt hjarta, han sa det til dei på førehand, korleis det kom til å gå dei. Men likevel, Satan førde dei alle til fall, og her kjenner me oss att nokon kvar av oss.

Her er det spørsmål om Ordet får virke rett i vår erkjennelse slik at me og går til Jesus med vår synd, eller om me flyr til menneske, - til autoriten, slik som Judas gjorde. Dei kunne ikkje hjelpa. "Dette vert di eiga sak," var svaret han fekk.

Attende til vår situasjon

Men skal me attende til vår situasjon. På det memorandum som me sende til hovudleidinga, fekk me ikkje mykje reaksjonar. Men me var klar over at det storma på toppane. Men det viste seg at dette med forkynninga ville ikkje hovudleiinga i Oslo vera med på å taka opp til drøfting, sjølv om kritikken stod nokså klar over mange av forkynnarane våre slik det ofte kom fram på våre krinsårsmøter. Det går fram at under årsmøtet på Åkra i 1949 nekta lokalleiinga der å taka imot krinsen sine arbeidarar, med unnatak av 2 forkynnarar, som i 1958 melde seg ut av krinsen med den begrunning at læra var feil.

Det går òg fram, at alt i 1959 kom det brev frå Knut Rettedal om at læra vår var feil. Knut Rettedal og Hans Sandvoll var svograr. Det er rimeleg å tru at at Rettedal fekk informasjon om vår læra gjennom denne slektskapen.

Generalforsamling i Stavanger

Sommaren 1961 var me samla til generalforsamlingi NLM Her fekk me òg merka at det storma på toppane, sjølv om det ikkje kom opp som særskild sak. Eg hadde fått min buplass ytst på Randaberg, så det blei langt å køyra. Men ein dag møtte eg Færevåg og han kunne fortelja at han budde heilt åleine, midt i byen, hjå eit eldre ektepar. Dei andre gjestene som skulle bu hjå dei kom ikkje, og no kunne eg få flytta dit om eg ville. Dette tok eg med takk imot. Men han gjorde meg merksam på at han truleg kom seint heim den kvelden for han var kalla inn til møte med Tormod Vågen og Arne Askildsen frå hovudstyret.

Då eg kom til den nye buplassan min om kvelden, møtte eg der to kjære misjonsvenner. Men det tok lang tid utover kvelden før Færevåg kom heim. Og då han kom møtte me han som ein synleg nedbroten mann. Han gjekk inn på badet, men kom ikkje ut att. Eg måtte gå og sjå kva som hadde hendt han, og der fann eg han i hulkegråt. Det som hende under møtet med desse to frå hovudstyret, var at dei ville pressa han til å seia opp si stilling som sekretær i HSH krins, og no var presset så hardt at han makta det ikkje lenger. Men samstundes hadde han gjeve Gud løfte om at han var villig til å stå i kallet som han var overtydd om at Gud hadde gjeve han.

Dette vart ein merkeleg kveld saman med dei to vertsfolka. Dei var gode misjonsvenner som kjende til og forsto situasjonen me var komne oppi. Me sukka saman til Gud om at Han måtte gjeva oss eit svar på dette, og i vår store fortvilelse slo eg opp Bibelen der me kunne lesa i Paulus sitt 2. brev til Korintane det 4. kapittel, få vers 1:

"Difor, då me hev denne tenesta, etter som me hev fenge miskunn, so misser me ikkje modet, men me hev avsagt alle skamlege løynvegar og gjeng ikkje fram med svikråd eller forfalskar Guds ord, men ved å kunngjera sanningi steller me oss fram for alle manns samvit for Guds åsyn. Er då enn vårt evangelium dult, so er det dult mellom dei som vert fortapte; for denne verdens gud hev blinda hugen åt dei vantruande, so ljuset frå evangeliet um Kristi herlegdom, han som er Guds bilete, ikkje skal skina for dei.

For me forkynner ikkje oss sjølve, me forkynner Kristus Jesus som Herre, men oss som dykkar tenarar for Jesus skuld. For Gud som sa at ljøs skulde skina fram or myrkret, han er den som òg let det skina i våre hjarto, so kunnskapen um Guds herlegdom i Jesu Kristi åsyn skulde lysa fram for oss. Men me hev denne skatten i leirkjærald, so den rike krafti skal vera av Gud og ikkje av oss, med di me stødt er i trengsla, men ikkje i stengsla, tvilande, men ikkje mistvilande, forfylgde, men ikkje oppgjevne, nedslegne, men ikkje tynte - alltid berande Jesu daude med oss i lekamen, so òg Jesu liv må verta openberra i vår lekam. For endå medan me lever, vert me allstødt yvergjevne til dauden for Jesu skuld, so òg Jesu liv må verte openberra i vårt døyelge kjøt.

Soleis er då dauden verksam i oss, men livet i dykk. Men etter di me hev den same Ande ved trui - etter det som stend skrive: Eg trudde, difor tala eg - so trur me òg, difor talar me òg, for me veit at han som vekte upp Herren Jesus, skal òg vekkja oss upp med Jesus og stella oss fram saman med dykk. For det hender alt for dykkar skuld, so nåden kann nå til so mange fleire og verka rikleg takk til Guds æra.

Difor misser me ikkje modet, men um og vårt ytre menneske gjeng til grunns, so vert då det indre uppnya dag etter dag. For vår trengsla, som er kortvarande og lett, verkar for oss ei æveleg nøgd av herlegdom i yvermål på yvermål, med di me ikkje fester oss ved det synlege, men ved det usynlege; for det synlege er timeleg men det usynlege er æveleg."

Ja her treng me vel ikkje tvila på svaret frå Gud, han hadde heller ikkje svikta oss denne gongen. Her minna Han oss om den tenesta me hadde fått, "Etter som me hev fenge miskunn, so misser me ikkje modet", og var det ikkje nett det me var om å gjera ? Jau, me såg på all motstanden som var opplagt imot oss, og med alle dei skuldingane imot oss, at me gjekk fram med svikråder og eit forfalska Guda ord, som gjekk klart fram av det "memorandum" me sende hovudstyret, og som dei ikkje vilde vera med å taka fram i lyset. Me synest å ha lagt av alle skammelege løyndvegar, og at forkynnarane våre bar fram Ordet om lov og evangelium, som og hadde bore gode frukter i krinsen vår. No var det vorte klart for oss at hovudstyret gjorde kva dei kunne for å få desse forkynnarane og sekretæren bort. Dette var ikkje lett å møte, men i Ordet som me les står det: " For det hender alt for dykkar skuld, so nåden kan nå til så mange fleire og verke rikleg takk til Guds æra. Difor misser me ikkje modet, men og om vårt ytre menneske gjeng til grunns, so vert då det indre uppatnya kvar dag "

Ja, "Gud er alltid god," sa Færevåg så ofte. Det fekk me verkeleg oppleve denne kvelden som enda med at me av hjarta kunne takka vår Himmelske Far for hans godheit imot oss og for at me kunne få kvila i hans verk og det Ordet han hadde gitt oss.

Sandvoll si programtale

Hans Sandvoll var fortsatt aktiv. Ut på hausten 1961 kalla Indremisjonen i Norheimsund inn til samrådsmøte. Dette møtet vart halde 16.-17. september. Der la Hans Sandvoll fram sitt syn, og programmet for Indremisjonen. Referat frå tala til Sandvoll fylgjer her slik som den er referert i møteboka til Unges Misjonslag:

"Indremisjonen har bevart og halde den haugianske lina framover til i dag. Indremisjonen si oppgåve er å føre vidare den haugianske, pietistiske lina. Indremisjonen er sett til å ta seg av samfunnet. Satan går "rønn" på indremisjonen for å splitta samfunnet. (Denne motstanden kjem frå ytre misjonen.) Indremisjonen har ei radikal, pietistisk line, men me har dei ytterleggående, radikale pietistar, som går så langt at både me og folket steilar.

Me har bevis for at misjonsorganisasjonane har byrja driva verksemd i organisasjonsånd, så dei seier til ungdomen at dei ikkje må gå på andre sine møter eller reisa på deira leirar. Desse vil til å driva verksemd for å kapra til sin misjon. Dei vil driva i misjonens namn, men det vert kjøteleg misjonsiver, berre meg og mitt og min organisasjon. Dette endar i kjøt, og til sist i åndeleg død.

Dette er at Satan går "rønn" på Indremisjonen og samfunnet. Me kjem då opp i den situasjonen at misjonane vil ha kvar sine lag, t.eks. i yngreslagsarbeidet som me har tala saman om her i dag. Me får då eit lag for Santalmisjonen, eit for Misjonsselskapet, eit for Indremisjonen og eit for Misjonssambandet. Det er fire yngreslag, og samfunnet

er splitta. Skal me kanskje få fire sundagsskular òg?

Satan kjem i misjonsklær for å splitta samfunnet, og her må me vera på vakt alle, så dette ikkje lukkast for han. Indremisjonen er mora, der alt arbeid har sitt utspring. Det er uttala av misjonsorganisasjonane at me har ikkje bruk for Indremisjonen, bort med han. Ein del av prestane har same synet, men dei vil ha ei onnor løysing."

Når organisasjonane får store offer, må me be Gud om kraft til å takka for at det går godt."

Dette var Sandvoll sitt syn på vårt og misjonens sitt arbeid, og eg skal ikkje kommentera så mykje hans syn her. Som det går fram av referatet ovanfor, så går han sterkt i rette med misjonane for deira arbeid, og den konkurranse dei fører om ungdommane.

Her kan eg ikkje anna en å visa til det eg tidlegare har vore inne på, om ungdomsflokken i Norheimsund Ungdomsarbeidet stod heilt og holdent under Indremisjonen si leing. Det var ein stor og fin ungdomsflokk, men kva hende? Jau, ein stor del av dei kom i sjelenød, dei fekk ikkje tru seg frelste. I denne situasjon var det at dei fekk hjelp av talarar som reiste i Misjonssambandet. Etter mitt syn ein Andens vekkelse som Sandvoll, med hjelp frå leiande menn i Misjonssambandet, gjorde alt dei kunne for å stansa.

Sandvoll var halden for å vera den store profetørøysta på Vestlandet, og det var ikkje mange som våga å seia han imot. Kven var so Hans Sandvoll? Jau, han hadde gått Framnes Ungdomsskule. Så tok han Volda lærarhøgskule, før han i 1911 kom attende og vart lærar på Framnes. Etter at Halvar Fotland gjekk av for aldresgrensa i 1937, vart Sandvoll styrar på Framnes fram til 1956. I tida Sandvoll var styrar auka stadig elevtalet og skulen vart bygd ut. Då han slutta ved skulen fekk han kongens gull for sitt arbeid. Sandvoll var nokså særmerkt i si forkynning. Han tok seg mykje av oss unge, - korleis me skulle vera og gjera i vårt kristenliv. På skulen hadde han sine store fag i religion, kyrkje- og samfunnssoga.

Misjonsungdomslaget si årsmelding for 1961

Det var nok ikkje så vanskeleg å forstå at Vågen hadde lite lyst å gå imot Sandvoll, då han kjende til korleis hans temperament kunne koma i kok. Dette kunne ikkje Unges Misjonslag bøya av for, og arbeidet gjekk vidare som årsmeldinga i 1961 syner:

"Så er me samla til årsmøte att i Unges Misjonslag. Tida går fort, eit nytt år er til ende. Korleis har so dette året vore for den einskilde og for laget?"

Eg trur då me kan seia at det har vore eit nytt nådeår frå Herren. Me har hatt det godt og fått gleda oss saman over dei ting me har felles, det som i ein sum er Kristus Jesus, vår Frelsar. Herren er vår rettfærd.

Det er ikkje sjølv sagt at ein som er komen til tru på Jesus skal verta verande i trua. djvelen går rundt og arbeider med kvar ein sann kristen og vil føra han til fråfall. Han veit at når eit menneske har sitt liv i Jesus, er det frelst og har rett til Himmelen herlegdom. Derfor søker han sine svikråder, - å få våre tankar skadde, og snudde bort frå Kristus. Var me overgjevne til oss sjølve som truande her i tida, ville hans mål snart vera nådd. Men Gud vere takk, Han som tok til med den gode gjerning i oss, Han vil òg fullføra han. Eit Guds verk er det at me er i Kristus, som for oss er vorte visdom frå Gud, helging, rettfærd og utløyning.

Me har dette året vore samla 25 gonger. Det har vore 9 lagsmøter, 10 opne møter, 2 festar, børsetøming, julefest og 2 nattverdsmøter. Styret har vore samla 2 gonger.

Talarar som har gjesta oss er: G. Nygård, Bj. Vestbøstad, O. Brandal, Amund Lid, Vincent Færevåg. Alle desse har tala Guds ord til oss med stort frimod til gleda og gagn for oss. Me har hatt mange gilde samvær desse 4 åra sidan laget vart skipa. Men våre arbeidsforhold utover mellom folket er ikkje så gode som me kunne ynskja det. Motstanden mot oss, og då serleg mot laget, er framleis verksam. Me har prøvd å halda mange møter i Naturfagsalen for å nå folket, slik at dei kunne få høyra denne sida av forkynnelsen som me har tru for. Men det er få som har funne vegen til våre møter. Der er nok mange som har hug til å høyra, men dei torer ikkje gå.

Lat oss ikkje trøytna og verta motlause av motstand og vanskar. Gud er langmodig og rik på miskunn, han vil svara i sin time. Unges Misjonslag er ei gåve til oss frå Gud, det trur me, og er mykje takksame for laget. Straumar av nåde har me fenge, Anden har forklåra Kristus, og me har vorte glade av synet så mang ein gong. I tru til Gud vil me framleis verka, og lata livet som me har fenge gjennom Ordet stråla ut til andre, - ljuset frå evangeliet. Må Guds rike signing få kvila over den einskilde og laget og tenesta."

Slik skreiv formannen i Unges Misjonslag ved utgangen av året 1961, og ingen av oss visste då kva som låg framom oss i dei nærmaste par åra. No visste me at dette var åndelege brytningar, som ikkje berre ramma oss i bygdene her, men som òg ramma kristenflokkane langs heile vår langstrakte kyst; på stader som Sannidal, Jæren, Haugesund, Sunnhordland, Hardanger, Bergen, Møre, Trondheim og Namdalen. Det var ein strid som i stor grad hadde utvikla seg gjennom og innan Norsk Luthersk Misjonssamband.

Nytt angrep på Vincent Færevåg

Etter kvart som tida gjekk merka me no at presset auka mot Færevåg, at han skulle trekkja seg som krinssekretær. Men dette kunne ikkje fleirtalet i krinsstyret vera med på. Og eitt av dei såraste angrepa mot oss fekk sekretæren i eit privatbrev av 20.sept. 1961, frå ein av motstandarane våre som då sat i krinsstyret. Dette brevet lydde slik:

Herr Vincent Færevåg,
Kjære Færevåg.

Det er umulig for meg å møte på styremøte førstk. helg. Jeg er så glad for å slippe. Det var med tungt hjerte jeg reiste fra Lundeneset etter siste styremøte. Jeg syntes det rådde en hovmodsånd og mitt inntrykk er at dere anerkjenner ikke for vel verken hovudstyret eller andre som ikke er enige i deres ensidige forkynnelse.

Deg Færevåg har jeg ikke hørt så mye, men har inntrykk av at du kanskje legger talen an etter publikum, og er mer forsiktig i din måte.

Brandal tar fra oss menneske alt ansvar og er ellers så ensidig at det er helt uforsvarlig. Jesus er i sitt ord ikke ensidig.

Striden her i kretsen var etter som jeg kan forstå, begynt da Hovda reiste. Det var da noen som satte inn på å få deg til sekretær. Enkelte har angret siden og delvis trukket seg ut av arbeidet.

Vi ble skuffet da du ble ansatt, for vi mente du hadde ikke forutsetning for stillingen, men har likevel støttet deg på beste måte i arbeidet.

At du ikke trekker deg tilbake når du ser at du ikke makter oppgaven, er aldeles uforståelig. "Døyande misjonsarbeid" som du skriver så forstemmende skulle jo være bevis nok. Ikke mindre tragisk er fortsettelsen: "Ein uthaldande strid omkring forkynning og krinsleiing".

I kretsstyret i januar var vi enige om å spørre deg om du var villig til å gå over i annet arbeid i misjonen, men da du avslo helt var vi forsåvidt under press. Jeg hadde iallefall ikke frimodighet til å la deg gå, selv om jeg var overbevist om at det var det rette.

Jeg ser gjerne at du tar dette frem på styremøtet, og ellers tar imot dette som det var ment. Et lite forsøk på å sette tingene på rette plass og sette sakene i det rette lys. Det er ikke med lett hjerte jeg gjør det, men det får i Guds navn stå til.

Med hilsen Odny Vågen

Færevåg vart, som det går fram av brevet, oppmoda til å leggja det fram for styret, som òg vart gjort. Brevet visar til at "I kretstyremøtet i januar var vi enige om å spørre deg om du ville gå over i annet arbeid i misjonen, men da du avslo helt var vi forsåvidt under press".

Vedkomande vårt styremøte i januar 1961, så var denne saka fremja uformelt gjennom formannen. Me snakka då lenge om det kunne vera noko hjelp for Færevåg om han kom over i eit anna arbeid. Men me vart ikkje samde om dette, og kalla då Færevåg inn og la

det fram for han og spurde korleis han såg på dette og kva hans ynskje kunne vera. Men han hadde sett det som sitt kall å stå her, og let det difor stå til styret å taka avgjerd i denne saka.

Dagen etter fortsette møtet, og det var då tanken å fortsetja på same sak. Færevåg baud seg til å gå ut, men Frønsdal bad då om Ordet før han forlèt møtet. Frønsdal sa då at etter nærare ettertanke såg han for sin del det rett å lata denne saka liggja og aldri meir taka henne oppatt. Dette var alle samde i, eller rettare sagt, ingen mælte imot. Saka vart etter dette lagt til sides, og ikkje ein gong ført inn i møteboka på grunn av den måten ho vart fremja på.

Ynskje om eit møte med hovudstyret

Det var òg sagt greit ifrå at for ettertida ville ein få sakene framlagde på skikkeleg vis, og ikkje som privatbrev til sekretær eller styremedlemmer. Dette var det ingen av det lovleg inkalla krinsstyret som hadde nokon bemerkningar til. Derimot kom det fram ynskje om at me no burde kalla inn til eit møte med heile hovudstyret, krinsstyret og arbeidarane i krinsen, der me ansikt til ansikt kunne taka fram dette med forkynninga som fekk so blanda kritikk.

Dette framlegget vart vedteke på den måten at sekretæren skulle taka dette opp med hovudstyret. Me andre skulle gjera det me kunne, kvar på vår plass, for å få alle arbeidarane med på dette møtet. Den situasjonen me no var komne oppi var heilt uholdbar, og krinsstyret måtte etter dette kunne be hovudstyret om eit tillitsvotum. Som arbeidarar i Guds rikes arbeid kunne ikkje dette fortsetja.

Nei, det var nok ikkje ei "hovmodsånd" som dreiv krinsstyret når dei bad om å få eit sammøte med heile hovudstyret. Mange synest nok at me hadde freista så mange gonger med desse møtene som oftast hadde gjort vondt verre. Men me hadde aldri vore samla alle på ein gong, og her var det berre ei bøn. At me alle måtte koma inn i Andens lys, så me fekk nåde til å vandra på Guds vegar i det arbeidet me var kalla til. Og så langt eg kjenner til tok Gud seg av den enkelte av oss ut gjennom denne hausten, og lèt oss få sjå inn i livets alvår.

Me var komne heilt fram mot jul før sekretær Færevåg kunne senda ut meldinga om sammøte med hovudstyret. Men skuffelsen vart stor, - dei ville ikkje koma alle. Derimot var Tormod Vågen og nestformannen Ragnvald Holth, villige til å koma bort til oss og møtet vart fastsett til 8.-9. januar 1962. No var det vår sak å få flest mogleg av krinsarbeidarane med på desse dagane, og det gjekk greitt, sjølv om mange hadde dårleg røynsle frå slike møter.

LUNDENESMØTET

Det var med stor spaning og bøn til Gud at me møttest i Ølen kyrkje kvelden før Lundenesmøtet tok til. Her tala Holth, og me fekk ei god stund saman med bygdefolket. Seinare om kvelden møttest me på Lundeneset, der Åsta og Nils Valland, tok vel imot oss og vart våre vertsfolk.

Dagen etter opna møtet. Amund Lid fekk i oppdrag å halda det første innlegget. Han tala då om "Sauls veg" med tekst frå Første Samuels bok. Det vart eit alvårsord til oss alle. Seinare vart ordet gjeve fritt. Me fekk ei broderleg samtala, der både ris og ros fekk plass gjennom sann erkjennelse og no var alle takksame til Gud for at dette kunne henda.

Mykje av den andre dagen gjekk med til å skriva ei pressemelding som skulle presenterast i "Utsyn" som orientering til misjonsfolket. Denne meldinga kom i Utsyn nr. 4/62, og lyder slik:

HAUGESUND-SUNNHORDLAND-HARDANGER KRINS

Ei helsing til misjonsfolket i krinsen.

Krinsstyret og arbeidarane har vore saman med nestformannen i hovudstyret, Ragnar Holth og Tormod Vågen til møte på Lundeneset. Gud kom oss nær på ein sers måte, og vi trur at det hende noko som vil få varande verd for oss som var tilstades og for vår teneste. Gud kom oss nær med sin Ande og tukta oss. Han syntte oss våre synder, våre misgrep og vår kulde. Vår forkynning og heile vår teneste kom inn i Guds heilage, ransakande ljøs. Vi trur han fekk bøya hjarto under Andens tukt.

På ein serskilt måte fekk Gud tala til oss om vårt bønoliv som er så fattig. Ordet om at det hender så lite mellom oss fordi bønedenesta sviktar, greip oss med stort alvor. Vi kjende oss medskuldige når bønedenesta har minka i vårt kristenfolk. Og vi vil gjerne minna alle misjonsvenner om den opne døra inn til vår allmechtige Gud i bøn. Kunne vi møtast på kne i audmjukheit for vår Herre og Frelsar, ville dei vanskane som hindra vår teneste, kverve bort.

Når no verksemda tek til att i ein ny arbeidsbolck, vil vi be alle våre medarbeidarar verta med i denne bøna og stå saman i tenesta.

Både heime og ute står dørene opne. Vi får enno arbeida i fridom og fred, og det er mange trufaste medarbeidarar som tenar og bed. På alle misjonsmarkene bed misjonæranne om fleire arbeidarar og meir pengar. Herren fornyar kallet til teneste, og difor går vi til den nye arbeidsbolcken med frimod.

Krinsstyrets og hovudstyrets utsendingar vil be vårt misjonsfolk ta imot arbeidarane med tillit og forbøn.

Dykkar i tenesta: Ragnvald Holth - Tormod Vågen - Nils Valland - Samson Lid
Odny Vaagen - Ole Brandal - Olav Fjæra - Elias Frønsdal
Samson L. Haugen - Vincent Færevåg - Ola Teigen - Ole Rolfsnes
Amund Lid - Gotfred Nygård - Bjarne Vestbøstad - Sverre Kaldestad
Sofie Lokna - Margrete Skumsnes - Klara Haldorsen - Lars Høie

Me som hadde fått vore med på Lundenesmøtet var i stor takksemnd til Gud at dette kunne henda oss og at broderband kunne knytast på dette viset. Me såg det som eit Guds under.

Allereie 20. januar la Vågen og Holth sin rapport fram for hovudstyret og den 26. januar fekk krinsstyret brev frå Vågen med mellom anna referat av hovudstyret sitt vedtak. Eg tillet meg å referera frå brevet det som vedkjem Lundenesmøtet. Det lydde slik:

"Referat fra nestformannens og sekretærens oppdrag i HSH ble forelagt.

Referatet vedheftes protokollen.

Det forelå også brev av 10/1-62 fra HSH krets om at kretsstyret ser det unødvendig å be hovudstyret om den tillitserklæring som er nevnt i brevet fra kretsstyremøtet 23. sept. 1961.

Vedtak: Hovedstyret takkar Gud for det som hendte under arbeidermøtet på Lundeneset 8.-9. januar 1962. Vi vil håpe og be om at den gode gjerning som Gud har begynt, må bli fullført"

Når det gjeld offentliggjeringsa av helsinga til misjonsfolket i HSH krins, var ikkje hovudstyret så viss om at det tente saka og la henne koma i Utsyn. Det kunne spreia sesna ting meir enn turvande. Men alle vona at det skulle syna seg tenleg, slik som vi vart samde om.

Eg nemner dette fordi denne saka ikkje er ferdig. Vi må be mykje til Gud at han vil lata det som er gjort og det vi har skrive verta brukt til signing for sitt rike.

Nestformannen og eg som var til stades, kjende at vi bar eit tungt ansvar, og vi fann det rett å våga tillitslina heilt ut. Det er den lina vi må kjempa for i Guds rike. Då kan vi tala ope og tala hardt, men tala som brør og be om ei audmjuk ånd.

Eg nemner dette for di de i krinsstyret ber eit sersjukt ansvar. De har jo det direkte ansvar for at arbeidarane er til gagn i Guds rike og misjon. Vi får prøva å hjelpe dei, slik at dei no kjem ut av dette uføret.

Vi vil alle saman vera med i bøn om at ånda frå Lundenesmøtet vil fylgja oss som leier og arbeidarane som forkynner, slik at Herren får styra og hjelpa oss.

Med hjarteleg brorshelsing og ynskje om Guds signing vidare i tenesta.

For hovudstyret, dykkar medarbeidar
Tormod Vågen

Slik skreiv Vågen attende til krinsstyret, og då Færevåg sende dette ut til oss andre i styret så la han heller ikkje sjul på si takksemnd til Gud for dei gilde dagane me fekk saman på Lundeneset. "Gud er alltid god" skreiv han, og godt er det når me kjenner det. Og eg tykte det lova så godt for arbeidet vidare.

Det var heller ikkje framandt for oss at saka ikkje var ferdig med dette, som hovudstyret, nemde i sine merknader. Derfor var det vårt store ynskje og bøn til Gud at den ånd som rådde på Lundeneset også måtte få fortsetja i det kallet som Gud har kalla oss til.

Men me kunne likevel ikkje unngå å merka oss brevet me fekk frå Vågen, der han skreiv og minna krinsstyret om det "sersjuka ansvar" me hadde for våre arbeidarar, og likeeins uttrykket "spreia sesna ting", som verka for oss noko uklart. Til dette kan det vel seiast at krinsstyret freista ikkje å trekkja seg frå noko av det ansvaret som me såg som rett i vårt kall og teneste for Gud. Men kvifor gjekk han ikkje lenger då han og Holth kom til Lundeneset for å hjelpa oss? Og kvifor ville ikkje heile hovudstyret vera med å freista løysa ei så viktig sak? Ja, dette vil vel alltid verte ståande som ubesvarte spørsmål mellom oss. Men ingen ting er løynt for Gud.

Resultata frå Lundenesmøtet

Litt seinare prøvde NLM å få leiga bedehuset i Norheimsund, men det var framleies stengt for oss i HSH krins og likeeins for ein del av arbeidarane som reiste for hovudstyret. Krinsformannen, Nils O. Valland, freista også å taka dette opp med formannen i Indremisjonen som meinte dette kunne gå dersom me var villige å fira litt kvar på vår sida. Me måtte då vera villige til å leggja ned Unges Misjonslag og gå inn i Vikøy lag av Misonssambandet. Då kunne forbindelsen med krinsen koma i stand att og bedehuset verta opna for krinsen sine arbeidarar.

Valland meinte, sett frå si side, at Ungdomslaget tross alt var oppattninga av Misjonssambandet i Norheimsund, at det måtte få leva ved sida av det gamla Vikøy lag, at dei unge måtte få arrangera ei veka for året og at dei elles kunne få samlast til misjonsmøte ein gong i månaden.

Dette kunne ikkje akseptrast, for Unges Misjonslag var kome til verda på ein så forkjær måte at det måtte gjerast omatt. Dette var, og vart, konklusjonen til formannen i Norheimsund Indremisjon.

Etter dette skreiv Amund Lid, som var ute og reiste, heim til styret for Indremisjonen i Norheimsund. Brevet var som fylgjer:

Sokn, den 10/3 - 1962

Til styret for Vikøy Indremisjon

Kjære brør og medarbeidarar i Guds rike. Når eg i dag skriv til dykk kjem det seg av at eg i natt låg og tenkte på dei vonde og vanskelege forhold der heime i Norheimsund. So kom det slik for meg at eg skulle gjera eit forsøk og prøva å skriva til dykk. Det kan i alle høve ikkje skada ei sak at me prøver å sjå den frå baa sider.

Me er nok alle samde i at dei åndelege forhold me lever under er til skade for den einskilde sitt gudsliv, for samfunnet og for arbeidet i Guds rike, kva teig av Guds store åkerland me har fått vårt kall og vår teneste på, og at di lenger det fortset slik, di større vert skaden og di lenger og tyngre blir vegen tilbake. So eg vil be dykk ta det opp til ny

og alvårleg vurdering i styret, om det no ikkje er tida til å opna bedehuset at for Unges Misjonslag sine møter og for Misjonssambandet sine arbeidarar, som for dei andre misjonsgreinene.

Eg høyrer at formannen, og andre av styret, seier til folket at bedehuset ikkje er stengt for Unges Misjonslag, men det veit no både de og me at på våre mange søknader om huset, både munnleg og skriftleg, har me fått beint avslag. Som de skynar set dette oss i eit urett ljøs i folket sine auger, når me må seia som sant er at me må ha møta våre i skulehuset avdi me ikkje får bedehuset. Folket går so og lurar på kven av oss som lyg, og det er til stor skade for baa partar. Om det no vert oss det går utover i første omgang. Men det som er enno verre er at formannen vert tvinga til å tala med to tungar, og det gjer ingen av oss utan me tek skade på vårt gudsliv. Når me ser dette i lyset av Guds ord om vårt kall og vår teneste, som me har det i 2. Kor. 4.1-2, vert det ikkje då vanskeleg å forsvara inn for Guds åsyn, der me alle står ansvarlege for våre ord og for vår handlemåte? Det har vore vondt å leggja merke til dette gong etter gong, og likeins møta det frå folket. Trur de dette er med og byggjer opp tilliten til einannan?

Eg er overtydd om at då de kom til at de måtte stengja huset for oss, so gjorde de det av di de trudde det var til bate for Guds rike. Men tru om de no ikkje ser at det blei til skade for alle partar, og ynskjer at det var ugjort? Eg har i alle fall møtt dei av Indremisjonen sine arbeidarar som ser det slik no. Å gjera feil ligg oss alle nær, avdi me ser stykkevis og har eit kjøt å stri med, og i denne stridens tid har det nok vore gjort feil frå baa sider. Men det som er avgjerande er kva veg me går når me ser at me tek feil.

Ved å venta at den andre parten skal audmjuka seg og beda om tilgjeving, kjem me ingen veg. For ingen kan gjera det ut frå motparten sitt syn. Det er åleine Guds ord som kan overbevisa og ydmykja den einskilde av oss, ved å lata oss sjå våre synder og feilgrep sett frå Guds ord og skrifta sin synsstad. Og når det gjeld vårt syn, vår forkynning og vitnemål, so er det frå Gud og gjennom Guds ord me har fått det, og då kan me ikkje be om orsaking for det utan å ta skade på vårt gudsliv. Det vil bli utruskap mot Gud.

Beste helsing
Amund Lid

Elles gjekk arbeidet vidare i krinsen. Bedehusa fekk me, bortsett frå i Norheimsund. Folket kom og ville høyra, og på Lundeneset vart leirar og møter fulle av både unge og eldre. Men motstandarane møtte ikkje opp, så dei fekk høyra den bodskapen som vart framboren. Dei levde òg under åtvaring frå høgaste hold i organisasjonane. Og det visar seg at dette heldt fram. Men det visar seg no, at her er mange som no stig fram i dagen og erkjenner at forkynninga i dag er lite frigjerande.

Etter Lundenesmøtet og den melding som gjekk ut i Utsyn, var det med spaning me såg framtida i møte. Frå hovudstyret hadde det òg vore stille utover sommaren. Men so fekk me melding om at Misjonssambandet kalla inn til arbeidarmøte på Tryggheim Ungdomsskule i slutten av august.

TRYGGHEIMSMØTET

Dette møtet vart halde den 23. august 1962. Me vart ikkje med der, men den 11. september fekk me brev frå sekretæren med orientering om kva som hadde hendt. Dette brevet og fylgjande rapportar gjev eg att i si heilheit her:

Kjære venner og medarbeidarar!

Under arbeidarmøte på Tryggheim no i august, kom den striden som pågår innan Misjonssambandet fram til samtale. Der var det reist sterk anklage mot ein fraksjon innan arbeidarflokket, for ein splittelse deira verksemd hadde verka i veneflokkane kringom i landet, og det vart i denne samanheng lese opp ein erklæring som hovudstyret hadde vedteke einstemmig. Den lyder slik:

"De vanskeligheter i misjonen som arbeidermøtet er blitt kjendt med, er en frukt av enkelte forkynners virksomhet som på flere steder har splittet venneflokkene. Hovedstyret har gjennom flere år ved samtaler og rettledning forsøkt å få bort det som skiller. Som samtalene under arbeidermøtet har vist, ser det ut at disse forsøk har vært resultatløse.

Hovedstyret vil uttale sin dype beklagelse over dette og må ta avstand fra den virksomhet som har forvoldt splittelsen. Hovedstyret vil, etter det ledende ansvar det har i vår misjon, fortsette arbeidet med å få splittelsen vekk og iverksette de nødvendige tiltak.

I en tid da almenreligiøsitet og sekularisering synes å ta overhånd, må vi stå sammen i en klar forkynnelse av synd og nåde, lov og evangelium og om de store oppgavene Herren har lagt på oss. Dørene står åpne både her heime og på alle våre misjonsmarker. Hele den åndelige situasjon kaller oss til en samlet innsats i troskap til det syn Gud har gitt oss på arbeidet i Hans rike."

No er det å merka at anklagene galdt ikkje forkynninga i første omgang, og heller ikkje den dom som gjennom Guds ord fell over kvar ugjenfødd sjel, endå det er vel å frykta at det er her den eigentlege grunnen ligg. Men anklagen gjeld ein tendens i einskilde krinsar til å fråkjenna andre vedkjennande kristne livet i Gud. Og dette verkar so til at veneflokkane vert splitta.

Utan her å prøva noko inngåande analyse av det som gjekk føre seg på Tryggheim, er det vel likevel rett å seia at framstillinga var einsidig imot, og dermed ikkje i samsvar med heile tilhøvet. Biletet vart ikkje rett. Det vart også skeivt ved at nokon av dei anklaga ikkje var til stades, - endå at nokon av dei vart tekne fram med namns nemning, - og soleis ikkje hadde høve til å gjera greie for sin stilling til det dei var klaga for.

Men under siste samværet hadde Gudmund Hjorthaug, - som tidlegare under møtet sa at han var rekna for ein av dei anklaga i flokken, - eit innlegg som fylgjer vedlagt. Dette sende han meg fordi eg bad han om det. Men han har òg hug til at det skal verta

kjent mellom vennene, so dei kan sjå både kva han har sagt og kva han meiner om den anklage som er reist og grunnen for den. Han gjer det òg for at han vil prøva koma eventuelle "ryktesmedar" i forkjøpet, - dei kunne tyda hans erkjenning feil.

Her vil eg få nemna at ein av dei som er ankla sterkest, er misjonær Jon Berg. Utan å koma inn på hans sak, vil eg berre minna om at han er kalla inn og skal møte for eit samla hovudstyre. Og eg vil be dykk ta både hovudstyret og Berg med i bønene dykkar. Etter erklæringa frå hovudstyret skynar me at det kan få vidtrekkjande fylgjer. Må so Herren gjeva oss nåde til å ferdast varleg mellom folket, men òg til å bæra bodskapen om synd og nåde til tida i dag, utan å frykta andre enn Gud.

Hjarteleg broderhelsing
Vincent Færevåg

Hermed fylgjer vedlegget som Gudmund Hjorthaug sende etter det som han sa under arbeidarmøtet på Tryggheim Ungdomsskule 23. aug. -62.

Då eg sat her og hørde på Øivind Andersen sitt siste innlegg om rett og falsk forkynning, kunne eg praktis talt streka under alt han sa, - ikkje fordi han sa det, For Øivind Andersen kan òg ta feil, - men fordi det samstava med det eg sjølv trur og har fått sett ut ifrå Guds ord, og har prøvt å forkynna mellom folket vårt. Og eg trur at dette er sant om mine venner og medarbeidarar og. Og eg kan ikkje utifrå dette skyna kvifor me ikkje skal kunna halda fram i Misjonssambandet. For eg elskar Misjonssambandet av hjarta fordi eg trur at Gud har gjeve meg plassen min her.

Men på eit punkt kjende eg meg truffen av det Øivind bar fram. Eg fekk sjå noko ut i frå Ordet om å døma åndene som eg ikkje har sett før. Eg har òg før sett at dette å prøva åndene står i samhøve med sjelenes forhold til Jesus: At når eg fekk sjå at ei sjel hadde noko anna, eller noko ved sida av Jesus å trøysta seg til, då var der grunn til å tvila på om vedkomande hadde det rett med Gud. Denne evna til å sjå om sjelene har noko anna å byggja på en Jesus, og om dei har han som si einaste von, si trøyst og sin eine store kjærleik - det er vel eigentleg evna til å prøva åndene. Slik fekk eg i allefall sjå det no. Men ved sida av dette eg no har nemndt, har eg trudd at eg i dette Ordet hadde stød for ein annan tanke, - nemleg at når eg i noko tilfelle ikkje fekk åndeleg kontakt med ein og annan, so var det eit prov for at vedkomande ikkje hadde det rett med Gud. (Fordi at me har Guds ånd i oss - so vil nok dette i mange høve vera slik)

Men her fekk eg sjå at dette eg kjenner i mi ånd kan aldri brukast som noko prov på andre sitt gudsforhold. Ordet gjev oss ikkje rett til det, og i våre kjensler kan så mange andre ting blanda seg inn. Her har eg sett uklårt og feil. Eg har aldri preika om dette. Likevel kan dette synet mitt ha skine i gjennom i samtalar og samvær. So kan andre ha teke tanken opp, forsterka han, brukt eller misbrukt han, - og ein snøball rullar så lett. Her trur eg at Gud har synt meg noko av ei løysing på desse svære flokane me står oppe i. Eg trur nok at dette kan ha vore nemndt for meg før, - men eg er no ein gong slik at når det gjeld ting som høyrer gudslivet til, då kan ikkje menneskeord overtyda. Då må eg få sjå det i lyset av Guds ord. - Kor mykje skade dette uklåre synet mitt har valda, veit berre Gud. Men det er ein hjertetrong for meg å be både Gud og menneske om tilgjeving her. Og dette trur eg og vonar eg òg eg får.

Men utifrå dette Gud har vist meg, har eg trong til å be alle mine venner og medarbeidarar om å prøva seg sjølve for Herrens åsyn når det gjeld dette. At me må verta mindre opptekne med korleis den og hin har det, og meir be om nåde til å forkynna lov og evangelium slik at skjelene vert drivne inn til døden - og vert lokka og dregne fram til frelse og fridom i Jesus Kristus. Kunne Gud fått ført oss inn i rensing og oppnying her - ville heller ikkje den svære lidinga me har havt under dette samvær vera til fånytt. Då ville ho verta til velsigning.

So til sist ein ting som eg ikkje har skrive ned, men som la seg innover meg under bønestunda her no. Ut ifrå meg sjølv har eg ingen rett til å koma med formaning til nokon av dykk. Men eg må gjera det likevel i Jesu namn og fordi at eg trur Han minna meg om det. Fins her ein einaste av dykk som har synd eller urett - om aldri så lite - som han held fast på og orsakar i sitt hjarta? Eg veit at Gud har lova å bu i og bruka ureine, syndige og uverdige menneske når han berre får stella med oss som han vil - får halda oss i sanninga. Men der nokon bevisst gøymer og held fast på - enn den minste synd eller urett, der i det hjarta kan ikkje Gud lenger bu - og det liv kan ikkje Gud lenger bruka. Fins her noko slikt hjå oss som arbeider i Misjonssambandet so kan heller ikkje Gud lenger bu hjå oss heller bruka oss. Men Gud hjelpa oss til å ferdast i lyset for Guds åsyn.

Dette er nokså nær ordrett det eg sa på siste innlegget mitt på arbeidarmøtet. Både fordi at mange truleg vil prøva leggja noko meir og noko anna i denne erkjenninga mi en det var, og fordi at kanskje fleire av vennene mine har vore uklare og kanskje uforsiktlige som eg, når det gjeld dette " å slå fast " for seg sjølv og andre det ein "kjenner i si ånd" om den og hin - difor ynskte eg at de skulle kjenna til dette.

For Riket si skuld og sjelene si skuld treng me minna kvarandre om å ferdast så varleg som me kan. Lat oss framom alt vera varsomme med å seia ut nokon dom over andre sitt Gudsforhold. At andre i den motsatte leiren gjer det - gjev oss ingen rett til det same. Og når det gjeld å tala ope ut til slike som me er redde for ikkje har det rett, treng me vera varsomme. Oftast vil Gud sjølv tala til dei so dei sjølve kjem fram med si stoda. Og må me gå til dei, so vent med å gå til du er viss om at du går "i Herren". ---

Og ein ting til: Lat det ikkje verta for openbart og gå for vidt med dette at me berre vil høyra dei som har eit klårt syn på lov og evangelium, - dei som me kjenner oss mest eit med i syn og ånd. Livet har vist meg at Gud kan gi og gjera noko gjennom slike som ikkje har klårt syn òg. Når dei berre i sitt hjarta er av sanninga og lever i trua på Jesus. Her er slike, - og kven er då me at me skulle seia nei til slike, - når dei høyrer Herren til. Me skal ta imot dei, høyra dei, og be oss ut nåde til å prøva det dei seier på Ordet framfor Herrens åsyn - so det som er rett vert oss til gagn, og det som måtte vera gale ikkje får skada. Kanskje me kunne få rettleida ein og annan av desse. Gjer me dette tek me eit av våpna frå våre motstandarar. Dette at me skil oss ut og berre vil høyra nokre få bestemte personar. Eg veit at det våpen har sin grunn i mistyding og lignande. Men la dei ha så lite som råd er å byggja det på.---

Elles må me rekna med at hovudsaka i striden er no som før. Hjarta som tek støyt og forarging av evangeliet. So lenge der er sjeler i forsamlingane våre som er utan liv i

Gud, som forargar seg når dei kjenner domen i hjarta i staden for å omvenda seg, og som sender klage på oss når dei kjenner seg dømde av levande forkynning, so lenge ledarane våre tek imot slike klager, og held desse som klagar for rette kristne, - so lenge vil me ha striden gåande. Men her må me stå fast og forkynna det som Gud har gitt oss og synt oss. Er me trulause og slår av her, vil me missa det lyset me fekk - og mange vil gå vill av dei Gud tenkte å redda gjennom oss. Vår æra, vinning og velferd betyr så lite i denne samanheng. Heller ikkje om den og hin er med oss. Det avgjerande er at sjelene kjem til Jesus og er med han. At evangeliet om Jesus vert forkynt slik at Herrens ånd vedkjenner seg bodskapen til Jesu æra, og sjelenes frelse og daglige fornying.

Hjartans helsing med Rom. 7,1-17. som eg las i dag.
Gudmund Hjorthaug.

Slik skriv Hjorthaug etter Tryggheimsmøtet. Etter det som her er kome fram gjennom rapportane, og det som seinare har kome fram gjennom dei som deltok på dette møtet, så er det til sine tider vondt og vanskeleg å få tru at ånda frå Lundeneset, som Vågen skreiv om, fekk sin plass på Tryggheim.

Det blei fortalt at ein forkynnar delte rom med ein kollega, og etter eit møte, uttala denne forkynnaren at det som var framføre, var bore fram i ei "diktatorisk" ånd. Vedkommande som hørde dette, gjekk direkte ned til talaren, og sa då at han hadde bore dette fram i ei "djevlesk" ånd. Vedkommande vart då sint og ropa forkynnaren opp over høgtalaren, og forlanga at han gjekk på talarstolen og gjekk til erkjenning for heile møtelyden. Forkynnaren visste kva han hadde sagt, og det stod han ved, men det andre var lygn. Dette vart han ikkje trudd i, og ein forferdeleg dom vart hangande over han for resten av hans korte liv.

Til dette må me seia at uansett kva som var sant og ikkje sant, så synest ingen av oss at leiinga her gjekk fram etter den ånd som dei yngste skulle råda etter det møtet me hadde på Lundeneset. Der var kome inn noko nytt.

Det viste seg no at Lundenesmøtet sitt arbeid ikkje fekk tilslutning i hovudstyret. No hadde dei arbeidd ut sitt eige vedtak som skulle leggjast fram for arbeidarmøtet og rådsmøtet for å kunna støtta seg til eit fleirtalsvedtak der få av dei som møtte fram hadde noko større kjennskap til saka. Dette var nok diplomatiets veg, men spørsmålet er om det var Guds veg?

I Heb. 12,3-5 står det:

"Ja tenk på han som tolde slik motsegn av syndarar imot seg, so de ikkje skal trøytne og verta modlause i hugen! Endå hev de ikkje gjort motstand til blodet i striden mot syndi, og de hev gløymt den påminning som talar til dykk som born: Min son, vanvyrd ikkje Herrens tukt, og vanmodast ikkje når han refser deg!"

Og i Peters fyrste brev 2,23 står det:

"han som ikkje skjelte att når han vart utskjelt, men gav det yver til han som dømer rettferdigt."

Nei det er vel ingen av oss som ikkje treng om tilgjeving på vegen gjennom livet, og me

skuldar derfor å møta våre skuldmenn på same måte. Å tvinga fram ei erkjenning etter vårt syn, er ein farleg veg å gå inn på. Dette må bli ei Guds sak og Ordet si gjerning. Forkynn Ordet, og lat ikkje oss leggja oss bort i det som Ordet verkar i hjarta! Lat lov og evangelium få arbeida side om side, så vil lyset ein dag renna for den som er ærleg i hjarta! For oss såg det ut som det berre var ei landsomfattande vekking mellom oss leiarar som kunne redde oss frå dei problem som såg ut til å koma.

Innan NLM hadde dei tidlegare hatt ord på seg for at dei førde ei forkynning som mange reagerte på, men Gud velsigna arbeidet både heime og ute. Men gamle truande misjonsvenner gjekk ofte under stor forakt. "Me gjekk der som skabbete får", sa dei. Men desse var det som heldt misjonsarbeidet oppe, dei leia offerveker og anna arbeid, og ikkje minst hadde dei eit levande bønnesamfunn.

For min eigen del så var eg glad i desse folka. Men eg skal vedgå, at so lenge eg gjekk å streva under lova, so var det ikkje alltid lett å forstå dei. Men når eg no ser attende så er eg ikkje i tvil om Gud hadde høyrte bønnene, og let oss få forkynnarar som førte mange til utløgning og eit gjenfødd liv i Kristus.

Denne forkynninga var det no vårt eige hovudstyre gjekk inn for å stansa, på grunn av den rykteflaumen dei hadde samla opp og som hadde gjeve så god grobotn for ei beisk rot som er åtvare imot i Hebr. 12,15:

"Og sjå til at ingen dreg seg undan frå Guds nåde, at ingi beisk rot skal renna upp og gjera mein, og mange verta smitta ved henne."

Etter som det gjekk fram av meldinga under Tryggheimmøtet, var det no hovudstyret si meining å ordne opp i alle desse vanskane me var komne opp i. Det var derfor med stor spaning me såg framtida i møte. Vårt syn var vel i grunnen at dette var vanskeleg å løysa utan at ei djuptgåande samvitsvekking kom inn og talte til hjarta hjå den enkelte. Både forkynnarar og leiarar såg sers ulikt på kva det vil seia å vera frelst. Mange meinte, då som no, at dersom ein hadde teke ei bestemming om at ein ville bli ein kristen, så var det i orden. Og mange gonger vart dette gjort, men kvardagen viste noko anna. Men lat meg få seia at det er den beste bestemminga eit menneske kan ta, men det er likevel Gud som frelser.

Det er verkeleg vondt å sjå korleis hovudstyret takla desse sakene. Det ser ut som det aldri kom i deira tankar at det òg kan vera brotne kvister i blant dei sjølve, kvister som kanskje trong rensing. Eg måtte uvilkårleg tenkja på Peter når Jesus ville vaska føtene hans. Slik som me finn det i Joh. 13,7-9: " Aldri i verdi skal du två mine føter, segjer Peter. Dersom eg ikkje tvær deg, hev du ingen ting i hop med meg, svara Jesus. "Vidare skal me leggja merke til dei orda Jesus seier i det 14. og 15. verset. "Hev no eg, herren og meisteren, tvege føtene dykkar, so hev de og den skyldnaden at de skal två føtene å kvarandre. Det er eit mynster eg hev synt dykk; som eg gjorde med dykk, so skal de og gjera."

Og i Jesus si avskjedstale med læresveinane som han skulle senda ut, vil me sjå i Joh. 15. at han samanlikna med vintreet. "Eg er det sanne vintreet, og Far min er vingardsmannen. Kvar grein på meg som ikkje ber frukt, tek han bort, og kvar som ber frukt, reinskar han, so ho skal bera meir frukt."

Skal me sjå attende på møtet me fekk på Lundeneset, saman med Vågen og Holth, så var det vel litt av dette som hende, at me vaska føttene til kvarandre. Og her var me vel alle samde om at Gud var oss nær, så me fekk to gode dagar i saman. Men diverre så var ikkje mange dagane før steinkastinga og søla vart som tidlegare.

Krinsmøtet i Øystese

Med tanke på dette kjem det for meg ei hending frå krinsårsmøtet i NLM i Øystese sommaren 1962. Talarar der var m.a. misjonær Staurset. Det var mykje ungdom samla, og laurdagskvelden var kyrkja fullsett. På ettermøtet vart det mange appellar om å gje seg over til Gud og gje dette til kjenne. Dersom dei visste at dei hadde ufrelste sysken og foreldre heime, kunne dei få gje dette til kjenne, så skulle ein vera med å be for desse. Og under song og dempa trekkspeltonar, vart det opparbeidd ei stemning og hulkegråt som fylte heile kyrkja, mest til det uhyggelege.

På vegen bort frå kyrkja den kvelden, gjekk det ein stor flokk med ungdommar frå bygda. Ikkje eit ord blei sagt. Midt i flokken gjekk ein av leiarane, og han braut til slutt stillheita med desse orda: "Det er ikkje underleg at verden synest me kristne er galne." Ingen sa imot. Den enkelte hadde nok med sine egne tankar.

Dagen etter, på sundagen, var det misjonær Staurseth, som skulle tala i kyrkja. Teksten han tala over kan eg ikkje hugsa, men han la eit djupt alvor i sine ord og gjekk hardt i rette med det som hadde hendt kvelden før. På ein myndig måte, uttala han seg slik: "De er åndelege jordmødre som forserer fram fødslene, men hvor er fedrene?". Denne uttalelsen gjorde at det vart stilt i kyrkja. Folket hørde det, og spørsmålet stod der.

Mange av oss gjekk spørjande heim etter dette årsmøtet i Øystese. Angrepa mot oss var mange og harde utan at det vart gjeve noko til motmæle. Det viste seg at gilde åndelege brør vart dregne inn i vanskane gjennom kjøtleg venskap og slektskap. Ja, dette var verkeleg ei vond tid, og me hadde berre ein veg å gå med det heile, og det var å leggja alt i Guds hender og halda oss stille.

HAUGESUNDSMØTET

For oss i leiinga i krinsen vart dette ei tung tid. Men ut på hausten kalla hovudstyret inn til eit nytt leiarmøte som skulle haldast i Haugesund den 7. januar 1963. Til dette møtet vart krinsstyret og alle medarbeidarane innbodne.

Der i Haugesund møtte me mange frå hovudleidinga; Øivind Andersen, Hunnestad, Krogseter og mange andre, saman med sentrale folk frå administrasjonen. Her var no tanken at striden skulle ordnast opp frå botn av, og saka blei lagt fram frå begge sider. Både Øivind Andersen og våre folk la saka fram på Ordets grunn så langt dei fekk nåde til å gjere det. Det kom også vitnesbyrd om korleis sume av dei som var forkynnarar i dag, hadde kome frå sin trælestand etter at dei hadde kome til Fjellhaug, og fått hjelp av Øivind Andersen. Etter dette hadde dei fått sett Bibelen i eit heilt anna lys, som dei no såg seg bundne av når dei skulle ut i forkynnarkallet som dei trudde dei hadde fått av Gud. For den andre parten såg det ut for at desse innlegga hadde liten og ingen betydning.

Frå hovudstyret si side var det ein representant frå hovudadministrasjonen, Steinar Hunnestad, som bar fram anklagene mot medarbeidarane. Han las opp eit langt syndregister, og han byrja kvart nytt anklagepunkt med orda "VI VET". Kva var det dei visste? Jau, det var gamle og nye synder som var komne fram gjennom misforstått forkynning og samtale mann og mann i mellom, uttalelsar som hadde gått på folketunga og var vanskelege å kjenna att. Fram gjennom åra hadde dette vorte rapportert til hovudstyret, som hadde teke vare på det og vurdert det etter den tillit dei hadde til innsendaren. Mykje av dette var ugjenkjenneleg og kunne på ingen måte erkjennast som feil og dragast attende utan at kløfta ville bli endå større. Dette hadde me prøvd så mange gonger tidlegare då me hadde vore samla. Hovudstyret krevde erkjenning som ikkje var mogleg å gjeva, utan at det gjekk ut over dei sanningar som Gud hadde gjeve dei under forkynninga av Guds Ord.

Slik gjekk det ut over dagen, men ut på kvelden vart krinsstyret bedne opp på ein av småsalane i Misjonshuset. Det var Krogseter som ville ha ei samtala med oss. Han gav då utrykk for at han var godt kjendt med den saka som samla oss her, og no var det kome så langt at noko måtte gjerast. Hovedstyret var ansvarleg for arbeidet i misjonen og kunne derfor ikkje lata dette gå lenger. Han hadde etter oppdrag frå HS teke på seg å ordna ei liknande sak inne på Fjellhaug. Dette galt Øivind Andersen, som då budde på Fjellhaug. Han var no så heilt utsliten at samarbeidet gjekk ikkje lenger, og i tillegg var han óg blind. Dette skapte så store problem på Fjellhaug at det gjekk ikkje lenger. Hovedstyret hadde derfor gjeve han jobben med å skaffa Andersen ei ny leiligheit nede i byen. Dette var ei vanskeleg sak, men no hadde det lukkast, og etter det han no visste, så var krinsstyret her i same stilling med Færevåg. Han var óg no så heilt utsliten, og nervene hans var óg so dårlege at han ikkje lenger klarte den ansvarsfulle stillinga som sekretær i krinsen. Han anbefalte no at styret løyste han frå sekretærstillinga, og fekk han inn i ei ny stilling i misjonen. Og med den erfaring han no hadde so trudde han sikkert at han kunne koma oss til hjelp om me var interesserte. Dette bar han fram for oss med frimod og stor overtyding. Men eg trur ikkje det var nokon av oss i styret som tok imot med same glød som han.

For meg førte dette til ei vanskeleg avgjerd. Færevåg hadde eg lært å kjenna som ein god administrator, ei fin og audmjuk sjel som i sjelesorg hadde fått vore med og vist mange veien til frelse. Etter at eg fekk sjå meg løyst og fri i Kristus, vart han òg min fortrulege ven som leid

under den situasjonen me var komne opp i. No måtte denne mannen bort fordi han var ei hindring i arbeidet.

Frå krinsstyret si side vart det ikkje mange kommentarar, og etter at møtet var slutt, så trekte både styret og krinssekretæren seg attende til Lundeneset, der styremøtet skulle fortsetje dagen etter.

Dette styremøtet hadde eg ikkje høve til å vera med på, då eg måtte reisa til Oslo tidleg morgonen etter. Men om kvelden før me avslutta dagen kom Færevåg til meg og spurde om eg ville gå innom på kontoret til Vågen og seia frå at han no kom til å trekkja seg som sekretær. Dermed avslutta me dagen.

Morgonen etter var eg oppe i sekstida for å få meg litt mat før eg skulle køyra. Då kom Færevåg inn, så glad at det lyste av han. Han måtte ned og fortelja at turen til Vågen ville han spara meg for, for i natt hadde Gud møtt han, og tala so direkte til han som aldri før. Han hadde tala til han gjennom Salme 121, der det frå vers 4-8 står:

"Sjå han blundar ikkje og søv ikkje, Israels vaktar.

Herren er din vaktar, Herren er din skugge ved di høgre hand.

Soli skal ikkje stikka deg um dagen, og ikkje månen um natti.

Herren skal vara deg frå alt vondt, han skal vara di sjel.

Herren skal vara din utgang og din inngang frå no og til æveleg tid."

Slik forlét eg han den morgonen, glad og lukkeleg! Dette var òg siste gongen eg såg Færevåg her i livet. Den 5. mai 1963 henta Gud han heim til seg. Han hadde vore på eit stemne på Bremnes, og var om kvelden komen så langt at han såg heim til heimen sin då han seig om på gata og var død. Gud stod ved sitt løfte. Dei siste vekene og månadane hadde vore harde, men han hadde fått overlata det heile til Herren og var villig til å gå den vegen Han ville.

For å gå attende til Haugesundsmøtet, og dagane etter, så var dette så hardt at det la ein dempar på alt. Allereide den 26. januar kom det brev ifrå to av våre forkynnarar som no såg det slik at dei måtte forlata sin plass i NLM.

Forkynnarar seier opp i HSH

Den 25. jan. 1963 skreiv so ein av forkynnarane våre, Ole Brandal, dette brevet:

Til styret for HSH. krins av Misjonssambandet, og Hovudstyret.

Etter møtet i Haugesund den 7/1 d. å. har dette spørsmålet vorte meir innpåtrengjande enn nokon gong før: Korleis få slutt på denne striden?

Etter mitt syn er det - tilsynelatande - 4 vegar ut av uføret:

1. At eg (vi) audmjuker meg, erkjenner at eg har fare feil i forkynning og metode, bekjenner det og omvender meg frå det.
2. At hovudstyret ved samtaler kunne skifte syn på mi teneste.
3. At hovudstyret seier meg opp.
4. At eg sjølv trekkjer meg attende som arbeidar.

Ad. 1. Denne veg køyrer hovudstyret, men for meg er den stengd. Eg kan ikkje innsjå at eg forkynner feil eller driv feil metode (splitter Guds folk), og eg kan ikkje tvinga

hjarta til noko det ikkje er overtydd om. Det vert hykleri.

Ad. 2. Denne vegen har eg (vi) prøvd å gå, men at den er stengd, fekk vi til fullnad prov på i Haugesund den 7. d. m.

Ad. 3. Denne vegen er open for hovudstyret.

Ad. 4. For meg er dette den einaste farbare veg. For det fyrste kan eg ikkje finna det i samsvar med Guds ord å stå i slik opposisjon til mine overordna at dei vert nøydd til å ta avstand frå mi verksemd. For det andre seier Skrifta at vi skal lyda våre overordna. Når eg ikkje kan lyda dei i å "omvende" meg, så er berre vegen ut den einaste farbare for meg.

Å verte verande i Misjonssambandet og der vere lydige i alt bortsett frå det å "omvende" seg, går ikkje. Det syner fylgjande: Det er nå snart 4 år sidan eg var på "ulovlege" vegar, og likevel er eg eit "svart får" som ingen nåde får.

Nå vil og kan eg ikkje leva i denne striden lenger, Både helsa og sjela si frelsa nektar meg det, og eg ser meg nøydd til å seia opp mi teneste i Misjonssambandet. Oppseiinga gjeld frå 1. mars d. å.

Den 15. d. m. var det 22 år sidan eg starta på min første tur i Kinamisjonen. Eg bed om tilgjeving for feiltrinn eg måtte ha gjort og takkar for alt.

Brorshelsing
Ole Brandal

Og alt dagen etter, den 26. januar fekk krinsstyret fylgjande brev frå Amund Lid:

Til krinsstyret for HSH. krins av Misjonssambandet.
v/ form. herr Nils O.Valland, Ølensvåg

Kjære medarbeidarar.

I dag lyt eg gå til eit steg som eg aldri hadde tenkt skulle henda, då Misjonssambandet eig hjarta og eg har sett det som eit kall frå Gud å vera med i tenesta der.

Men etter det møtet som hovudstyret kalla oss inn til i Haugesund den 7. jan. har eg kome i mykje tvil om det er foreinlegt med Guds ord og veg å halda fram i striden. Det var svært å sjå det synet hovudstyret har på oss og vår tenesta. For meg ser det ut som dei ser oss som ubotferdige syndarar, som ved vår forkynning og vår ferd splittar samfunnet av dei heilage og dannar partier, og blokk mot leiinga i misjonen. Det ser ut som dei trur alt som våre motstandarar set ut mot oss, og at dei trur oss ikkje på våre ord. Det kom endå fram at dei trur me er uærlege og førde dei bak ljuset på Lundenesmøtet i fjor. Når hovudstyret har eit slikt syn på oss, so kan eg ikkje forstå at det kan vera rett å fortsatt ha oss i si teneste. Og eg har kome til at det er ikkje rett av meg å stå der til dei blir tvinga til å seia meg opp. Eg trudde at om me fekk møtast med hovudstyret og tala ope og ærleg ut om saka, so skulle det finnast løysing, men det sa dei nei til. Og det kan heller ikkje nytta der det er tvil om motpartens redelegheit. Skal

me halda fram under slike forhold, so kan det ikkje føra til anna enn strid og til at Misjonssambandet vert rive i stykker. Og Guds ord seier at ein Herrens tenar må ikkje strida og gå maktens veg og liggja i ordstrid. For det er ikkje til noko gagn, men til undergang for dei som høyrer på, og det vil eta om seg som daudkjøt. 2. Tim. 2. 14-26. For det andre so seier Guds ord: "Ver difor all menneskeleg skipnad undergjevne". 1. Pet. 2. 13-25. Eg ser det slik at Misjonssambandet er ikkje Guds rike, men ein menneskeleg skipnad innan Guds rike, og då må den som tenar der vera sine overordna lydige og undergjevne etter Guds ord, endå om dei er rangvis. Då eg ikkje kan dela hovudstyret sitt syn på oss eller striden, og på veien eller måten dei går fram på for å løysa striden, so kan eg ikkje gå deira veg utan å bli ein stor hyklar som må handla imot si indre overbevisning inn for Gud. 2. Tim. 3. 10-17.

Det er ein tung veg å gå, men eg ser ingen annan utveg enn med dette å seia opp mi teneste i Misjonssambandet.

Eg vil fortsetja tenesta i Guds rike so langt nådegåva og krefter rekk, og der Gud opnar veg for meg. Dette forhindrar ikkje at om krinsstyret, eller andre i krinsen, ved offerveker, sommarskular eller andre tilstellingar ynskjer mi teneste, so står eg til teneste så langt eg rekk. Eg kan stå i tenesta til neste krinsstyremøte.

So vil eg få seia dykk takk for den tida eg gjennom 20 år har fått vore med i tenesta. Om det ikkje har vorte til hjelp for so mange som eg ynskjer, so har det i alle fall vorte til stor hjelp for meg personleg. For det står at den som tenar ved evangeliet, han skal leva ved det. Og det er mi erfaring at det gjeld like mykje det åndelege livet som det lekamlege. So langt eg veit har eg handla etter det som eg trudde var rett etter den indre overbevisning Gud har gjeve meg ved Anden, gjennom Guds ord, og eg kan ikkje merka at Gud dømer meg for at eg har fare uredeleg fram her. Men me ser stykkevis og har lett for å ta feil, so eg kan likevel ha gjort det som var urett, og det kan eg berre be Gud og dykk om tilgjeving for. Då er det godt å vita og få tru at den same frelsar som lækte Malkus øyra etter Peters feilsteg, han er også med oss og vil lækja det me gjer urett i vår nidkjærheit og kortsynheit.

Med hjarteleg helsing Dykkar medtenar
Amund Lid

Og i eit brev ein par dagar seinare, den 28. januar 1963, finn me at Amund Lid, også har skriva til hovudstyret i Misjonssambandet og gjeve klart uttrykk for sitt syn på striden som no har ført til at han må trekkja seg som medarbeidar i NLM Dette brevet vert hermed atgjeve i si heilheit. Det lyder slik:

Til styret for Norsk Luthersk Misjonssamband,
v/generalsekretær Tormod Vågen,
Grensen 19.
Oslo.

Kjære medarbeidarar.

Etter det møtet som hovudstyret kalla oss inn til i Haugesund den 7. januar, har eg kome i tvil på om det er rett å halda fram i tenesta i Misjonssambandet under slike forhold som no kom til syne. Og eg har no lagt det fram for Gud med bøn om å visa oss kva som er hans vilje og veg, og prøvd å finna fram til kva Guds ord seier om desse ting. Gjennom det har eg kome til, og fått ro med at eg for min del skal gå frivillig, slik at både hovudstyret og krinsstyret slepp å seia oss opp i tenesta. Eg legg ved avskrift av brevet til krinsstyret, der eg har sagt meg opp som arbeidar i Misjonssambandet.

Når eg har stade i striden so lenge, so kjem det seg av di eg såg det slik at Gud hadde sett oss der, og det har Gud stadfest ved at det har vist seg at det i vår tids åndelege situasjon var behov for den bodskapen Gud har kalla oss til å forkynna. Det har vorte til frelse og fornying for mange, på same tid som det har vorte årsak til strid. At det virkar slik er i samband med Skrifta, og at striden har vorte so hard, det visar at den åndelege situasjonen er meir alvorleg en nokon av oss såg.

Men under møtet og i tida etter møtet i Haugesund har det vorte klart for meg at no er det ikkje lenger rom i Misjonssambandet for vår forkynning eller for dei som vert vunnen ved vår teneste. Me lyt sjå den sanning i augo at Misjonssambandet er ikkje lenger det som det var. Noko av det viktigaste ved våre forfedrar si forkynning er borte i dag, og eit anna syn og ein ny retning har sige umerkande inn, og skapt ein heilt ny åndeleg situasjon. Den lutherske og rosenianske lære og forkynning, som våre forfedre levde i og forkynte, og som serleg Øivind Andersen har formidla til vårt slektsledd gjennom si teneste ved misjonsskulen og bibelskulen på Fjellhaug, den vert ikkje tolt i si heilheit. Eg kjenner litt til den skjulte motstand som i lang tid har vore i utvikling mot denne retning i Misjonssambandet. Her er den verkelege årsaka til striden. Eg ser det slik at det er Gud som i sin nåde vil gi Misjonssambandet att det me var i ferd med å missa, og no er me like ved den skjebnetime då hovudleidinga er i ferd med å visa det frå seg, ved å avskalla denne retningen. Det er vondt å sjå at heile hovudstyret gjekk med Vågen i kampen for å få det til at årsaka til striden ikkje ligg i det som ovanfor er nemndt, men i synder og fall som denne retningen har gjort seg skuldig i, og at einaste løysinga ligg i at me erkjenner våre synder og bed om tilgjeving for dei. Den vegen er stengd for meg, då eg ikkje kan erkjenne meir en det Gud overbevisar meg om er synd. Skulle eg gå vegen De viser, og prøvde å pressa oss til i Haugesund, då ville eg bli ein hyklar som gjekk brennmerkt i samvitet avdi eg gjorde beint imot det eg i hjarta var overbevist om var rett inn for Gud. Og skal me slå av slik at me blir tolt og at me kan fortsetja saman utan strid, så må eg svikta overfor Gud og bli ein utru hushaldar.

Når De strider mot denne retningen, ved å dirigera forkynnarane utanom dei stader dei får inngang eller ved å lokka dei over i anna arbeid slik at dei kjem utanom forkynnar-

gjerningen, har De aldri kome til å tenkja på at det kan vera ein strid for å få ut det Herren vil ha inn?

Kjære brør, gå inn til Gud og spør om Hans veg før de fortset denne striden. Så langt eg kjenner skrifta so går aldri Gud maktens veg eller skamlege løynvegar. Sjå 2. Kor. 4. 1-2. Gud fører alltid sin strid på Åndens veg. Me kan berre tenkja på dei første kristne sin strid før, og samanlikna den med reformasjonsstriden i Tyskland. Den fyrste var ein Åndens strid, den siste gjekk maktens veg. Det førde til ein 30 - tredve - årig krig, og resultatet vart lidelse, nød, øyding og død på baa sider. Og etter 30 år måtte dei ta til på Åndens veg midt i ruinane.

Slik vil det også gå oss om me fortset striden. For Misjonssambandet er eit rike som er kome i strid med seg sjølv, og Jesus seier at det kan ikkje stå lengje. Me er vorte store og ubrukelege for Gud, og då har han ingen annan veg å gå enn å lata rottenskapen koma til syne, slik at både me sjølve og andre kan sjå kor små me er. Det er vondt å høyra kor hovudstyret var ufeilbarlege og utan synd i denne striden.

Skal Gud få redda oss må me alle ned på syndarplassen og tenarplassen. So eg trur for visst at her finst berre ein veg, og det er at også hovudstyret omvender seg frå sine vegar og vender om til Herren. Les Esaias 55. 6-13. Då vil De også møta medsyndarar i den andre flokken.

Gjev de so rom for også denne retningen, som Gud har reist opp i Misjonssambandet, saman med andre, då vil striden verta førd vidare som ein Åndens strid til frelse og framgang for Guds rike mellom oss.

Kanskje de tenkjer at eg er for liten til å tala slik, og det er so sant. Men likevel kunne eg ikkje lata det vera, for eg trur Gud la det på meg. Og som de veit av Skrifta so har han for vis å tala gjennom det som ingen ting er, når han vil gjera til inkjes det som er noko.

So takkar eg for dei 20 åra eg har fått vore med i tenesta. Og Gud veit at det er mi bøn og store ynskje at Gud måtte få stella med oss slik at me framleis kunne få nåde til å tena saman i den tenesta me har kjær og som Gud har kalla oss til. Men framom alt at me må få eiga litt av Jesus ånd og sinn mot kvarandre og mot dei me skal tena.

Med helsing dykkar medtenar
Amund Lid

Det utenkjelege hadde hendt

Det som no hadde hendt var nesten umogeleg for oss å tru. Det var no seks år sidan eg og mange andre her kom inn i lyset av Guds ord og fekk sjå oss løyste. Eller rettare sagt "gjenfødde" til ei levande von i Kristus.

Men for oss som var med på Haugesundsmøtet, så var det vel no klart at me var komne til ein skilleveg. Men vegen vidare var det nok ingen av oss som såg då, og svært mange var usikre på det heile. Dette å forlata Misjonssambandet, som me var vorte glad i, var inga enkel sak, og det verste av alt var at venner og brødre i Herren vart skilde og gjekk kvar sine vegar, i usikkerheit. No var prøvelsens stund komen. Den enkelte måtte stå for Gud med sitt liv, og sitt kall til teneste vidare i Guds rike. Dette førde mange inn i ein fortvila situasjon som vart ein lidelse for resten av livet. Sume gjekk hardt ut, men tolde ikkje presset, og gjekk attende i passivitet eller gav opp det heile.

Situasjonen vart heller ikkje betre etter som årsmøtet for HSH krins var lagt til Norheimsund det året, og der kom Vågen og stadfeste si harde linja for arbeidet vidare. Dette var hardt, så her måtte den enkelt vurderer si eiga sak for vidare samarbeid.

Ja, situasjonen me var komne oppi var ikkje enkel. Desse forkynnarane som var frosne ut av si teneste i Misjonssambandet, dei var ikkje dermed ferdige med sitt kall frå Gud. Kallet til å forkynna Ordet om synd og nåde, lov og evangelium ut imellom folket vårt. Det viste seg òg at her var mange andre i landet som var komne i vanskar på grunn av den måten hovudstyret handsama denne saka på. Og etter det som no var hendt, var òg styret i Hardanger Fellesforeining komne i vanskar med å få arbeidet til å fortsetja ut over sommaren og hausten, og krinsstyret i HSH mottok fylgjande brev:

Kjære misjonsvenner og medarbeidarar.

Etter krinsmøtet i Norheimsund og det som hende der, og ved at nokre av arbeidarane i krinsen har sagt opp på grunn av at forkynninga deira ikkje får rom i Misjonssambandet, so finn me det uråd å halda fram i styret for Hardanger Fellesforeining.

Me ser det, slik stoda no er, at det er best krinskontoret leier verksemda, og at foreiningane vender seg dertil om talarhjelp.

Me ser det òg slik at krinsstyret eventuelt kallar inn til nytt årsmøte i Hardanger Fellesforeining. Måtte Herren få leia oss alle i denne vanskelege tida.

Tørvikbygd, 10/8-1963

Med helsing frå styret i Hardanger Fellesforeining,

Anders Eide - John Tveit - Gerhard Stave - Brigte Bøhn - Samson Haugen

For meg og førte dette til store vanskar, då eg under nemnde årsmøte ikkje vart løyst ifrå min plass i krinsstyret. So måtte eg taka mitt valg, og samarbeidet med det nye styret såg eg så vanskeleg at eg måtte trekkja meg. Dette var ein situasjon som eg ikkje hadde tenkt meg. Men ved inkalling til styremøte den 18/9 1963, måtte eg senda fylgjande brev:

Til krinsstyret for HSH av Norsk Luthersk Misjonssamband
v/ formann Olav Fjæra.

Eg har i dag motteke innkalling til styremøte på Lundeneset den 21. ds. I det høvet må eg be om at varamannen vert inkalla på min plass i styret, no og for resten av valbolken. Då eg no må trekkja meg frå arbeidet i krinsstyret, er det på grunn av den stoda vår hovudleiing har teke til striden innan Misjonssambandet.

Etter det eg kan sjå er striden ein naturleg reaksjon etter den forkynning me har havt i etterkrigsåra. Den sterke apellen til viljen har ført mange ærlege sjeler inn i ein religiøs tilstand, utan at dei er gjenfødde til eit nytt liv i Gud. Sjølv gjekk eg 14 år i denne stoda, før Gud fekk løysa meg ut, slik at eg fekk sjå meg frelst.

Det Gud bruka til å vekka meg og mange andre, var nett den forkynning og dei forkynnalarar som hovudleiinga no motarbeider og vil "skalla av". Dette ser eg slik - at tross alle menneskelege skavankar - har desse fått ein bodskap å bringa oss frå Gud.

Av den grunn ser eg mykje alvorleg på hovudleiinga sitt arbeid i denne saka. Med anna den uvilje krinsleiinga blei møtt med då dei bad om ei oppgjerd mellom hovudstyret, arbeidarane og krinsstyret. Dinest den måten saka vart fremja på ved Nærbømetet i 1962, og rådsmøtet på Fjellhaug d. å. Der hovudleiinga la fram saka frå sin synsstad til handsaming og avgjerd for leiarar og arbeidarar frå heile landet, utan at motparten på førehand var varsla og gjeve høve til sitt forsvar. Vidare korleis dei har handsama nokre av sine arbeidarar - særleg Åkhus og Berg. Har ikkje hovudleiinga rett og plikt til å seia opp arbeidarar som dei ikkje er tente med når dei gjev opp ein skilleg grunn? For meg ser det ut slik at hovudleiinga lagar tilhøvet so at arbeidarane sjølve skal verta nøydde til å seia opp utan å få grunngeve kvifor dei ikkje er brukande i tenesta lenger.

Sjølv om eg er vorten glad i Misjonssambandet - og har sett det som eit kall og vera med der - vil de sikkert forstå meg når eg no meinar det er uråd å halda fram under desse tilhøve. Men det er framleides mi overtyding at Gud vil oss noko gjennom dette. Det er derfor mi bøn at ingen sel si overtyding av organisasjonsmessige eller personlege hensyn, og at Guds ord framleides må kunna forkynnast fritt mellom oss. Då trur eg sikkert Gud vil vedkjenna seg det som er hans, og at brødre vil finna kvarandre i eit Åndens samfunn.

Så vil eg til slutt få takka for alle dei gilde stundene me har fått vore saman i felles teneste, og det vil framleis vera mi bøn at Guds vilje må skje og hans rike må koma mellom oss.

Med brorshelsing
Samson Lid

Etter alle dei fortvilte forsøk me hadde gjort fram gjennom åra for å få saka inn på rett spor, var det no eit faktum at våre vegar måtte skiljast. Dei var så visst ikkje feilfrie desse forkynnalarane, så det var ikkje vanskeleg å finna feil. Men det viser seg at dersom menneske lever i sjølverkjenning, så er det desse Gud kan få bruke. Les boka om Foldøen, som eg så vidt har nemt før, så vil ein oppdaga at det som er stort i menneske

sine augo, er vanskeleg å bruka for Gud. Vegen går ofte gjennom liding fram til seier. Guds vegar er ikkje våre vegar, og derfor skal ein vera varsam med å stansa det som Gud har sett i gang, sjølv om klagane og kritikken kjem frå høgste hald. Det har vist seg at Jesus kunne bruka det som ingen ting var, for å gjera det til skamme som er noko. Peter gjorde òg feil, men han med dei mange feila, var det Jesus brukte til å bygge si kyrkje på. Så lat oss vera varsame, men der vegen er stengd må me akseptera at det er slik, sjølv om vi ynskte noko anna.

EI NY SENDETENESTE

Etter dette vart det sommaren 1963 kalla saman til eit møte i Sannidal. Det kom mykje folk, frå Namdal i nord til Sannidal i sør. Desse vart samde om å starta ei sendeteneste som skulle arbeida vidare med saka.

I styret for sendetenesta vart Olav A. Dahl frå Stord, vald til formann. I flokken av frammøtte var det mange forkynnarar og leiarar frå ymse kantar av landet. Desse var villige å stilla seg til teneste, kvar på sin heimstad, slik at styret fekk eit godt utgangspunkt å arbeida etter, sjølv om ikkje alle visste kva dei gjekk til.

Under eit styremøte i sendetenesta, som vart halde på Randaberg den 3.-4. august 1963, fekk sendetenesta namnet Norsk Luthersk Lekmannsmisjon (NLL), og styret sende då ut eit meldingsbrev, som seinare vart kalla nr.1. Det lydde slik:

Norsk Luthersk Lekmannsmisjon

Administrasjonen vert ordna med oppdeling i distrikt og leiarar for kvart distrikt. Distriktsinndeling og leiarar til å leggja arbeidet til rette og syta for å ordna med at alle får forkynnarar, vart av styret vedteke slik:

1. Namdalen: Styret i Namsos, ved form. Ola Lyster, Namsos, telefon 2930.
2. Trondheim: Styret i Trondheim, ved form. Torbjørn Thorsen, Knutsøns gt. 3, Trondheim, Telefon 24248.
3. Oslo og omegn: Sigmund Hjorthaug, Knapstad. Varamann. Sigrid Schow, Engedal st. Østfold.
4. Telemark: Styret i Sannidal kr. Ungd.foreining, form. Juel Isaksen, Farsjø p.o.
5. Agder: Olav Aakhus, Bygland i Setesdal. Telef 37.
6. Rogaland sør for Boknfjord: Tore Harestad, Randaberg, Telef. Stavanger, 40252. Varam. Holger kjølvik, Varhaug.
7. Haugesund og omegn: Karl Hjelmås, Avaldsnes. Varamann: Rasmus Rødland, Tysvær våg.
8. Sunnhordland: Olav A. Dahl, Boks 95, Stord. Telef. 69.
9. Bømmeløya: Godtfred Nygård, Rubbestadneset.
10. Hardanger: Sverre Bøhn, Norheimsund, Telef. 197. Varamann Samson Lid, Norheimsund, Telef. 448, eller fabr. 70.
11. Bergen: Sjukeyster Marta Eide, Løbergsveien 36, Bergen.
12. Sunnmøre: Kåre Slotsvik, Ellingsøy.

Lekmannsmisjonens styre fordeler så forkynnarane på desse stadene to gonger i året, hausten og ved nyttår. Dei som ynskjer forkynnarar, kan venda seg til leiarane i sitt distrikt, og han vender seg direkte til den eller dei forkynnarane som styret har sett opp i hans distrikt. Brev til heimeadressa vil alltid nå dei, og ved lite tid kan de ringja til heimstaden og få vita kvar de kan nå dei i telefonen. Forkynnarar som i reiseruta er oppsette til disp. kan leiarane venda seg til, dei reiser det dei har høve til.

Er ein forkynnar ferdig i sitt distrikt og vert ledig, so kan han venda seg til Amund Lid, Norheimsund, som har teneste som sekretær. Det kan og dei leiarane som av ein eller anna grunn ikkje får dei forkynnarane som er oppsett i ruta. Han vil prøva ordna det så langt han kan.

Forkynnarar og leiarar bør nytta alle høve Gud legg til rette for å koma til nye stader med evangeliet, og ha omsut for at folk får besøk.

Forkynnarane sine adresser:

- | | |
|--|---------------------------------|
| 1. Jon Berg, Lunde i Telemark. Tlf. | 2. Ole Brendal, Avaldsnes, Tlf. |
| 3. Anders Eide, Tørvikbygd. Tlf. 1017. | 4. G. Hjorthaug, Knapstad. Tlf. |
| 5. Amund Lid, Norheimsund. Tlf. 75. | 6. Reidar Linkjendal, Vadfoss. |
| 7. Gotfred Nygård, Rubbestadneset. | 8. Margrete Skumsnes, Kårevik, |
| 9. Olav Aakhus. Bygland, Tlf. 37. | Stord |

For styret for N. Luth. Lekmannsmisjon.
Amund Lid.

Det viste seg at mykje av misjonsfolket visste lite om korleis det hadde storma i toppane. Det trufaste misjonsfolket og dei yngre, forstod lite kva som var hendt, og spørsmåla kom både frå fjern og nær. Kva dette var for noko, og kvifor me gjekk ut av Misjonssambandet? Og som før sagt så var dette ikkje så lett å svara på. Av bitre erfaringar frå den siste tida, så hadde sume av oss lært å vera varsome med kva som vart sagt, sjølv mellom venner. Det hende så tidt at venner tala fortruleg saman, og orda blei oppfatta feil og ført vidare til nestemann. Og "folketunga" bearbeidde slikt fram til dei største usanningar. Ofte syntest det som slike usanningar vart rapporterte vidare til hovudstyret og tillagt vekt i deira vurderingar og konklusjonar.

Det er ikkje tvil om at i dette opprørte vatnet arbeidde Satan aktivt for å setja strid mellom åndelege brør, noko han så alt for ofte lukkast med. Mange som og gjekk ut av Misjonssambandet var lite klar over konsekvensene. Dei fekk uvenner blant sine aller kjæraste, ja stundom kunne dette og ramma ektefeller. Dette førte mange av misjonsvennene til eit valg som førte vedkomande inn i eit djupare lidelsessamfunn med Jesus. Andre gav opp etter ei stund og gjekk attende til Misjonssambandet der dei vart godt mottekne. Men dette vart ikkje alltid til fordel for den nye organisasjonen.

Det var no klart at dei som ynskte det, måtte få meir informasjon, og i desember 1963, sende styret ut eit nytt meldingsskriv som lydde slik:

Meldingsskriv nr. 2
Frå Sendetenesta Norsk Luthersk Lekmannsmisjon.

Sidan første meldingsskriv er det kome tre nye medarbeidarar som alle har sagt seg lause frå Misjonssambandet av same grunnar som dei fyrste, - nemleg:

Margrete Skumsnes, Stord. Gudmund Hjorthaug, Knapstad og Brynjar Fjell, Bangdalen pr. Spillum, i Namdalen.

Det er òg på ymse kantar av landet skipa foreiningar for denne sendetenesta.

(Etter at dette er stensilert er òg misjonær Jon Berg, Lunde i Telemark, komen til som arbeidar)

Det er no avgjort at sommarskulen 1964 vert på Randaberg ved Stavanger frå 22. til 26. juli, og i samband med den vert så årsmøtet.

Vidare arbeider ein med bibelkurs i påskehelga, truleg to, eit sør i landet og eit lenger nord. Dette vil verta kunngjort i avisene.

Tanken på å skaffa eit møtetelt, er teken opp. Om det finn gjenklang hos vennene, kan dei teikna seg på lister eller senda pengar til kasseraren. Elles vil komitéen anbefale bruk av misjonsbøsser, med regelfast tømning. Til ein får laga eigne, kan kvar kjøpa billige barne - sparebøsser.

Når det gjeld verksemd, så kan ein ikkje rekkja alle som ber om det med det same, Men ein skal sjølvstøtt prøva å dekke etter kvart som det høver. Ein kan som før venda seg til formannen eller ein av arbeidarane.

Til dette meldingsskrivet vert knytt ei orientering skriven av ein av arbeidarane - til dei som spør: Kvifor?

Ei orientering til vener som spør kvifor me har gått ut or Misjonssambandet:

Gjennom mange år har det innan Misjonssambandet som innan andre organisasjonar vore to syn på forkynninga. Desse to syna varierar sterkt hjå dei ymse grupper og einskildpersonar, men stort sett ligg skilnaden i synet på når og korleis ein syndar kjem igjennom til liv i Gud.

Det eine synet, som hev si rot i reformert forkynning, hevdar at når ein syndar av hjarta vil verta ein kristen og vedkjenner seg dette for Gud og menneske, so er han frelst frå den stunda. For "når syndaren vil, so vil Gud". Om han ikkje med same forstår so mykje av kva frelsa i Jesus er og betyr, og framleies strevar med å verta slik i seg sjølv at han kan få eiga Guds nåde i Jesus, so er han no likevel frelst, men ikkje retteleg frigjort.

Det andre synet hevdar at ingen vert frelst åleine ved å ville og ved å vedkjenna seg Kristus. Om ingen vert frelst utan å ville det, so vert heller ingen frelst ved å ville. Etter Guds ord og luthersk-roseniansk lære er omvendinga og gjenfødninga eit verk av den Heilage Ande (Joh. 3 og fl. st.). Dette gjenfødingsverket skjer først når syndaren har gått fallit med alt sitt strev for å tekkjast Gud. Der syndaren står redningslaust fortapt framfor Gud og ser at det beste han hev å visa fram - si eiga gudsfrykt - er smitta av synd og gjer han skuldig til Guds dom, der kjem ordet om Jesus til og lokkar hjarta til Jesus og hans verk. Og der hjarta fattar tillit til dette ord og dette verk, der er

gjenfødingsunderet skjedd - først der. Og der vil Heilaganden openberra Kristus for hjarta so syndaren kan segja med den blindfødde: "Eit veit at eg, eg som var blind, ser no". Der oppfyllest orda av Jesus om at den som ser og trur, har evig liv (Johs. 6.40 og Johs.3.14). So vert det då det avgjerande kjenneteiknet på ein gjenfødd syndar, ikkje at han vil og bekjenner seg, men at han har fått all si frelsestrøyst og von i Jesus stedfortredarverk åleine. Og dit kan syndaren berre førast ved forkynninga av Ordet om synd og nåde, lov og evangelium. For trua kjem ved forkynninga. Ved lova får syndaren ein tilstoppa munn (Rom. 3.19). og ved evangeliet vert Guds kraft til frelse førd inn til hjarta (Rom. 1.16).

Desse to syna har levd jamsides i Misjonsambandet, både i folket og i leiinga. Om det har vore litt bryting no og då, so var det vår von at bae desse syna framleides skulle vera og verka der. Men slik har det ikkje gått. Etter kvart har mykje av forkynninga vorte til ei flat apellforkynning: "du må, du skal om du vil vera ein kristen". Og det som enno var att av Ordet si forkynning, tyktest å ha misst si kraft. "Det bit ikkje" som Hope sa. Kanskje fordi denne forkynninga òg var uklar på det punktet me først nemnde. So stilna vekkinga av. I dei kristne veneflokkane gleid mange inn som ikkje var fødde av Gud. Og der ugjenfødde menneske vert godtekne som rette kristne, der får ikkje Heilaganden lenger bruka forsamlinga og forkynninga til vekking og nytt liv.

Difor har det kristne arbeidet i stort mun vorte eit arbeid med å samla pengar og med å byggja organisasjonane, i staden for eit arbeid for å vinna sjeler for Jesus og for Guds rike.

Her byrja Gud vekka nokon av oss for stoda innan kristenflokkane. Me vakna ved å lesa skriftene til Øivind Andersen, O. Valen-Sendestad, Rosenius og Luther, og ved og høyra og forkynna det evangelium desse forkynner. Gud gav oss nytt lys over evangeliet, eit lys som i røynda var det som dei gamle hadde. Og Gud vedkjende seg og levandegjorde denne budskapen på fleire kantar av landet, so namnekristne vakna opp til nytt frigjort liv i trua på Jesus. Og verda byrja og så smått å la seg frelsa. Men so kom motstanden og striden etter kvart.

Ein del som kjende domen i sitt hjarta ved denne forkynninga, forarga seg over ho og byrja senda klager til misjonsstyra over desse forkynnarane og dei som sto med dei i arbeidet. Klagar for dømmesjuka, klikkvesen, splittelse og mykje anna. Ein del kristne slutta seg til klagane fordi dei hadde eit anna syn på forkynninga, og trudde dette var noko fårleg. Desse klagane og rykta har etter kvart fått hovudstyret og til å tru at denne vekkingrørsla var noko gale, og til å motarbeide ho alt dei kan. Dei har kunngjort denne domen over oss at "einskilde forkynnarar har splitta veneflokkane fleire stader i landet". Og dette skal me ha gjort ved vår "måte å forkynna på, ved sin harde dom over andre forkynnarar, og ved å frådøma andre kristne livet." Dette er svære og alvorlege klager, og er dei sanne, må vel dette tyda at desse forkynnarane har late seg bruka som Satanreiskap. Og når hovudstyret- "gjennom fleire år har gjort kva dei har kunnet for å rettlele disse arbeidere" - og desse likevel har halde ved som før utan å erkjenne og venda om frå sine synder, då må dei vel etter hovudstyret sitt syn, mest vera å rekna som fråfalne. Når hovudstyret ser slik på denne verksemda, kan ein vel skjønna dei rådgerder dei har teke: - fleire av desse arbeidarane vart år etter år hindra frå å reisa dit veneflokkane bad om å få dei, og der dei sjølv trudde Gud hadde ei dør for dei, og dei

vart sette inn berre på visse ufårlege områder. Ein av desse arbeidarane vart sett på permisjon eit heilt år med full løn og med forbod mot å reisa i Misjonssambandet. Og so kom åtvaringa i "Utsyn" mot å ha noko med desse forkynnarane å gjera. Mindre konsekvent er det då at dei fleste av desse forkynnarane har vore brukt i misjonen heilt til nå, og at ein av dei, som har sagt opp tenesta si, fekk melding om at hovudstyret gjerne såg at han vilde halda fram i Misjonssambandet.

Når det gjeld denne domen over oss vil me gjerne ha sagt:

1) Med vår beste vilje kan me ikkje erkjenne oss skuldige her. Me erkjenner viljug at me nok kan ha feila både i ord og åtferd, og både mot medarbeidarar og medkristene. Slik vil det vera so lenge me er ufullkomne menneske her på synda si jord. Men at me her skal ha synda på ein annan måte enn den både medarbeidarar og hovudstyremedlemmer òg må kjenna seg skuldige i, det kan me ikkje sjå.

2) Hovudstyret har ikkje - endå me gong på gong har bedt om det - ført fram noko konkret døme og bevis som syner at det er me som er orsaka til dette som er kalla splittelse. Og før dette er gjort er denne domen berre ein laus påstand. Sjølv i oppseiing til ein arbeidar har ikkje hovudstyret ein sakleg grunn å setja på papiret, trass heile flaumen av rykter som som er sette ut om han.

3) Rett nok vil Misjonssambandet òg i dag gjerne ha luthersk-roseniansk forkynning. Men det som ovanfor er nemnt, viser at der denne forkynninga vert levandegjort til vekking og nytt liv, og innanfor dei vedkjennande kristenflokkane, - der vert denne forkynninga ikkje tåld. At våre leiarar i Misjonssambandet ikkje ser og erkjenner at her har Gud verka til frelse og fornying gjennom ufullkomne og dårlege reiskap, men at dei tvert om ser det som noko skadeleg, noko som dei ikkje ynskjer å få meir av og som dei difor må gjera alt for å hindra, det er det såraste og mest uskjønelege av alt i denne saka.

Etter dette kan grunnane, - kvifor me måtte gå ut, - samanfattast slik:

1) Det synet som hovudstyret og me har på orsaka til denne striden og på verksemda vår, er so heilt ulike at dei let seg ikkje sameine. Me kan ikkje med so ulike syn ha den tillit til kvarandre som må til for eit fruktbart samarbeid.

2) Me må gå ut fordi me innan Misjonssambandet ikkje lenger har full fridom til å forkjynna den bodskapen Gud gir oss gjennom evangeliet, endå den er i fullt samsvar med luthersk lære og vedkjenning. Og me må vera tru mot det Gud har vist oss i sitt ord, kva det so kostar.

3) Kallet frå Gud til å forkjynna evangeliet heime og ute står enno fast trass i all vår vesaldom. Difor er denne nye sendetenesta sett i verk, åleine for at me skal få høve til å vera tru mot det kallet. Me ser ingen annan veg til det, og trur at Gud har lagt dette ferdig for oss.

Om no nokon av dykk kjenner dykk heime under vår forkynning, og får vissa for at Gud visar dykk denne vegen, so er de velkomne hjå oss. Men om ikkje det, so stå berre med truskap i tenesta der de er. Me som går ut reknar ikkje med å få nokon lett veg. Her kjem me vel til å få same kår som dei som tok til med Misjonssambandet. Men

kvar me no enn må stå, so lat oss vera av dei som vert funne tru, og lat oss einast i bøn om at Gud enno ein gong må gjesta folket vårt med verkeleg sann vekking.

Med helsing Komiteen for Norsk Luthersk Lekmannsmisjon
Olav A. Dahl

Nye foreiningar vert skipa

Etter dette vart det ymse stader i landet skipa foreiningar som ville arbeida for denne nye misjonen. Det vart òg etter kvart mange forkynnarar som hadde sagt seg lause frå samarbeid i Misjonssambandet, utan at eg vil seia at alle hadde dei same grunnane. Desse byrja no reisa omkring i landet der det vart lagt til rette for det. Det viste seg likevel at det var vanskeleg å skaffe talarhjelp til alle som bad om dette.

Sommaren 1964 vart det sommarskule på Randaberg ved Stavanger, og der vart det fyrste årsmøtet halde. Her var det også mykje misjonsfolk som var møtt fram for å sjå og høyra, og me fekk eit godt samvær. Det kom òg fram tankar om å kjøpa inn eit stort møtetelt. Teltet vart seinare innkjøpt, men det har ikkje vore så mykje i bruk, då det viste seg at det ikkje var vanskar med å få leige møtelokale til sommarskulane. Folkehøgskulane stod tomme om somrane, og desse fekk me leige. Dessutan samlast dei ofte til møter i dei store høgtidene, der mykje av ungdomane vart med.

Det viste seg òg at etter kvart som tida gjekk so fekk me også leige bedehusa til møta våre, men folket utanom heldt seg unna, då åtvaringane mot oss var store. Folk visste ikkje kva dei skulle tru, etter alt som vart sagt ute mellom folket.

Øivind Andersen sitt syn på striden

Her tek eg med noko av Øivind Andersen sitt syn på striden. Det er frå ein skuletime på Fjellhaug skular, der Øivind Andersen har fått i oppdrag og orientera elevflokket om Norsk Luthersk Lekmannsmisjon (NLL). Kjelda til dette er ein kassett, frå mine eigne arkiv som skriv seg til slutten av 60-åra. Og her er mange sanningar som misjonsvennene av i dag kan ha nytte av å lesa. Kassetten lyder slik:

"Jeg skulle prøve svare på noen spørsmål. Det er ikke lett å gjøre alltid, for her er så mange spørsmål som er av den art at de unndrar seg vår tolkning, vår forståelse, så jeg på en måte skjønner det. Etter Guds ord er det ting og sider ved det som virker faste. Men jeg vil rent prinsipielt minne dere om et ord som er lett å huske. Det står hos profeten Jeremias og henvisningen består i tre tretall, kap, 33,3, - det skal gå an å huske. Det vil jeg gi dere som det har vært for meg selv, - et ord som jeg fikk av Herren i mine unge dager, og jeg har prøvd å praktisere det. Det har vært en usigelig velsignelse av det. Det skal du ta som et Herrens ord til deg: "Rop til meg og jeg vil svare deg, og jeg vil forkynne deg store og ufattelige ting, ting som du ikke kjenner." Dette er et veldigt løfte, og det løftet gjelder også i dag for den som vender seg til Herren og tar imot Ordet fra Ham. Og så vil jeg be deg om å huske på Ham i alt hva du ikke skjønner og ikke forstår. La det ligge der som uløste spørsmål hos deg. Det er ingen hindring i ditt gudsforhold. Selv om det føles så, er det ikke det. Du må aldri la

sjelefienden innbille deg det, eller gjennom andre mennesker. Det er ofte gjennom andre mennesker at det kommer uløste, uforståelige spørsmål, som en ikke er i stand til å svare på. Skulle det være en hindring i ditt gudsforhold? Det er det ikke og det skal Gud ha takk for. Akk, vil dere huske det, jeg har allerede fått en del av det likevel gjennom spørsmålsbesvarelsene, vil dere huske det ?

Det som jeg da først skulle svare på er for så vidt et reelt spørsmål fra Guds ord. Det er en vanskelig sak. - Det gjelder, det gjelder disse av våre venner som er gått ut av NLM, og har dannet en ny organisasjon som heter Norsk Luthersk Lekmannsmisjon (NLL), som egentlig ikke er en ny organisasjon, men en komité som er valgt og går ut på, at de som er gått ut av NLM skal komme ut og forkynne evangeliet. La meg da først få si det til alle, at de som er med i denne sendetenesten - som de også kaller det - de er ikke gått inn i dette som en protest imot NLM. Det kan jeg si helt sikkert, for nå har jeg snakket helt personlig - om disse ting - med hver enkelt av dem. Det er ikke disse forkynnerne som er gått ut. Det er misjonsfolket, dels på Østlandet, dels på Sørlandet, som er gått ut og vil ha det slik, og ville gjøre dette for å sende disse ut som har måtte slutte hos oss. Og grunnen til at de har gått med, er ganske enkelt den at Gud har gitt oss kallet til å forkynne. Det kallet kan ikke sviktes, og det forstår jeg. Et kall til tjeneste i Guds rike er alltid et kall fra Jesus Kristus. Plasseringen kommer i annen rekke. En mann om han er i NLM og går over i en annen kristen organisasjon som forkynner: Man kan ikke si at den mannen svikter sitt kall. Og jeg kan ta et annet eksempel som er mulig. Vi har hatt flere slike eksempler i årenes løp.

Det er kvinner som har vært på misjonsmarken. De har misjonskallet. De har vært ute en periode eller så. Men så er det blitt så for dem at de skal gifte seg med en troende mann og bygge et kristent hjem her i landet. Og jeg husker godt første gangen jeg sto overfor det, da var det mange som fordømte vedkommende som ville gifte seg, som sa at det var å svikte Herren. Men da fikk jeg klart et Guds ord for vedkommende, som viste at det var hennes plassering. Misjonskallet sto ved makt, men vedkommende skulle plasseres her hjemme, og bygge et misjonshjem. Det er nok mange år siden det, og det har vist seg å være riktig. Det har vist seg at det har blitt et sentrum for misjonen der det hjemmet er. En stor velsignelse for misjonen er det blitt. Et redskap til mange menneskers omvendelse er det også blitt. Man kan ikke si at en slik forandring av plass, at det er å svikte et kall.

Derfor mener jeg at det er helt feil å si at disse som nå reiser i dette NLLs arbeidet, at de gjør dette i en protest mot NLM. For det som disse ønsker er å forkynne Jesus, og de ønsker at sjeler skal bli frelst, og de opplever også at sjeler blir frelst, og de ønsker til å med at arbeidet skal komme NLM til gode. De ser gjerne at folk som er vunnet ved dem går inn i Misjonssambandet. Jeg har dette fra deres egen munn, og den skal man tro. Vi kan ikke si om dem at de lyver og at de bevisst fører oss bak lyset. Og når det gjelder deres forkynnelse, så vil jeg stort sett si at den er god. For de forkynner stedfortrederen meget klart. De forkynner også loven meget klart, i alle fall dette at mennesket blir syndet for Gud, får en tilstoppet munn og blir fratatt alle unnskyldninger for Gud og altså kommer derhen at de må ha Jesus. Og da vil jeg si at det er sjelden jeg hører et budskap klarere forkynt enn det. Og det er ikke svært lenge siden at jeg hørte en prest som sa om disse, at de forkynner noe som det er mangel på i vår tid, og Gud har særskilt bruk for dem, sa han.

Når det gjelder forkynnelsen videre så vil jeg si om en av dem, han er også sterk formaningsstaler så langt jeg kan skjønne. Det er Amund Lid. Jeg har nemlig hørt ham holde en tale, som jeg etter Guds ord vil karakterisere som en formaningsstale. Han var meget sterk i sin formaning. Det er en tale til de troende, og hva de skal avstå ifra, og hva de skal ta sikte på i sitt daglige liv. Jeg må si at det er sjelden at jeg hører en slik formaningsstale. Det er nå ganske mange år siden jeg hørte det, og lenge før at det var noe tale om at det skulle bli noe skille.

Når det gjelder de andre kan det nok sies at de kan være noe begrenset i sin forkynnelse, at man av og til kunne ønske området noe videre, men det tror jeg vil komme etter hvert. For den som er tro i mot det lyset han har fått, får mere lys i Guds ord. Jeg tror at de etter hvert ville vokse som forkynnere, og området ville komme til å utvide seg. Og jeg har i hvert fall ikke merket av det som jeg har hørt av dem eller kjenner til, at forkynnelsen....., og jeg har heller ikke i den tida jeg har sittet i hovedstyret, ikke en eneste gang, - ikke en eneste gang, - hørt dem anklaget for forkynnelsen.

Så er spørsmålet: hva er grunnen til at det er blitt eit skille? Og da må jeg si at det spør jeg meg selv om mange ganger. Grunnen er altså den at det er blitt en kløvning enkelte steder i menighetene østpå og sørpå, en kløvning som bare ikke er den som følger med et sant budskap. Der Guds ord blir forkynt, der blir det et åndelig skille. Det er noe som Gud setter, og noe som må være der. Og du vil se at en hver sann forkynnelse fører med seg åndelige brytninger, og det er et sunnhetstegn. Og jeg vil si at det er ikke noe som er mer farlig enn når alle sier at dette var en god preken og dermed er det sagt. Ikke noe som tar eller noe som river opp, ikke noe som går til samvittigheten. Dette er meget farlig.

Men det er ikke bare dét skillet som har vært, en kan ikke komme forbi det. Det har jeg selv sett med egne øyne at det er blitt parti, og det er noen av dem som er vunnet ved deres forkynnelse som har slått seg sammen i en flokk og vil ikke høre på andre. De går ikke på andres møter, og de feller hårde, dømmende ord, om den predikant som taler anderledes en deres predikant gjør.

Jeg blir nok godtatt av dem, skjønt jeg har fått noen hårde ord jeg òg, men det får nok så være, Det er likevel vondt da, synes jeg. En har godt av å prøve seg selv for Guds ansikt. Men dere skjønner det, at hvis en begynner å samle seg i en flokk, og velger ut bestemte forkynnere - den vil de høre på, andre vil de ikke høre på - da er det fare på ferde. Og med det har det fulgt noe som er verre, - de har sagt ganske klart og tydelig om andre kristne at de ikke er frelst, fordi de ikke har det på samme måte som de selv. Dette kaller Bibelen for dømmesyke, ganske enkelt. Det blir sagt av dem selv. De sier om seg selv at de har fått evne til å bedømme åndene. Men det må jeg si at med min erfaring i Guds ord, og med *min* erfaring, at de har svært liten erfaring i å prøve åndene, når sant skal sies. Her er vi inne på noe altså, som spørs, og har jeg spurt meg selv mange ganger, hva dette kan komme av?

Her er det noe som ikke er som det skulle være, og som jeg vil, - om jeg får nåde av Gud, ville se som en stor oppgave å få være med å rette på. Det må imidlertid tas frem på en positiv måte. Det kan ikke nytte at vi på vår side stiller oss dømmende for disse.

Det går ikke, og det har jeg sagt til hovedstyret. Og jeg kan godt si det som det er, - at jeg på mange måter er enig i hovedstyret sine vurderinger, men jeg er ikke alltid enig i erklæringene hovedstyret har gitt. Jeg er ikke alltid enig i den måten de tar det på. Disse negative instillingene skulle en kutte tvers av, for disse forkynnerne trenger også hjelp. Og spesielt i den senere tid, har jeg lagt merke til at de er ganske åpne og mottagelige for hjelp òg. Jeg tror at der er mange iblant dem selv som begynner å skjønne at dette bærer galt avsted. Og når det gjelder dette partivesenet så forstår dere litt av det som står i 1. Kor. som dere nettopp har gjennomgått her på skolen.

Der legger en merke til partiene i Korint, det det advares imot, - og det som en kan si at apostelen Paulus straffet så hardt blant korinterne. Det hadde sine grunner: Én sier jeg holder meg til Paulus, jeg holder meg til Apollos o.s.v. Og så kunne en spørre: Hva var grunnen til dette? Da kan du i alle fall ikke anklage forkynneren. Du kan vel i alle fall ikke si at det var noe galt med forkynnelsen til Kefas? Du kan vel ikke si at det var noe galt med forkynnelsen til Paulus? Og når du ser på Apollos. Vel, til å begynne med så rakk han ikke så langt, men så var det naturlig at Priskilla tok Apollos for seg for å sette ham nøyte inn i Herrens vei. Og like ens var det med Barnabas. Han rakk ikke så langt til å begynne med, men de ble gode medarbeidere de. De ble forkynnere, og det var ikke noe å si på deres forkynnelsen. Og med andre ord: partivesenet kom ikke av forkynnelsen. På samme måte ser vi det i dag. Nå har disse våre forkynnere; - de er altså da blitt anklaget for at de er årsak til denne splittelsen, dette partivesenet. Så svarer de det at "vi kan ikke skjønne selv, hva vi har sagt og gjort som skulle volde disse partiene."

Det var da vår administrasjon i NLM forlangte at de skal gå til erkjennelse av at de har gjort galt i dette at det er blitt partier. Så svarer de det, - for at de er nødt til å svare: "Hva har vi gjort galt?" Dette har ført til så stor spenning mellom disse forkynnerne og vår administrasjon at de måtte slutte hos oss, ja én er direkte sagt opp. Ja, det kan være for denne enes vedkommende, som ble sagt opp, at han har sagt mange ting som han ikke burde ha sagt, - det er så det. Jeg skulle ønske at han ikke hadde gjort det. Og jeg skulle ønske at han hadde hørt litt mere på oss.

Men vi har sagt til ham at han ikke skal stå på talerstolen og si til forsamlingen at her i bygden er det bare hyklere, her sitter bedehuset fullt av hyklere. Det må en ikke stå på en talerstol å si, altså. Det kan vel ha sin skyld i at han ble så trett og sliten. Han har disposisjoner i den retning, - å si sanne ting. Og en må ikke stå på talerstolen å si sanne ting at her er en fryktelig motstandsånd nå, for det kan slå tilbake, det kan virke uheldig. Men allikevel så er dette en veldig god forkynner. Ja jeg vil si at en må lete lenge etter maken, det må jeg si samtidig. Og selv han, så tror jeg at han i somme saker ville ha stått seg på å skjemmes.

Jeg må si dette at det avviker ikke når vi ser det i Guds ords lys. - så er det ikke riktig å tilskrive partivesenet til deres forkynnere, - det er ikke det. Selv om partier står på kjødets gjerninger og partier i denne sjanger er synd etter Guds ord, - det er klart det er. Vi ser i Gal. 5 der er det tale om kjødets gjerninger, her står det om hor og mord og denslags og det fins òg partier? Det er ikke tvil om at partier er synd, og det at man samler seg og holder sammen med alle som har samme mening som seg selv, og tar avstand fra alle andre som har en annen mening enn seg selv. Det er jo å dumpe opp i

fariseismen på en ny måte det. For det var nettopp noe av det karakteristiske ved fariseismen at de elsket alle som hadde den samme mening som en selv, men en kunne ikke tåle den som hadde en annen mening enn en selv hadde.

Jeg har tenkt adskillig på dette. Jeg var da bedt om å holde foredrag om dette på sekretærmøtet. Og da hadde jeg jo kommet til å nevne noen av disse ting som jeg nevner for dere: At man skal se dette i Guds ords lys. Og jeg har nemlig bedt hovedstyret om at svaret på dette må sees i Guds ords lys. Det er ikke forkynnelsen som er årsak til splittelsen, men det er det at mange som har samme mening, de lager en egen klikk og tar avstand fra dem som ikke har det samme lys i Guds ord som de selv har.

Der er man kommet til en forferdelig åndelig fare, vi må skjønne at det må vi ikke gjøre, og det vil jeg gjerne legge dere på hjertet som går her på Fjellhaug. Dette må dere alle være med på. Vi trenger å være sammen med alle kristne, og ut fra Guds ord har en ikke rett til å si om et menneske som bekjenner seg som en kristen at han ikke er en kristen, hvor det ikke er noe i vedkommendes liv som er åpenbart, - og der legger jeg vekt på det, - som lever i åpenbar motsetning til Guds ord, på et eller annet punkt, eller at vedkomende lærer i åpenbar strid med Guds ord. Hvis et menneske bekjenner seg som en kristen, og la oss si, nekter sannheten om det naturlige menneske, da må jeg protestere. Da har en noe konkret, det er en fornektelse av sannheten om det naturlige menneske.

Likevel, hvis et menneske bekjenner seg som en kristen og men formelt forneker Stedfortrederen, da må jeg protestere. Det er ikke etter Guds ord. Men det er mange idag som bekjenner seg som kristne, som har lite lys over sin egen synd ennå. De har ikke sett så mye av seg selv ennå. De har heller ikke sett så mye av den frelse som de tror på ennå. Vi kan ikke si om dem at de ikke er kristne. Det har en ikke lov til, - for de har den samme frelser som jeg har. Og du kan være viss på at den som er av sannheten, og så langt som han ser den, og som apostelen sier: "bare de, så langt de er kommet holder frem på samme spor", så kommer Herren til å åpenbare dem mer både av sannheten og dem selv, og av hvem Han er..

Altså på dødsleiet hos et menneske som har hatt lite lys om frelsen i Jesus, men det har likevel vært sannhet i deres forhold til Jesus. Her har jeg vært vitne til at de har gått frelst hjem til Gud, og tenk om det ikke var så? Og så langt en har fått lys over frelsen og ligger der og skal dø, - uklare og alt er borte, - de kan ikke be en bønn, - de kan kanskje ikke tenke en sammenhengende tanke engang. Tror du Jesus slipper en kristen da? Å nei da. Det gjør han så visst ikke. Da vil han ikke slippe deg. "Jeg vil ingenlunde forlate deg sier Herren. Jesus har advart veldig sterkt imot det at vi setter oss opp som dommere over andre menneskers gudsforhold, for det er bare Herren som kjenner hjertene.

Der er det altså noe som klikker når det gjelder disse som er gått ut fra oss, som jeg vil gjenta, at vi skal ikke av den grunn, - ja på vår side, stille oss negative og avvise dem. Tvert om det jeg skulle ønske, og som jeg for min del arbeider for, er at vi skulle finne hverandre igjen. For jeg tror vi trenger hverandre.

Og med det tror jeg at jeg har sagt det jeg kan si om dette spørsmål. Faktisk vet jeg ikke mer enn det jeg har sagt nå. Dette klikkvesenet, - det gjelder ikke alle steder hvor disse er. Det er mange steder det går svært godt også, det gjør det. Vi kan altså ikke vurdere dem som er gått ut på den måten at vi sier de har gått ut i protest mot oss i NLM, fordi de har gått ut. Det er vel heller som en sa til meg, at jeg tilhører her i NLM i tredje generasjon, og barna mine i fjerde generasjon, og gammel kjærlighet ruster ikke, sa han. Han var oppriktig glad i Misjonssambandet, og han har hatt misjonsforening for Misjonssambandet hjemme hos seg i sitt hus hele tiden, - også etterpå han måtte gå ut, fordi han ønsker i sitt hjerte å støtte dem. Og det kan ikke vi protestere imot. Jeg kan ikke skjønne hva som skulle være i veien for det, jeg heller.

Det er hva jeg i all enkelhet kan si om det spørsmålet. Jeg tror at dersom en kunne få nåde fra Gud til å ta dette positivt, og hvis vi kunne få nåde til å gjøre her som vi må gjøre ellers i livet: Vi må overse hverandres feil og tilgi hverandres feil. Hvis vi gjorde det nå så tenker jeg det kunne bli ganske godt igjen. Vi har gjort feil på begge sider, - det har vi! Vi trenger tilgivelse på begge sider. Det er ingen av oss som kan sette oss opp å si at "Vi hadde rett". Det gjaldt oss på den ene siden og dem på den andre siden. Vi trenger en nådig Frelser alle sammen. Og ser vi på dét, så tror jeg at det skulle være grunnlag for en forening." (Sitat slutt)

Korleis det gjekk med Øyvind Andersen veit me mindre om, for han vart teken vel vare på av HS så han ikkje fekk noko kontakt med oss i NLL. Men ein ting er eg viss om, og det er at Gud fekk bruka han i mange år, også på Fjellhaug der han framleis fekk sin arbeidsplass, - og ikkje minst for dei misjonselevane som fekk vera med å leida den blinde mannen opp og ned frå heimen til skulen om dagane. Og særleg gjennom "NOREA", der me i mange år fekk høyra hans klare forkynnelser. Ja, her ser me på nytt at Guds vegar ikkje alltid er våre vegar.

For meg var det interessant å sjå kva Øivind Andersen hadde kome fram til då han tok på seg å orientera elevflokket på Fjellhaug om kva som var årsaka til at desse forkynnarane hadde gått ut av Misjonssambandet og starta opp med Lekmansmisjonen (NLL). Øivind Andersen var nok ein av dei innan hovudleiinga som hadde best kjennskap til desse forkynnarane som no hadde måtta forlate Misjonssambandet. Mange av desse hadde Øivind Andersen fått kome til hjelp i deira åndelege vanskar, og ved Ordet fått ført dei fram til eit frigjort liv i Kristus. Noko som seinare førde til at dei sjølve fekk kallet frå Gud om å gå ut med Ordet.

I den første tida reiste desse unge saman med dei gamle forkynnarane i Kinamisjonen. Desse "gamle" var vel heller ikkje feilfrie i alle sine augo. Men her fekk dei unge forkynnarane sjå inn i den gamle gode forkynninga om synd og nåde, lov og evangelium. Og som me tidlegare har vore inne på, så var det delte meiningar blant folket og ein del av leiarane om verknaden av denne forkynninga. Det vart kalla einsidig og dømande forkynning, som delte venneflokkane. Ja, der var òg dei som meinte at sume forkynte evangeliet så fritt at det tok heilt ansvaret frå oss menneske. Det vart òg hevda av sume at desse forkynnarane forlangte at alle måtte verta frelste akkurat på same måte som dei sjølve, for å verta godkjende. Likevel og trass i slike anklagar, fekk desse forkynnarane

hjelpa mange fram til fred og gleda i sin Herre og Frelsar

Til dette "å verta godkjende" vil eg gjerne få minna om det ordet som står i Joh. 14,6. "Jesus svara: Eg er vegen og sanningi og livet. Ingen kjem til Faderen utan gjennom meg." Dette er eit svar som ingen sann kristen kan koma forbi. Me kan òg leggja merke til korleis Jesus talar til sine når han sende dei ut i tenesta. Dette finn me i Mat. 10,14-24. Der minna han læresveinane sine om at "læresveinen er ikkje yver meisteren, og tenaren er ikkje yver husbonden sin." Og dette er nok ord som ein Herrens tenar òg må rekna med i dag, og her har me fått røyndom for at Satan set alt inn på å øydeleggje og øyda den kjærleiken som sanninga har lagt inn mellom brør i Herren. Me har både tidt og ofte vore vitne til at personleg kjennskap og vennskap har gått framfor sanninga, og skapt mykje vondt mellom brør.

Den sokalla "klikkdannelsen" hadde nok si rot i det same. Den negative påverknad som Misjonssambandet sende ut gjennom sine organ, verka til at folk stod spørjande og kom i tillitskrise til begge sider, noko som førte til at me slutta å gå på møtene til kvarandre. Det var det nok dette som vart kalla for klikkdannelsar. Men korleis gjekk det? Jau, her hjå oss gjekk det slik at dei unge vart borte og Misjonssambandet fekk ikkje nye medarbeidarar i foreiningane sine. Derfor måtte desse eldre som sto att, koma til oss å be om hjelp til å leia og opna møta som dei skulle halda. Dette var ikkje noko problem for oss, og soleis kom me innatt på deira møter. Men dei heldt seg borte frå våre møter. Vidare vil eg overlata det til kvar enkelt å vurdera kva som er sant og ikkje sant i lyset av det eg tidlegare har teke fram. Eg vil i det vidare taka fram noko av det som seinare har gått ut til folket gjennom brev og aviser, uttalt frå begge sider.

**ANDRE
HOVUDEL**

**UTVIKLINGA
DEI
SEINARE ÅR**

UNGDOMANE VÅRE

Kor blei det so av dei unge? Som eg tidlegare har vore inne på, so danna dei unge sine egne samlingar, der songen og musikken har den største plassen. Men no visar det seg òg at organisasjonane har gått inn på den same lina for å halda på ungdomane. Dette har so ført til at den moderne songen og musikken har trengt inn i dei aller fleste organisasjonane, utan at dei vil erkjenna at dette er feil veg.

Dei gamle, gode songskattane som Lina Sandell, Brorson, Rosenius o.a. har gjeve oss, blir sjeldan og aldri brukte. Og det er heller ikkje ofte at me får høyra den gamle, gode vekkingsforkynninga som me hadde før, og dette er eit stort tap.

For meg ser det ut som den moderne songen og musikken er inngangsporten til det store fråfallet. I den siste tida har det ofte kome for meg det som Frelsesarmens grunnleggjar William Booth, svara ved fyrre hundraårsskifte på eitt spørsmål frå eit engelsk tidsskrift, - om kva han trudde kunne bli den største åndelege fåre i dette århundre? Han svarte: "Jeg tror at den største fare som truer det 20de århundre er en religion uten den Hellige Ånd, en kristendom uten Kristus, forlatelse uten sinnsforandring, frelse uten gjenfødelse, politikk uten Gud og himmel uten helvete." Når me no snart kan stå og sjå attende på dette århundre, så er her mykje som talar for at Wiliam Booth hadde rett.

Lat oss sjå litt nærare på kor det blei av dei unge? Jau, dei søkte inn til Indremisjonen og andre grupper der dei fann eit lettare og meir morosamt miljø. Særleg fekk song og meir moderne musikk ein stor plass, og i vårt lokale bygdeblad kunne me møta kunngjering om møter i slike annonsar som denne:

<p>Mirjam i Øystese Lovsong, vitnemål, drama og dans. Samling i bedehuset frå tyrsdag 16/1 til søndag 21/1. Laurdag. Lovsongskveld i kyrkja. Alle samlingane tek til kl. 19,30 Folk i alle aldrar er hjarteleg velkomne. Øystese Indremisjon.</p>

Her vil eg og tillata meg å taka med ein artikkel som stod å lesa i lokalavisa vår på desse tider, og så langt eg kjenner til så vakte dette ingen reaksjon i Indremisjonen sine krinsar, sjølv om dei både var dei fyrste og dei som gjekk hardast ut mot oss då då me fekk sjå oss frelste, og denne striden byrja.

Kanskje dette kunne vera med å vekkja deg truande bror og syster som bed om vekkelse mellom ungdomen i bygdane våre. Nedanforståande artikkelen er skriven ordrett, men billeta som er med å stadfester dette, er ikkje medtekne her. Artikkelen lyder slik:

Kristen lovsongsgruppe.

Mirjam - Ungdomar med visjon.

Glytter ein inn i Øystese bedehus desse dagane, kan ein sjå svartkledde dansarar, spretne klovnar, tårnhøge lyskastarar og ruvande høgtalarar. Ein høyrer lovsong til trommer, synth, piano og gitarar. Det er "Mirjam" som øver.

- Me har forventningar til desse dagane i Øystese. Vårt mål er at dei kristne får oppleva ny inspirasjon og glede, og at nye blir kristne. Det er Babben som fortel, ein av dei elleve ungdomane mellom 18 og 25 år som skal vera stasjonerte i Øystese i to veker. Dei er på eit års turne, utsende av to fameliar i Kristiansand; stiftelsen "Ananias".

Tverrkyrkjeleg gruppe.

- Me er ei tverrkyrkjeleg gruppe, seier Babben. Her er folk frå statskyrkja, frikyrkja, indremisjon og pinsevenner.

- Me samarbeider alltid med den lokale forsamlinga, på dei stadene me vitjar, og me legg opp konsertar i samarbeid med desse. Babben ramsar opp skular, militærleirar, fengslar og gater, - stader som "Mirjam" har vitja med song, dans, drama og vitnemål. I tillegg har dei møte i kyrkje og bedehus. Heile hausten har dei vore på farten. Guds verk.

- Over alt har me opplevd fornying mellom dei kristne, oppgjerd og tilgjeving, ny kontakt mellom unge og eldre, nye kristne og under, og eg trur at dette òg vil henda i Øystese.

- Men det er Guds verk, ikkje vårt, presiserer ho.

Liten omsetning, store verdiar.

Turnéen er finansiert berre på gåver. Kvart medlem har ordna seg med gåver frå venner på kr. 1000,- pr. månad. Av desse går kr. 200,- i løn kvar månad, resten går til gruppa. Bussen dei farer rundt i har Ananias-familien. Anlegget derimot er gruppa sitt.

- Det kostar ca. 200.000,- kroner til sammen, så det er store verdiar me dreg på, smiler Babben. Instrumentene eig me privat, og anlegget er nesten nedbetalt. Det vil me gje til "Ananias" når me er ferdige, slik at dei kan senda ut nye team.

Negative blir positive:

Skepsis og negative handlingar er ikkje ukjent for gruppa. Spesielt dans er ukjent i mange kristne samanhengar.

- Men me tek hensyn til publikum, seier Babben.

- Og når dei først har sett oss i aksjon, er det berre positive reaksjonar. Me brukar det me har fått av talent og utrustning, og me ynskjer og bed om å få æra Gud med det, fortel ei ivrig Babben, og kan nemna mange døme på folk som har fått ei heilt ny

oppleving av kva det er å vera ein kristen etter å ha møtt Mirjam.

Vil nå alle:

Hovudmålgruppa til Mirjam er ungdom. Derfor går heile første veka med til vitjing og konsertar på skulane. Sundagen er borna sin dag, med familiesamling. Neste veka blir ein samling i bedehuset kvar kveld frå tirsdag, og ho forsikrar at det er for alle, både unge og eldre.

Namnet - kva Mirjam-namnet kjem frå? Babben smiler. Mirjam var syster til Moses. Då Israelsfolket var komne velberga over Raudehavet, var Mirjam så glad at ho fann seg ei tromme og tok til å dansa og lovsyngja Herren. Snart song heile Israelsfolket med... Den parallellen er grei å skyna.

Ja, dette var ein utruleg optimistisk tone, og det var vel ikkje tvil om at dette samla ungdomane våre. Men, dei blir borte frå dei vanlege møta i bedehusa.

Kyrkja og ungdomane.

Den moderne kristendom legg stor vekt på underhaldning. Som eksempel på dette tek eg fram eit par døme frå våre eigne bygdar. Der var det lenge ein tradisjon å gjeva ut eit julehefte, der gamalt og nytt frå bygdane fekk plass. Her hadde kyrkja òg sin plass, og her tillet eg meg å referera ein artikkel som lydde slik:

Dans i bedehuset.

Biskop Norderval var ein fargerik person. Han fortel at han ein gong dansa med kona på kjøkkenet. Dette var det eit av sokneborna som såg. Han fortalde bispen kva han hadde sett og kva han meinte om dans. Da er det bispen svara omlag slik: - Du skulle sett kva vi gjorde på kjøkkenet etter at vi drog gardinene for!

Dans har vore ei varm potet i mange krinsar. Det er sagt og skrive dei mest utenkjelege ting om dette fenomenet. Om ein skulle ha lyst å svinga seg aldri så lite, var ikkje det så enkelt alltid. Ein kunne risikera å bli dømt for å vera ukristeleg, fara med usømeleg åtferd, vera ein dårleg kristen osv..Sjølv har eg aldri lært den edle kunsten og har sakna det ved fleire høve. Kanske det er tid enno, for Trygve Bratteli tok dansekurs då han var 50 år.

Kva er det som gjer den sterke fordøminga av dans i kristne krinsar? Det er vel fordi ein ser på alt som dette fører med seg i negativ retning. I dansekulturen fylgjer mang ein gong drikkepress og fyll. Dette fører med seg natterangling så ein ikkje kjem seg opp for å gå til kyrkje sundags morgon.

Unge som er usikre på seg sjølv, vert dregne inn i ein kultur som dei ikkje meistarar og kan lett stiva seg opp med forskjellige rusmidlar. Det er sikkert mykje anna også å tilføra den negative kontoen. Eg trur at eg kan forstå litt av den negative holdninga som mange kan ha til dans.

Men kva med dei positive sidene? For det må det også vera. For meg ser det veldig kjekt ut. Det er livsglede og eit humør som strålar fram hjå folk når dei svingar seg

omkring. Spesielt synest eg trekkspel-musikken er med på å gjera meg glad. Det må dessutan vera ein svært god form for mosjon slik som dansarane hoppar og sprett omkring på golvet i ein feiande polka eller reinlender.

Dans i bedehuset; hadde det vore ynskjeleg? På mange måtar ja, - dersom vi verkeleg vil nå ungdomen og også setja preg på det miljøet som der er omkring dansen. I eit kristent miljø kunne vi få bort alt som har med alkohol å gjera. Vi kunne skapa tryggleik og vi kunne gi opplæring til alle dei som var usikre på fenomenet. Vi kunne spesielt læra dei yngre gruppene korleis dei omgås med det andre kjønn. Kanske kunne vi òg få fram at dans i seg sjølv ikkje er synd; det syndige kjem inn ved gjerningane vi eventuelt utfører i tilknytning til dansen. Kanske kunne vi få fram litt meir livsglede og humør frå alle stive kvemmingar. Dei som dansar på kjøkkenet med nedtrekte gardiner fordi dei er redde for kva folk måtte meine og seie, hadde vorte kvitt eit problem.

Eg trur det vil gå med dansen som med trekkspel og fela: Dei var begge syndige instrument i gamal tid. I dag har dei fått sin plass i både kyrkje og bedehus. Med tida trur eg at vi vil koma til å sjå:

Fredag kl. 20:
Dans i bedehuset.
Sal av brus.
Andakt ved res. kap.
Velkomen!

Her visar det seg klart at underhaldninga held på og taka plassan for det alvår som me er stilte overfor i Guds ord og som skulle prega Guds rikes arbeid mellom oss. Som eit prov for dette tek eg her med ei innbyding, som eg fekk for nokre år sidan til presentasjons-gudstenesta for konfirmant-førebuinga. Ho var utsend til fadrar og foreldre, og lydde slik:

Kjære konfirmantforeldre/foresette.

Kyrkja ho er eit muntert hus er det ein som har sagt. Om ho er like munter som tekeningane viser, får vi avgjera kvar for oss. Men søndag 29. sept. kl. 11 er det konfirmantpresentasjon i Norheimsund kyrkje. Då ynskjer eg konfirmantforeldre/foresette spesielt velkomne til kyrkje. Det vil då vera naturleg at fadrane til konfirmanten, dersom dei bur i Kvam, kjem til kyrkje den dagen. Om det ikkje blir like muntert som på bildet, så lovar eg klokkeklang, orgelmusikk og salmesong.

Etter gudstenesta ber eg konfirmantforeldre/foresatte venta igjen. Vi vil ha kyrjekaffi saman, bli litt betre kjent med kvarandre og eg vil orientera litt om konfirmasjonstida. Kanske har de òg noko å spørja om?

Eg vonar denne invitasjonen gjer dykk like glade som dei på sida her. Søndagsmorgon må vi stemma i : Så gjør vi så når til kyrkja vi går.....

Velkomne til kyrkje søndag 29. kl. 11.

Helsing presten.

Etter som det går fram i brevet ovanfor så var der òg teke med nokre muntre teiningar av kyrkja og eit dansande ektepar på vegen dit.

Under sjølve konfirmasjonen, vart det opplagt til endå større humør. Presten opna då talen sin med å lesa ordet frå Fil. 4.4: "Gled dykk i Herren alltid! atter vil eg seia det: Gled dykk!" Så kledde han seg ut med ei komisk maske, raud nase, store briller, langt hår og skjegg. Deretter fortsette presten å tala litt om det å vera glad, og etter han hadde lete maska falla, tok han fram eit stort musikkhorn og snakka litt om dei gledene han hadd hatt i den tida han fekk vera med i musikken.

Den gleda som teksta handla om vart lite nemnd, og etter at konfirmantane var ferdige med høyringa framfor alteret, vende presten seg mot kyrkjelyden og sa at han synest konfirmantane hadde vore so flinke at dei var verdt "ein reinhårig klapp", og kyrkelyen følgde opp med stor munterheit.

Det er heller ikkje så lenge sidan eg var innom eit storstemne i Indremisjonen. Det var ei fullsett kyrkje, over 800 menneske, og ein stor del av desse var ungdomar og folk i sin beste alder. Midt på kyrkjegolvet sto oppstilt eit stort anlegg som gav frå seg høglytt musikk, med tunge drønn som forplanta seg i heile kyrkja.

Til opning av gudstenesta stilte der opp eit stort ungdomskor, av heilt unge. Men sangen deira vart heilt overdøvd av musikken. Me høyrde ikkje eit ord av sangen. Då sangarane skulle tilbake til sitjeplassane, braka det laust med ein veldig applaus. Leiaren bad då om at klapping på denne måten burde dei lata vera her i kyrkja. Etter dette stilte det opp eit mykje større sangkor, av vaksne ungdomar. Desse lova Gud med høge tonar og taktfast musikk, og nede i dei nederste benkeradene i kyrkja kunne ein sjå at ungdomane, arm i arm, gynga att og fram på benkene, i takt med musikken.

Etter bortimot ein time fekk talaran ordet. Han nytta fyrst høvet til å takka all den staute ungdomen dei fekk ha med seg i arbeidet, og sa kor lovande framtida såg ut for misjonsarbeidet. Deretter las han teksta og heldt ei godt opplagd tale, som etter mi meining ikkje uroa eit menneske. Og der var sikkert mange med meg som spurde seg sjølv: "Kva hadde me att av dette?"

Det kan vera på sin plass å sitera kva den kjende åndshovdingen Carl Fr. Wisløff seier: "Når så mye forkynnelse i dag er uvesentlig - så kommer det av at her forkynnes en lov uten brodd og et evangelium uten Jesu blod."

MISSION '87

Ettertida har kome til å visa at dei også innan ledelsen av Misjonssambandet har lagt om til ei lettare linje for å halda på ungdommen. Dette går klart fram av det som kom fram i avisene etter den store samlinga "Mission '87" i Utrecht i Nederland om korleis den enkelte stilte seg til det som hende der nede.

Debatten gjekk i dagsavisene "Dagen" og "Vårt Land", og enda til slutt opp i ei meiningsytring mellom Misjonssambandet og Håvar Fjære. Desse artiklane presenterte seg sjølve etter som dei kom i avisene, og vert her refererte i rett rekkefylgje:

Dagen 30. desember 1986:

MISSION '87.

Av Jan Eikeland.

(Dagen, Utrecht.) Søndag kveld samlet de 10 000 deltakerne på Mission '87 seg til bønn for Europa. Tema for kvelden var "Vest Europa - håp for eit kontinent i nød?", og etter møtet ble det bedt om at Gud igjen måtte velsigne Europa.

Tema var satt opp som en paneldebatt hvor flere av talerene deltok. Kalevy Lehtynen sa at Europa ikke lenger var et kristent kontinent.

Vi er mange mennesker som er tilknyttet kirken, men Europa er nå blitt et avkristnet kontinent, og vi må betrakte vår egen del av verden som en misjonsmark. Den vanlige europeer har ikke engang fått mulighet til å si nei til Jesus, han har aldri vært nær nok til å si verken nei eller ja fordi han aldri har fått evangeliet forkynt. Det er vår oppgave å bringe Guds ord ut til dem, sa han. Kalevy Lehtynen er leder for organisasjonen "Campus Crusade For Christ" som holder til i Vest Tyskland.

Guds perspektiv

Floyd McClung, leder av Ungdom i Oppdrag i Europa, mente at kristne burde forsøke å se Europa fra Guds perspektiv. Gjør vi det, ser vi et kontinent som fikk overlevert en fantastisk arv for 2 000 år siden, men som nå befinner seg i en moralsk åndelig katterpine. Kirkene er tomme, ungdommene desillusjonerte, folk er på leting, de befinner seg i et åndelig vakuum, og mange nyreligiøse er på frammarsj. Vi er fanget i velferdsstatens armer fordi vi har fått overlevert alt, men ikke er lært til å bære ansvar for våre egne beslutninger. Foreldrene våre har tatt beslutninger som bestemmer vår fremtid, og vi føler at vi har mistet kontrollen over våre egne liv. Dette har skapt mye fiendtlighet og bitterhet ovenfor de "etablerte", og har lagt grobunn for terrorister som Røde Armé Fraksjonen i Italia og Bader Meinhof i Vest Tyskland. Finnes det så ikke håp? ble han spurt

Håp for Europa

- Det er håp for Europa selvfølgelig, og vi kan se det over alt. Tenk på Finland for eksempel, som har samlet 80 000 til kristne festivaler. Se på alle bibelskolene som har vokst frem, kristne organisasjoner som gjør masse arbeid, ungdom som ønsker å vie sitt liv til misjonen. Det er i ferd med å skje nå òg. Unge ønsker å bli utfordret på den kristne tro. Hver eneste en av oss har muligheten til å drømme drømmer, vi har

muligheten til å håpe og tro på noe. Hvis vi legger vårt liv i Guds hender, vil han forandre alt. Det hendte for 2000 år siden og det kan hende i dag. Europa er ikke et etterkristent kontinent men et førkristent. Gud har en plan med Europa, og han er klar til å ryste dette kontinentet i sine grunnvoller sa Floyd McClung.

På debatten deltok også to representanter fra Syd-Europa, Juan Gilu fra Spania og "bibelsmugler" Costas Macris fra Hellas som i sommer slapp ut av fengslet. I Syd Europa er bare en liten del av befolkningen evangeliske kristne, og de understreket begge at muligheten for evangelisering og forkynnelse i deres hjemland er store.

Same dagen (30. desember) les me vidare i Dagen, frå Utrecht:

KRITIKK AV POPMUSIKKEN

Av Jan Eikeland.

(Dagen Utrecht): Professor Peter Beyerhaus, en av hovedtalerne på Mission '87, kritiserer deler av musikken som brukes på konferansen. Han mener at den ødelegger den positive stemningen som er skapt av forkynnelsen.

- Det er skuffende å registrere at en slik type musikk blir tatt i bruk. Spesielt etter åpningsmøtet opplevde jeg at flere av sangene prøvde å bygge opp en følelsesmessig ekstase som ikke har sin rot i Den Hellige Ånd, og flere av deltakerne har også kommet bort til meg og sagt at de har reagert på samme måte, sier han til Dagen. Beyerhaus, som er professor ved det teologiske fakultet i Tübingen, får ikke støtte for sin kritikk av generalsekretær Egil Grandhagen i Misjonssambandet.

Jeg er oppmerksom på at Beyerhaus reagerer sterkt på deler av popmusikken, men når det gjelder det rent musikalske er jeg ikke villig til å dele denne kritikken. Derimot synest jeg mange av tekstene på konferansen er ensidige og lite fylt av bibelsk innhold. Den kristne sangen er inne i en krise og det viser også Mission '87, sier Egil Grandhagen

Det er mange kjente popartister som deltar på Mission '87. Adrian Snell, Lars Mølid og Peter Sandwall, Karen Lafferty, VISA og Geoffrey Stevenson. De har både egne konserter og opptre under bibeltimer og møter. Peter Beyerhaus ønsker ikke å konkritisere hvilke artister han tenker på, og sier at han vil ta saken opp med ledelsen i TEMA på et evalueringsmøte.

Mener du at all popmusikk er nedbrytende ? - Jeg ønsker ikke å fordømme popmusikk generelt og mener at det er viktig å skille mellom hva som er godt og dårlig. Peter Beyerhaus sier videre at han personlig liker svært lite innen popmusikken.

- Mange mener at jeg kritiserer popmusikk bare fordi jeg tilhører en annen generasjon, jeg tror ikke at dette er årsaken. En av studentene mine skriver på en doktorgrad, og han har funnet ut at popmusikken stammer fra hinduisme og afrikanske stammereligioner. Kristne er ikke alltid klar over denne faren, og blir derfor åndelig

svake fordi de ikke kjenner årsaken, sier professor Peter Beyerhaus.

Beyerhaus har i sine taler fokusert mye på den åndelige kamp den kristne befinner seg i. - Hele verdenshistorien fra skapelsen til siste dag kan beskrives som et stort drama. Dette drama har sin katastrofe i begynnelsen med Adams fall, i midten sendte Gud sin sønn Jesus til jorden og snur hele billedet, og på den siste dag skal Jesus stå frem igjen og vise seg i all sin herlighet. Evangelisering er den måten de troende blir involvert på i dette drama, sa han på et seminar som tok opp dette temaet åndelig krigføring, semenaret har vært et av de mest besøkte.

Dagen 15/1-87:

SANGEN OG MUSIKKEN PÅ MISSION '87.

Av Egil Grandhagen.

Først av alt en takk til Dagen for fyldige referater fra det viktige misjonsmøtet Mission '87 i Nederland i nyttårshelgen. Dette møtet kommer til å få betydelige ringvirkninger for europeisk misjon, og norske lesere bør være kjent med innholdet i slik konferanse.

I denne forbindelse er jeg gjort oppmerksom på en uttalelse av undertegnede om sangen og musikken på Mission '87 som sto i Dagen i forbindelse med en reportasje fra konferansen. Uttalelsen kunne gi inntrykk av at der var en motsetning mellom Beyerhaus og meg i vurderingen av sangen og musikken under Mission '87.

Selve Mangelrød-saken starter nyttårshelga 1991/92. Hans kone og en lang rekke av hans venner er med i Norsk Luthersk Lekmannsmisjon. I denne forbindelse ble han spurt om han på sin fritid kunne holde en bibeltime på et møte i denne kristne organisasjonen på Tau i Rogaland nyttårshelga.

Generalsekretær Egil Grandhagen i Norsk Luthersk Misjonssamband ble i ettertid orientert om dette av misjonsvenner i Rogaland. Han tok videre kontakt med Misjonssambandets kretsstyre i Namdal krets.

På kretsstyremøtet 22. mars 1992 ble kretsstyret orientert om hva som hadde skjedd. Det ble der bestemt at formann, nestformann og kretssekretær skulle ta kontakt med Tore Mangelrød. Dette møtet ble holdt i april 1992.

Hjemmesekretær Jan Gaute Sirevåg deltok på et kretsstyremøte 25. oktober. Her oppfordret han styret til å gi Mangelrød følgende råd: "Å være loyale mot NLM's syn om ikke å delta som taler i NLL." 14. november fattet kretsstyret vedtak i tråd med dette rådet.

FLERTALL ANDRE VEIEN

På kretsstyremøtet 9. september 1992 ble det en kraftig styrkeprøve mellom tilhengere og motstandere av Mangelrød. Både generalsekretær Grandhagen og hjemmesekretær Sirevåg deltok. Her snudde kretsstyret, for dette fikk ny sammensetning, etter

kretsårsmøtevalgene. Med 5 mot 2 stemmer gikk de imot sitt eget hovedstyre. Vedtaket var følgende: "Kretsstyret opprettholder kallet til Tore Mangelrød om å virke som deltidsarbeider i Namdal krets uten henstilling om ikke å delta som forkynner i NLL." Dermed kom blant annet kretssekretær Arvid Lodden i en meget ubehagelig situasjon. Skulle han gjennom denne saken adlyde sitt hovedstyre og gå imot sitt kretsstyre? Eller skulle han adlyde sitt kretsstyre og gå imot sitt hovedstyre?

STØTTE ELLER UTKVISING?

Men dette var langt i fra all dramatik som fant sted 9. september 1992. Generalsekretæren og hjemmeseekretæren kom med et utspill fordi de ville beholde forkynneren, men som andre like sterkt hevder er et utskvisingsopplegg for å bli kvitt ham.

Protokollutskriften forteller at utspillet var følgende: "Da foreslo Grandhagen og Sirevåg at hovedstyret på kretsstyrets anmodning skulle kalle Tore Mangelrød som helårsarbeider med 6 måneders virketid i Namdal krets."

Selv tolker de to forslaget som et positivt forslag for å beholde Mangelrød. Tilhengere av hovedstyret viste til at en person som arbeider i en organisasjon, og som ikke er loyal mot denne, bør være takknemlig for et slikt fint tilbud.

KRITIKK ER SKUDD OVER MÅLET

Men tilhengere av denne forkynneren opplyste, blant annet til Dagen under årets kretsmøte, at forslaget var skreddersydd for å skvise ut Mangelrød. Det vises til at opplegget er skreddersydd for at arbeidsgiveransvaret skal overdras til "et hovedstyre som er imot ham - fra et kretsstyre som støtter ham". Det hevdes at dette opplegget fullstendig ville sette kretsstyret til side som forsvarer for forkynneren.

Videre hevdes det at ledelsen i Misjonssambandet kjente til at han ikke ville ha mer en en halv forkynnerstilling fordi han ville ha den andre halvdel av stillingen i form av kroppsarbeid. Dermed kunne ledelsen fortsette "utfrysingsprosessen", og toe sine hender etter at han hadde sluttet, med å si at de hadde jo tilbydd ham full stilling.

Dette var hovedtankene i en rekke spørsmål og kommentarer som ble reist - både i møtesalen under debatten og direkte til Dagen i pausene.

Sirevåg slo fast at bakgrunnen for dette utspillet var at man hadde et oppriktig ønske om å beholde Mangelrød som forkynner. Mindretallet på 2 av de 7 i styret bekreftet også det samme for sitt vedkommende. Det var ikke noe ønske om å fjerne denne forkynneren. Derimot bekreftet Sirevåg at ledelsen i Misjonssambandet kjente til at forkynneren ikke ønsket større forkynnerstilling før tilbudet ble satt frem.

ENVEGSKJØRING

Selve årsmøtedebatten ble så godt som en envegskjøring mot Misjonssam-bandets hovedledelse og til støtte for forkynneren. Hjemmeseekretær Sirevåg måtte tåle mange innlegg med hard kritikk mot hovedstyret.

Det var bare en av de 12-15 talerne som rettet skytset mot forkynneren. Det var en eldre mann som som gikk hardt ut mot forkynneren. Han viste til at når man er ansatt i en organisasjon, må man følge de bestemmelser som organisasjonen har. Ellers får en

velge seg en annen organisasjon å arbeide i. Han gav det sittende kretsstyret kritikk så ørene flagret fordi det støttet forkynneren. - Jeg er såret over kretsstyrets vedtak, sa han.

TILGI HVERANDRE.

Heller ikke den andre veien ble det spart på kruttet. Forsjellen var bare at det var svært mange talere som angrep organisasjonens hovedstyre.

En eldre mann viste til at han hadde opplevd den harde personstriden som oppsto i forbindelse at en del medlemmer for 30 år siden brøt ut av Misjonssambandet og dannet Norsk Luthersk Lekmannsmisjon. Han sa at denne striden ikke gikk på teologi, men på det personlige plan. - I denne personstriden for 30 år siden ble det gjort mye galt av de som brøt ut, men det ble også gjort mye galt av oss. Kanskje er det vi som bør ta initiativet og be de som vi kjempet mot for 30 år siden om tilgivelse, sa han.

Han viste videre til Jesus, at "den som er rein får kasta den første stein".- Kanskje bør de som ennå står med en stein i handa etter det som skjedde for 30 år siden, legge den fra seg, sa den eldre mannen.

UNGDOMMER KRITISKE

En rekke ungdommer gikk sterkt ut til fordel for forkynneren. Noen fortalte fra talerstolen at de ikke viste at det var noe som het Norsk Luthersk Lekmannsmisjon før denne saken dukket opp. De etterlyste konkret hva som var galt med denne organisasjonen - og om det var noe galt med forkynnelsen eller det bare var en strid for 30 år siden som ikke var glemt. - Når ungdommer spør meg hvorfor Tore ikke reiser, og hva som er galt med Lekmannsmisjonen, kan jeg ikke svare ungdommene. Kan dere ikke bruke Tore, så kan dere heller ikke bruke meg, sa en ungdomsarbeider i kretsen.

En annen sa det slik: Hvordan kan det henge sammen at det er helt i orden for forkynnere i Misjonssambandet å preke i for eksempel Frikirken og hos pinsevennene der det er læremessige avvik, men ikke hos Lekmannsmisjonen som har den samme læren som vi?

Det var bare noe av det skytset som hjemmeseekretæren ble bombardert med før og etter hans hovedinnlegg i denne saken.

UENIGE I UTGANGSPUNKTET

Sirevåg la ikke skjul på at angrepene fra salen var både harde og smertefulle. Han kunne ikke være enig i det utgangspunkt som debatten hadde fått. - Dette er ikke en sak for eller mot Tore Mangelrød, men et spørsmål om hvilken holdning Misjonssambandet skal ha til Lekmannsmisjonen, og hva dette vil medføre for arbeidet i Misjonssambandet, sa Sirevåg.

Han viste til at da Lekmannsmisjonen brøt ut av Misjonssambandet for 30 år siden gikk argumentene på at man innen Misjonssambandet ikke hadde full frihit til å forkynne evangeliet.

- Når en organisasjon er dannet på dette grunnlag, at det ikke er grunnlag for å

forkynne evangeliet, forstår alle her at det er noe som er gått i stykker i det åndelige fellesskap.

- Jeg ønsker ikke å fortelle hva som er galt med andre, sa Sirevåg, og føyde rakst til at det er viktig å verne Misjonssambandet mot oppsplitting og oppsmuldring som følge av kontakt med Lekmannsmisjonen. Derfor har Misjonssambandet bestemmelser som sier at det ikke skal være organisert samarbeid med Lekmannsmisjonen, og at forkynnere i Misjonssambandet ikke skal forkynne i Lekmannsmisjonen.

Dagen den 10. august - 93:

KRETSMØTET I NAMDAL - NOK EN GANG.

Av Ragnar Trefjord og Reidulf Tværåli, Namdal.

Oppmerksomheten omkring årets kretsmøte i Namdal gjelder først og fremst saken om forkynneren Tore Mangelrød, Den fikk stor plass i Dagen 17.6. og i senere innlegg, blant annet av Jan Bakeng og Arvid Lodden 24.6 og Bjarne Mørk 29.6. Det var vel bare rimelig, ettersom det var knyttet stor spenning til nettopp denne saken, både før og etter årsmøtet.

Det er riktig, som det ble påpekt, at Dagens repotasje inneholder en del unøyaktigheter. Videre skulle ikke formuleringen "tilhenger og motstander av Mangelrød" vært brukt. Men dette må stå for journalistens egen regning. Også vi opplevde at debatten foregikk i en god tone. Og da bør en vel og tåle "frisk bris". Det er viktig at årsmøtet drøfter saker misjonsfolket er opptatt av. Derfor er vi skuffet over liten tid i saken - og såre over utfallet av den. Hvorfor har vi engasjert oss så sterkt i denne saken, - og til og med gjort vedtak på tvers av hovedledelsens råd? Blant annet fordi vi ser det slik at NLM's ledelse med sin linje her risikerer å komme i strid med både Skrift, bekjennelse og alminnelege demokratiske rettigheter.

Vi er slett ikke blinde for det som skjedde i 60-åra, og heller ikke for det anstrengte forhold mellom Misjonssambandet og Lekmannsmisjonen i dag. men vi mener at det nå er på tide at det normaliseres. NLL fremstår i dag som en etablert organisasjon med egen bibelskole. Og de bygger på samme bekjennelsegrunnlag som NLM.

Tore Mangelrød var månedsarbeider i Namdal krets fra -85. Det var på ingen måte noe å utsette på hans liv og lære. Tvert imot har han en nådegave og en forkynnelse vi satte stor pris på. Han hadde god inngang i kretsen, ikke minst blant de unge. Så ble han forlovet og senere gift med Jane, som var vokst opp i Lekmannsmisjonen. Tores "forbrytelse" var at han i sin fritid, etter forespørsel, talte offentlig på møte i NLL. Den friheten ville ikke NLM's ledelse gi ham. Det brøt blant annet med en 30-årig tradisjon i forhold til NLL.

Men hvem er vi, at vi har myndighet til å begrense misjonsbefalingen? Og hvem er folk i NLL, at Guds Ord ikke skal forkynnes for dem? Heller ikke kan vi være med på

å bestemme over en arbeiders fritid på en slik måte. Vi lever tross alt i et demokratisk samfunn.

Det press Tore Mangelrød og hans kone har vært utsatt for de siste åra, er etter vår mening umenneskelig. Vi anser det som slett personalbehandling. Det ble da også uholdbart å leve med, - og han fant til sist å måtte si opp sin stilling. Vi fårstod det godt. Men det hadde vi slett ikke råd til. Kretsen lider sterkt under det.

Generalsekretæren og heimesekretærens "råd" opplevde vi som et ubehagelig press for å få kretsstyrets flertall til å forandre mening. Den 9/9-92 gjorde kretsstyret, med 5 mot 2 stemmer, følgende vedtak: "Kretsstyret opprettholder kallet til Tore Mangelrød om å virke som deltidsarbeider i Namdal krets uten henstilling om ikke å delta som forkynner i NLL."

Når kretssekretæren ikke fant å kunne administrere dette vedtaket, og hovedadministrasjonen, til tross for vårt vedtak, i senere brev til Tore presiserte at de forventet loyalitet mot sin vilje, opplevde vi dette som en overkjøring av et klart flertall i kretsstyret. Vi kjente oss rett og slett handlingslammet. Kretsstyret var i praksis satt ut av funksjon. Situasjonen for oss ble derfor uholdbar.

Slik vi ser det, handler denne saken altså både om en arbeiders frihet til å forkynne Guds Ord i sin fritid, om NLM's forhold til NLL, og om forholdet mellom hovedledelsens, kretssekretærens og kretsstyrets funksjon.(Sitatslutt)

ETTERTANKAR

Det er underleg å sjå attende på brytningstidene i åndslivet gjennom dei siste 40-50 åra som me her har vore inne på og som no ligg bak oss. Som barn møtte me alle Guds ord i skulen, der kristendommen alltid fekk den første skuletimen, ja sume dagar hadde me 2 timar kristendom. I tillegg til dette fekk me mykje heimearbeid, der me måtte læra både salmevers og katekisma utanboks. Alt dette verka til at me møtte med vakte sinn, då me sto som konfirmantar, og fekk ei god ballast med oss ut i livet.

Men som eg tidlegare har vore inne på så hadde og dei frilyndte ungdomslaga stor framgang i slutten av tjue og trettiåra, og sers mange av oss gjekk inn i dette arbeidet. Men dette hindra ikkje at me også samlast i kyrkje og bedehus, saman med born og eldre, der Guds ord blei forkynt som lov og evangelium. Gjennom dette som var nedlagt i barne- og ungdomssinnet tala Gud til meg mange gonger og på mange måtar framgjennom ungdomsåra, og eg var ikkje i tvil om at eg vandra på den breie vegen som førde til fortaping. Særleg tala Gud til oss gjennom krigen og all den gru som den førte med seg.

Då eg i jula 1942 tok mitt endelege standpunkt om at eg ville bli ein kristen, so var det ikkje på grunn av at eg hadde delteke på vekkingmøter eller anna åndeleg påverknad, - for det var lenge sidan eg hadde vore inn på eit kristent møte. Men Gud kalla til alle tider og når eg då hadde bestemt meg for at eg ville bli ein kristen, so var det med tanke på at eg ville halda mitt løfte til Gud, kva det so ville kosta. Dette gav eg òg til kjenne for mine tidlegare venner, som eg måtte forlata då dei ville gå sine egne vegar.

Men no fekk eg nye venner som òg hadde sitt mål i Himmelen, og me var mange som gjekk inn i arbeidet kvar på våre plassar, så langt det lèt seg gjera. Men det gjekk ikkje så lett sjølv om me fekk mange gode råd med oss på vegen. Me måtte lesa meir i vår Bibel, be meir, vitna meir for våre medvandrarar og vera meir til lys og salt. Alle desse vegane synest eg for min del å prøva, men di meir eg bad Gud om å reinsa mitt hjarta for synd og syndige lyster og las i min Bibel for å finna ei løysing på dette, di meir fekk eg sjå kva som verkeleg budde der inne i hjarta. Derimot vart det den einaste trøysta eg kunne finna, at eg var ikkje åleine som hadde det slik, og eg synest at eg levde eit liv som ikkje var verre enn andre sitt. Og dette kunne vel vera sant nok, men det gav ingen hjartefred. Og i åra frametter viste det seg at mange i venneflokket hadde det på same viset: - Me bygde opp vår eiga rettferdigheit, og levde på vår eigen bestemmelse, og mange trekte seg til slutt bort frå venneflokket.

Eg har tidlegare vore inne på korleis det gjekk med meg då eg kom til Valen på sommarskule, etter at eg i 14 år hadde trølla under Guds heilage lov. Eg bad og venta på at Gud måtte gjera noko i mitt hjarta så eg kunne få den same gleden i livet som eg forsto at sume av dei andre av vennene mine hadde. På sommarskulen møtte eg ein forkynnelse som verka til at eg mista alt det eg hadde arbeidd opp i meg sjølv. Eg måtte gjeva opp det heile. Dette var ei tung stund som eg aldri vil gløyma. Men då var det Gud fekk koma meg imøte, so eg fekk sjå inn i evangeliet. Ljoset vart sett på ordet om Jesus som kom til jorda for å frelsa ei fallen menneskeslekt. I Rom. 8,3-4 står det:

"For det som var umogeleg for lovi, av di ho var maktlaus på grunn av kjøtet, det gjorde Gud, då han sende sin eigen Son i syndigt kjøts likning og for syndi skuld og fordømde syndi i kjøtet, so kravet åt lovi skulde verta fullnøgt i oss, me som ikkje ferdast etter kjøtet, men etter Anden."

Her fekk Guds Ande kasta eit heilt nytt ljøs over meg og mitt liv. Eg som hadde streva med å leggja av synda, fekk no sjå inn i Jesu forsonande liv og frelsesverk på Golgata, der han avslutta med desse orda: "Det er fullført". I det same rivna forhenget i templet i to, - dette som tidlegare hadde stengt vegen inn til det høgheilage for syndarar som meg. Her fekk eg sjå inn i dette at også mine synder var med der på Golgata for snart to tusen år sidan. Og dei som tok imot Jesus gav Gud rett til å bli Guds barn. Dette ljøset sette Gud inn i mitt hjarta, og eg ville vera usann om eg ikkje vitna om at der var født noko nytt i mitt hjarta då eg fekk kvila i at det var nok det som Jesus gjorde. Det var dette som skapte ei glede og ein fred i mitt hjarta som vanskeleg kan tolkast med ord, og som eg måtte få dela med andre. Det viste seg òg at her var fleire der på Valen som fekk sjå seg fri ifrå det tunge trældomsåket som dei hadde bore på.

Vekkelsen var komen, - ei gåve frå Gud. Men då var det òg at striden kom, som eg gjennom dette har freista å taka fram. Memorandum'et som me sende til hovudstyret, og som hovudstyret aldri ville vera med på å taka fram i lyset, gjev eit trist vitnemål om striden. Her viste det seg klart at det var ein del av leiarane og nokre forkynnarar som tok opp kampen i HSH krins, og som seinare fekk full støtte i hovudstyret, trass i at dei fleire gonger stadfeste at det ikkje var noko å merka til teologien i forkynnelsen vår. Men dei sa me laga skilje i veneflokkane med å meina at alle måtte frelsast akkurat på same måte som oss for å bli godtekne. Til dette første vil eg gjerne få nevna at i min Bibel er der ikkje mange vegar som førar til eit gjenfødt kristenliv, men der står at vegen, i eintal, er smal og at få er dei som finn han, og "Den som har Sonen har livet, og den som ikkje har Sonen har ikkje livet."

Og til det siste vil eg gjerne få merka at vår godkjenning av andres sjelsliv har lite å seia for Gud. Men her ser me kor lett det er å lata autoritetane telja meir enn Ordet frå Gud. Men det har vist seg at dei som er frelst og gjenfødd til ei evig utløysing i Jesu Kristus, dei veit det, og vil snart koma til å finna samfunn med dei som har gått same vegen til frelse. Likeeins vil dei som ikkje går Ordets veg, også finna sitt samfunn. Lat oss derfor vera varsame her og lata Ordet få verka til utløysing av sanninga. Og lat oss lesa kva som står i Hebr. 13.7-9:

"Kom i hug førarane dykkar, som hev tala Guds ord til dykk! gjev akt på utgangen av deira ferd, og fylg so etter deira tru! Jesus Kristus er i går og i dag den same, ja til æveleg tid. Lat dykk ikkje føra vilt av mangfaldige og framande lærdomar! for det er godt at hjarta vert styrkt ved nåden, ikkje ved mat, som ikkje hev gagna dei som for med slikt."

Dette er vorte eit alvårleg ord for meg, og sikkert òg for mange andre av dei som ikkje lenger fekk arbeida i Misjonssambandet fordi at Ordet dei forkynte skapte strid. Ja, det var sant at vekkelsen som gjekk over bygdane våre i slutten av femtiåra og først i sekstiåra skapte strid i veneflokkane. Men Guds ord seier at der sanninga kjem inn, der blir det strid òg. Ja, lat oss stansa for ordet i Luk. kap. 12 og 13. Her ser me korleis Jesus talar til læresveinane og folket. I versa 12.49-53 seier Jesus:

"Eg er komen for å kasta eld ut yver jordi, og kor gjerne eg vilde at det alt hadde fata! Men eg lyt ganga gjennom ein dåp, og kor eg gruvar meg til det er gjort! Trur de eg er komen for å skapa fred på jordi! Nei, segjer eg dykk, men strid! Heretter skal fem i same huset liggja i strid med kvarandre, tri mot tvo og tvo mot tri, far mot son og son mot far, mor mot dotter og dotter mot mor, vermor mot sonekona og sonekona mot vermor."

Ja her legg ikkje Jesus skjul på at tida er vond og bed folket om at dei aktar vel på tidarteikni.

Det er no over 50 år siden den striden som her er omtala byrja. Mykje vondt har kome fram i dagen, og det ser ut som Satan går sin store seiersgang i alle samfunnslag og fråfallet sig inn over oss med stormskritt.

I Mat. 24,42 seier Jesus:

"So vak då! For de veit ikkje kva dag Herren dykkar kjem."

I dag er det ikkje ofta at ein møter folk som ventar på Jesus si atterkoma. Det òg stemmer med hans ord i Mat. 25,5 der det står:

"Då det drygde fyrr brudgomen kom, vart dei alle trøytt og sovna."

Her er bitre sanningar som lurar på oss alle. Men om tidene skifter så er Gud den same, ja til evig tid.

Eg har tidlegare vore inne på det me finn i våre historiske skrifter, (som Vårløysing) frå omkring forrige hundreårsskifte og i tida deretter. Der møter me Brandtzæg og Hope med sine medarbeidarar, som òg møtte motstand av den same fiende. Men dei sto på Ordet, og me kan i dag sjå den store velsigninga som Gud gav det norske folket gjennom dette. Dei fekk vera med å byggja opp eit stort misjonsarbeid, som ein stor del av det norske kristenfolket såg sitt kall i å vera med på.

Korleis ser dette ut i dag, hundre år seinare? Jau, etter som det går fram av både misjonsblad og dagsaviser, så har misjonane store vanskar med økonomien, sjølv om det norske folket aldri har hatt så gode økonomiske kår som i dag. Det same gjeld òg misjonærar til å senda ut på dei opne markene der dei no bed om hjelp. Dessutan veit me at her i dag også er mykje spørsmål etter ungdom som kan gå inn i teltmakartenesta ute på misjonsmarkene. Her ville det vera mykje å gjera for dei som har sin praktiske utdanning frå mange yrke. Men etter som det ser ut, så er her ikkje mange truande ungdomar som melder seg til teneste.

Her er mange spørsmål som ikkje er lette å svara på, men for meg ser det ut som den einaste redninga for det norske kristenfolket er ein gudgjeven vekkelse, der folket byrjar vakna for si synd. Kor lenge er det ikkje mellom kvar gong me høyrer at nokon har slike vanskar i dag? Og her er det vel ikkje tvil om at det er forkynninga som er den store årsaka til fråfallet.

Ungdomen av i dag slit ofte med eit bunde sjelsliv som verkar til at kallet frå Gud ikkje når fram til eit frigjort hjarta, eit hjarta som er født av Gud. Det gamle misjonssinnet er borte mellom oss, det er mykje av årsaka til at økonomien òg sviktar. Misjonsforeiningane får ikkje lenger ungdomen med, og må leggja ned etter kvart som dei gamle misjonsfolka døyr ut. Men Gud skje lov så er her enno ein del eldre folk att som testamenterar sine siste egedelar til Misjonen. Dette har til no vore til stor hjelp, men denne velsigninga er òg snart ute, på grunn av at denne generasjonen går bort.

Kvar finn me so årsaka til dette? Jau, mykje av forkynninga i dag fører ikkje til eit gjenfødt kristenliv. Ordet om det nye livet, omvendelse og gjenfødelse høyrer me ikkje mykje om i dag. Kor ofte er det i vår tid at nokon er komne i syndenød og treng hjelp? I staden har me fått inn ein nokså tvilsom song og musikk, drama o.a. I desse miljøa finn me ungdomen vår, som trur dei er på Herrens vegar. Dette opplever me no når kyrkja opnar for store konsertar, framført av kjende artistgrupper. Her er fullsette hus, og diverre ser det ut som mange av misjonsleiarane våre trur at dei kan vera med å bevare ungdomen vår gjennom dette miljøet.

Kva er so levande kristendom? Dette er eit spørsmål som ikkje er lett å svara på med nokre få ord. Men lat oss gå til Ordet, - til Jesus, og sjå kva han seier til dei som kjem til han. I Joh. 3 møter me Nikodemus som kom til Jesus om natta og sa:

"Rabbi, me veit at du er ein lærar som er komen frå Gud; for ingen kan gjera desse teikni som du gjer, utan Gud er med han. Jesus svara: Det segjer eg deg for visst og sant: Ingen kann sjå Guds rike utan han vert fødd på nytt."

Denne samtala som Nikodemus fekk med Jesus har òg mykje å gje til oss kristne av i dag, dette som me finn i Joh. 3.1-12. Nikodemus var ærleg, han kom til Jesus og erkjende at han forstod ikkje alt det han hadde sett og høyrte om han. Då er det at Jesus svara i v.3:

"Det segjer eg deg for visst og sant: Ingen kan sjå Guds rike utan han vert fødd på nytt."

Og i versa 5-6 står det:

"Det segjer eg deg for visst og sant: Utan ein vert fødd av vatn og Ande, kann han ikkje koma inn i Guds rike. Det som er født av kjøtet, er kjøt, og det som er født av Anden, er ånd."

I samband med dette å verta fødd av "vatn og Ande" so gjekk det klart opp for meg at dette med vatnet, peikar her klart på Ordet. Sjå òg i Es. 55.1-3. Her byr Herren alle dei tyrste til å koma å taka livsens VATN for inkje:

"Halla øyra hit og kom til meg. Høyr so skal dykkar sjel få leva."

Her synest eg at det gjekk klart opp for meg at vatnet, i samtala med Nikodemus, klart visar til Ordet. Her må me òg leggja merke til Jesus si samtale med den samaritanske kvinna i Joh. 4.10, der Jesus sa:

"Dersom du kjende Guds gåva, og visste kven han er, han som bed deg um drikk, so bad du han, og han gav deg levande vatn."

Og i versa 13-14 står det at Jesus sa:

"Kvar den som drikk av dette vatnet vert tyrst att, men den som drikk av det vatnet eg vil gjeva han, vert aldri tyrst meir; for det vatnet eg gjev han, vert i han til ei kjelda med vatn som vell upp til æveleg liv."

Men i dag er det nok mange som byggjer vidare på den gjenfødelse dei fekk i sin

barnedåp, og med litt kyrkje- og nattverdgang fram gjennom livet, så reknar dei med å tilfredsstillast Gud. Dette må vel vera å gå på den breie vegen, som Bibelen talar om? og der står det at mange går på han. Eg veit at mange meiner at eg går for langt og fordømer alt. Det var ikkje mi meining, men ville gjerne freista visa til sanninga, slik som Ordet framstiller henne.

Det skulle vel heller ikkje vera ukjent at her har vore, og er, mykje forkynning som fører menneskene fram til eit standpunkt: Å taka imot Jesus som sin frelsar. Dette er eit standpunkt som ingen kjem forbi, men her er det at det ofte stansar. Ein kjem ikkje lenger og det verkar som ein vaksine mot ein sann omvendelse og gjenfødt kristenliv. Dette kom klart fram under krins-årsmøtet i Øystese, som eg tidlegare har vore inne på. Her greip gamle misjonær Staurseth inn under gudstenesta sundagen. Med ein sterk irettesettelse og eit spørsmål direkte til leiarane om forkynninga frå kvelden før, sa han: "Dere er åndelige jordmødre, som forserer fram fødselene, men hvor er fedrene? "

Ja, det var eit brennaktelt spørsmål! Kor var fedrane som kunne hjelpe alle desse ungdomane og andre søkjande sjeler som gjekk rundt og hadde det vondt? Kor var dei? Men nett på dette årsmøtet var det at nokre av leiarane som gjekk offentleg til angrep på nokre av forkynnarane i krinsen. Dei meinte dei reiste rundt og skapte uro i veneflokkane. Men nett desse forkynnarane var det Gud hadde brukt til å bera fram ein bodskap som sette mange av oss i fridom, - til eit gjenfødt liv i Guds forsonande frelsesverk.

Dei arbeidarane som fekk hjelpe, og likeeins dei som vart hjelpte, vart etter dette rekna som vranglærarar og dømesjuka. Leiinga i Misjonssambandet gjorde alt dei kunne for å få dei bort, for dei splitta samfunnet. Dette vart nok òg ei kjensgjerning. Og splittinga auka i omfang etter kvart som hovudstyret sende ut sine åtvaringar til leiarar og misjonslag, som forstod lite av kva dette gjekk ut på. Misjonssambandet motarbeidde vekkinga som var komen i gang, fleire plasser på Vest- og Sørlandet ved deira eigne forkynnarar. Det merkelege er at hovudleiinga i Misjonssambandet mange gonger har gjeve uttrykk for at det ikkje er teologien eller bodskapen det er noko gale med, men verknaden.

Med det som tidlegare er framteke her, vil det vel syna seg klart at det var leiarane som tok opp denne kampen mot oss som fekk sjå oss frelste. So står spørsmålet der: Var det menneskeleg sviakt, eller Gudsordet dei forkynte, som var grunn til striden? I Guds ord ser me at der Jesus med si sanning ikkje fekk plass, der vart det strid. Dette ser me i Jesus sine eigne ord som er å lesa hjå Luk. 12.51-53. "Trur de eg er komen for å skapa fred på jordi! Nei, segjer eg dykk, men strid!" Ja, i dei fylgjande versa ser me òg sanningar som mange av oss har fått smaka med såre verk. Og likeeins kan me taka for oss heile det 13. kapitlet hjå Lukas. Dette var Jesus sin tale til folket den gong, og eg trur sikkert dette er noko som me i dag også burde gje plass i våre hjerter, - for vegen saman med Jesus er smal!

Av det som seinare har kome fram gjennom brev og aviser, så har det avklara seg litt, - etter kvart som skilnaden i det åndelege synet har kome fram. Den gamle vekkingforkynninga, som førde folket i sjelenød, slik at dei kom att fordi dei måtte få høyra meir, er for det meste borte mellom oss i dag. Det ville nok vera urett å seia at vi ikkje har mykje god forkynnelse iblant oss i dag òg, men det ser diverre ut som det ikkje når forsamlinga.

Det ubibelske synet på arbeidsmetodar, omvendelse og gjenfødelse er sikkert større enn nokon av oss anar i dag. Det livssynet som NLM ser ut til å stå for kom klart fram under og etter Mission '87 i Nederland. Den nye songen og musikken vert meir og meir teken i bruk og sett under forsvar av leiarane våre. Dei gamle, gode og åndelege sangar og salmar ser det ut som dei ikkje har bruk for lenger.

Likeins blir det meir og meir uforståeleg med dei grensestolpane og publikasjonane som er tekne i bruk mot Lekkansmisjonen. Samstundes som det mange gonger vart stadfesta at NLL fører den same teologi som NLM, så ville aldri hovudstyret vera med på å taka fram i lyset dei skuldingane som kom til Krinsstyret i HSH frå namngjevne leiarar i krinsen. Visar her til memorandum som er teke med tidlegare.

Og det som har sårå mest i striden no, er det som går fram etter krinsmøtet i Namdal. Der visar det seg at leiarane frå hovudstyret legg fram dei same forslaga, for å verta kvitt arbeidarar no, som dei gjorde i HSH for 30 år sidan. Dette stadfestar då at hovudleiinga står på det same grunnsyn som i 1963. Det er sårt å sjå fruktene av dette. Her lyt eg stilla spørsmålet til hovudstyret: Er det den bitre rota som enno får næring? Og vil de framleis vil halda grensestolpane oppe?

I ein av dei siste artiklane frå Namdal (sjå framanfor) var var der ein eldre mann som hadde fylgt med i striden. Han gjorde det klart at striden som braut ut for 30 år sidan, ikkje gjekk på teologi, men på eit personleg plan. Og her var det gjort mykje gale av dei som braut ut, men det blei òg gjort mykje gale av oss. Kanskje er det me som som bør ta initiativet og be dei som me kjempa mot om tilgjeving, sa han.. Han var også inne på at hvis det enno var nokon som stod med steinen i handa, så ville han anbefala at dei slepte steinen. Her peika vedkomande på korleis Jesus møtte farisearane og dei skriftlærde når dei hadde kome over ei kvinne som levde i openbar synd, (Sjå Johs. 8.3-11) og som etter Guds eigen lov var dømt til døden. Korleis møtte Jesus dei? Jau, den som var rein, kunne få kasta den første steinen. Då drog dei seg undan alle, dei eldste fyrst. Då spurde Jesus:

"Kvar er dei, kona? Hev ingen felt domen yver deg? Ingen, Herre, svara ho. So dømer ikkje eg deg heller, sa Jesus. Gakk heim, og synda ikkje meir!"

Eg veit av eiga røynsle at det er ikkje lett å erkjenna at ein har teke feil, men her må me rekna med at her er ein som ser inn i hjarta til den enkelte av oss. Likevel kan me koma bort i situasjonar i likheit med bonden, som hadde leigt ut hjortevealet sitt til ein framand: Den fyrste dagen skulle han vera med å visa kva som var hans eigedom. Dei tok ut alt i grålysinga og hadde ikkje gått så langt før dei fekk sjå eit stort brunt dyr borte i skogen. Dei vart snart samde om at dette måtte vera ein stor kronhjort. Den måtte dei sikra seg, og dei skaut. Men då dei kom bort til dyret, viste det seg at det var hesten til bonden dei hadde skote.

Dette var beint flaut for dei b  ! Kva skulle dei gjera? Jau, so kom dei p   ein god id  , - dei skulle grava hesten ned og ikkje seia det til nokon. Og so vart gjort. Men det h  yrde   g med til soga at det var ikkje s   lenge f  r det sto    lesa i lokalavisene om hjortejegrane. Ja, hesten vart graven ned, og det vart eit tap for b  de jeger og bonde. Sanninga l  t seg ikkje skjula, og slik er vel   g r  ynslane blitt for begge partar i dette som eg her har drege fram i ljoset. So er det berre Herren som veit kor mange som ligg att p   slagmarka i denne striden. Me kan ikkje nekta forat det snik seg synd inn i mellom oss kristne   g, og d   er det lett    koma i same stilling som bonden: Han var med og felte hesten, sin kj  re ven og medarbeidar.

I tankel  ysa og i frykt for konsekvensane som kan oppst   mellom gode medarbeidarar o.a., vert det diverre ofte gjort mykje for    skjula synd. Dette veit me er eit av Satan sitt store m  l:    f  ra oss truande ut i synd, og skapa splid mellom kristne br  r. Dette er ein ting som me er velkjende med ogs   i v  r vesle organisasjon (NLL), og det er vel ingen av oss som ikkje er klar over at nissen blei med p   flyttelasset. Men me har ingen annan veg    g   med dette, enn til Herren, som har vore god imot oss. Og so st  r me her sp  rjande om kva Gud vil oss gjennom alt dette?

Det er ikkje underleg at Peter i sitt fyrste brev, tri gonger minnar om    vera edrue. I kap. 5.8 st  r det:

"Ver edrue, vak! Dykkar motstandar djevelen gjeng ikring som ei burande l  va og s  kjer kven han kann gl  ypa."

Ja, f  ren er kanskje ikkje st  rst n  r han kjem som ei burande l  va. Men han kjem ogs   som ein lysets engel s   mang ein gong, og er d   kanskje verre    oppdaga i fyrste omgang. Vidare seier Peter i sitt fyrste brev 4.7:

"Men enden p   alle ting er komen n  r. Ver difor vislege og edrue s   de kann beda."

Dette    vera vislege og edrue i b  ni, er   g ting som me gjerne kan leggja kvarandre p   minnet i desse vonde tidene som me lever i, ogs   her i v  rt kristne Norge.

Lat oss sj   kva som st  r i 1.Sam. 3.1 der det er fortalt om at

"guten Samuel tente no Herren for augo   t Eli. Herrens ord var dyrt i dei dagane, og syner var det ikkje mange av. So var det ein gong medan Eli l  g og sov i romet sitt - augo hans hadde teke til    dimmast, so han ikkje kunne skilja, og Guds lampa hadde enno ikkje slokna, og Samuel sov i Herrens heilagdom, der Guds kista stod -"

Her i det fylgjande ser me korleis Herren openberra seg for guten Samuel, so han m  tte g   til   vstepresten Eli med dei ord som Herren tala til han. Eli forstod at Herren tala til han gjennom Samuel, og at han hadde f  tt den profetiske g  va av Herren. Samuel fekk vera til mykje velsigning for sitt folk Israel.

Men d   Samuel vart gamal sette han s  nene sine til domarar over folket. Dei gjekk ikkje i dei same fotefar som han hadde gjort; "dei s  kte berre sin eigen bate og tok mutor og rengde retten."

Dette fann ikkje folket seg i og kom med krav om at dei ville f   seg ein konge, - dei   g, likesom dei andre nasjonane. Dette var vondt for Samuel. Men Herren sa til han at han skulle lyda folket i dette, og i 1.Sam. 8.7 st  r det:

"For det er ikkje deg dei hev vanda; det er meg dei hev vanda og ikkje vil hava til

konge yver seg"

Vidare utover ser me korleis Herren hadde kåra Saul til konge og Samuel leia han etter Herrens ord. Men so kjem me til 1.Sam. 15. Les dette kapitlet i din Bibel. Her får me sjå inn i korleis Herren set Saul på prøve. Denne prøva makta ikkje Saul. I versa 10-11 står det:

"Då kom Herrens ord til Samuel, og det lydde so: Eg angrar at eg gjorde Saul til konge; for han hev vendt seg burt frå meg og ikkje halde seg etter mine ord."

Etter dette står det at Samuel vart harm og ropa til Gud heile natta, og dagen etter tok han ut og ville gå til møtes med Saul. Men då fekk han

"spurt at Saul var komen til Karmel og hadde reist seg eit minnesmerke der; so hadde han snutt og fare nedetter til Gilgal. Då Samuel kom dit han var, sa Saul til han: Velsigna vere du av Herren! Eg hev halde meg etter Herrens ord."

Her ser me klart korleis Saul var klar over si synd og sitt fall. Men då han møtte Samuel, brukte han fine ord og usanning for å skjula det han hadde gjort.

Dette er velkjende situasjonar for oss menneske. Men det står ikkje for Gud. Det er tungt å sjå korleis det gjekk vidare på Saul sin veg.

Desse sanningane var det som møtte oss på det velkjende Lundenesmøtet i 1962, der styre og arbeidarane i HSH var samla til møte med to av hovudstyret sine reperesentantar. Der fekk erkjenninga gå oss til hjarta, og me fekk alle eit møte med Gud. Ei stund, som alle dei som var til stades, vil hugsa så lenge me lever.

Men diverre så var det ikkje alle i hovudstyret som ville vera med på Lundenesmøtet. Og då saka vår blei lagt fram for eit samla hovudstyre, so var det vel kanskje ikkje så vanskeleg å lesa mellom linjene i rapporten me fekk etter møtet, at her enno var skjær i sjøen. So var det stille hjå oss heilt til ut på hausten, då det vart inkalla til eit stort arbeidarmøte på Tryggheim, og her var det få av våre folk med. Men her vart det frå hovudstyret si side lagt opp til ein hardare kurs. Her møtte dei med ferdigskriven konklusjon og krav om at hovudstyret no måtte vera sitt ansvar bevisst og ordna opp i denne saka. Dette var òg framføre i ei slik ånd at mange forlét møtet, og resolusjonen vart til slutt einstemmig godkjend av møtedeltakarane som var att.

Etter dette vart alle me i HSH kalla inn til eit nytt møte i Haugesund i januar 1963. Der vart me møtte med den same harde linja, samt ein resolusjon som no var einstemmig godkjend av dei øvrige instansane i Misjonssambandet.

Etter dette var det klart for oss at det ikkje var plass for oss i Misjonssambandet lenger. Dette fekk me ytterlegare bekrefte då Vågen møtte opp på HSH sitt årsmøte i Norheimsund i 1963. Her vart styre og alle arbeidarane som ikkje var slutta, bedne opp på eit av heradet sine kontor. Her kom Vågen inn og las opp den endelege resolusjon og vedtak frå eit einstemmig hovudstyre. Dette dokumentet har eg ikkje gjort noko for å finna, men det er nok å finna i hovudstyret sitt arkiv.

Men eg vil ikkje her unnlata å nemna at den dagen synest me alle hjarteleg synd i Tormod Vågen, for han var tross alt ein av våre eigne, som me var glade i, og som kom så vondt ut i alt dette.

Dette årsmøtet vart vel òg klimaks i striden, for no kom her nye folk i styret. Og som

tidlegare nemndt så trekte styret i Hardanger Fellesforeining seg frå samarbeidet med krinsen.

Dette var for oss alle ei vond tid, og eg vågar å hevda at Satan gjekk av med mang ein seier på b e sidene i striden. Og sp rsm let st r der enno ubesvart: Skal Guds medarbeidarar ha det slik?

Her er no 38  r sidan eg og mange med meg m tte kritikken for v re vitnem l om at me hadde f tt sett oss frelste i Jesus sitt forsoningsverk  leine, slik at me kunne syngja med stort frimod, etter Lina Sandell :

Forsoninga er vunnen
i Jesu Kristi blod,
Til meg fr  korset
freden hans er floten.-

Dette vitnem let kan eg aldri g  attende p , og det er mitt faste ynskje at eg m  f  veksa i n de og kjennskap til min Herre og Frelsar, og at eg enno kan f  vera med   bringa denne budskapen til mange fleire, b de ute og heime.

Etter dette er det s  mi b n til Herren, at desse "grensestolpane" som NLM har sett opp mot NLL, m tte bli revne ned, og at me kunne leva som br r i Herrens teneste, for sjelar si frelse. F r Jesus forl t sine l resveinar, sa han:

"Eg er det sanne vintreet, og Far min er vingardsmannen. Kvar grein p  meg som ikkje ber frukt, tek han burt, og kvar som ber frukt, reinskar han, so ho skal bera meir frukt." Og so m  det vere v r felles b n at me f r vera ein slik vinkvist, som vingardsmannen f r reinska, - so det kunne verta meir frukt.

NORMALISERING

Med dette var det min tanke å slutta av dette dokumentet. Men for nokre dagar sidan, kom eg over ein artikkel i Vårt Land, skriven av Martin Eikeland den 22. september 1995 etter intervju med generalsekretær Egil Grandhagen i NLM. Dette gledde meg mykje, så eg kunne ikkje finna noko meir gledeleg opplysning til min avslutning. Artikkelen lyder slik:

Misjonssambandet og Lekmannsmisjonen normaliserer forholdet.

Det er slutt på isfronten mellom Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM) og Norsk Luthersk Lekmannsmisjon (NLL). Nå skal forholdet "normaliseres".

Siden 1963 har forholdet mellom Misjonssambandet og Lekmannsmisjonen var svært betent. NLL oppstod etter en strid i NLM Flere lokale NLM-ledere forlot organisasjonen, og dannet Lekmannsmisjonen.

Tidligere generalsekretær Birger Breivik i NLM forklarte i Vårt Land i 1991 litt om hva striden gikk ut på: "De forkynnere som gikk ut hadde et klart og sikkert syn på både forsoning og frelse. Det striden dreide seg om, var at enkelte forkynnere skisserte et bestemt mønster for hvordan omvendelsen skulle skje. Man måtte oppleve omvendelsen akkurat på denne måten hvis man skulle regne seg som en kristen".

I forbindelse med at NLL innledet et misjonsarbeid i Arequipa i Peru, der også NLM arbeider, ble det naturlig med samtaler mellom Misjonssambandets ledelse og ledelsen i Lekmannsmisjonen. Etter et møte på NLMs kontorer i november 1994, sendte Egil Grandhagen ut et "hyrdebrev" til sine kretssekretærer, der han fortalte om situasjonen. I dette brevet maner han til normalisering av forholdet til Lekmannsmisjonen. - Misjonssambandet ønsker et avslappet forhold til Lekmannsmisjonen.

"- Fra vår side ønsker vi på ingen måte å bidra til at frontene blir skarpere. Vi ser det tvert imot som ønskelig at forholdet til NLL kan normaliseres der situasjonen er moden for det lokalt," skriver Grandhagen.

- Vi vil forholde oss til Lekmannsmisjonen som til venner. Vi ønsker å ha et normalt forhold, vi vil opptre på en avslappet og tillitskapende måte, sier Egil Grandhagen til Vårt Land. Han medgir imidlertid at det lokalt fortsatt er dype sår etter striden på begynnelsen av 1960-tallet, og at han derfor har forståelse for at enkelte innen NLM har problemer i forhold til NLL.

- Her er det imidlertid ikke snakk om formalisert samarbeid eller sammenslåing. Men lokalt i Norge og ute på misjonsfeltet i Peru er det viktig at vi kan ha åpne og gode kanaler oss i mellom, sier Egil Grandhagen. (Sitatslutt)

Dette var for meg ei gladmelding, og samstumdes eit bønneemne om at denne meldinga kunne kome ut til grasrota i folket vårt, og at ikkje nokon av oss freista å dra oss unna Ordet sine sanningar, men lata Ordet om synd og nåde få plass i forkynnelsen også blant dei unge. Leik og moro frelser ingen. Les Herrens ord i profeten Jeremias 6. 13-16. I det

siste verset står det:

"So sa Herren: Statt på vegane og sjå etter, og spør etter dei gamle stigane, spør kvar vegen til det gode er, og ferdast på den! So skal de finna kvild for sjelene dykkar. Men dei sa; Me vil ikkje ferdast på han."

Lat oss ikkje gløyma at Gud er ein øyande eld over all synd.

So vil eg då til slutt få minna om Jesus sine eigne ord i Matt. 9.36-38:

36. Og då han såg folkehopen, tykte han hjarteleg synd um dei; for dei var ille medfarne og nedforkomne, som ein saueflokk utan hyrding.

37. Då sa han til læresveinane sine: Grøda er stor, men onnefolki er få.

38. Bed då han som eig grøda, at han vil senda arbeidsfolk til å hausta inn grøda si!